



**Høgskulen
på Vestlandet**

MASTEROPPGÅVE

Deltaking og samhandling på eit gatelag

Bergen

Jacob Hystad

Master i Samfunnsarbeid

Avdeling for helse- og sosialfag

Vegleiar: Helge Folkestad

Innleveringsdato: 15.06.2017

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldehenvisningar til alle kjelder som er nytta i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.*

Forord

Denne oppgåva er først og fremst gjort mogleg av spelarar, trenarar og apparatet rundt gatelaget som tok imot meg med opne armar og ope sinn,- inn i dykkar fellesskap og lærte meg meir om deltaking og fellesskap. De tolererte mine bomskot føre ope mål, så vel som tunnellar eg sette på dykk. Tusen takk!

Eg ynskjer også å retta ei stor takk til min vegleiar, Helge Folkestad, førsteamanuensis dr.polit. ved Institutt for sosialfag og vernepleie ved Høgskulen på Vestlandet. Du har utfordra meg kritisk, både fagleg og språkleg, og har alltid vore enkel å få tak i ved behov. Eg vonar du får ei god tid som pensjonist!

Elles vil eg takka morfar Svein, bror Joar og mor Lise for korrekturlesing og hjelp til språkvask. Ei stor takk også til mormor Dagmar for nydelege middagar og gode, støttande samtalar undervegs i det som har vore ein hektisk periode. Eg set også stor pris på pappa Ole Jacob og bror Bendik, og Britt Kristine for å ha vore på mitt lag heile vegen.

Bergen, juni 2017

Jacob Hystad

Samandrag

Fotballstiftelsen er ein organisasjon som er oppretta på tvers av eliteseriekubbane i norsk fotball. Fotballstiftelsen står for oppretting av dei såkalla gatelaga. Det er fotballag tilhøyrande eliteseriekubbane, og som består av menneske med utfordringar knytt til rus. Her skal deltakarar få kyndig vegleiing i fotballfaglege aktivitetar, og tilgang på materielle ressursar som trengs på eit fotballag.

«Deltaking og samhandling på eit gatelag» er ei kvalitativ studie som baserer seg på deltakande observasjon på eit av desse gatelaga. Studien handlar om blant anna vilkår for

sosial deltaking, og tek utgangspunkt i ulike teoriar frå samfunnsarbeid. Følgande problemstilling har vore utgangspunktet for studien:

Korleis tek deltaking og samhandling på eit gatelag form og held fram?

Funna i studien visar at det er fleire sider av deltaking innanfor dette fellesskapet. På ei side er det ein gruppementalitet som går ut på å verna om kvarandre, og verdiar som tillit, kameratskap og samhald står sterkt hjå spelarane. Fleire spelarar er også stolte av å vera tilknytt klubben gatelaget høyrer til. På ei anna side er det somme situasjonar som trugar verdiane spelarane hevdar dei står for. Det å vera tilknytt klubben og klubbens fellesskap, krev i tillegg disiplin av spelarane.

- Jacob Hystad
- Høgskulen på Vestlandet

Summary

Fotballstiftelsen is an organization across the top-level football clubs in Norway. The organization has created what they call Street Teams (gatelag). These are football teams belonging to the top clubs, and consist of people with personal challenges due to drug addiction. Here, participants will get expert guidance in the sport and access to material resources needed on a football team.

“Participation and interaction on a Street Team” is a qualitative study, based on participatory observation in one of this Street Teams. The study is about terms for social participation, and is based on different theories in Community Work. The research question for this thesis is:

How does participatory and interaction on a Street Team evolve and progress?

The findings in this study shows different sides of participation inside this community. On one hand, there is a group-mentality that tells the players to cherish each other, and values like trust, friendships and unity is held strong by the players. Many of the players is also proud to be a part of the Football Clubs community. On the other hand, there might sometimes be situations that threatens these values the players claim to hold. To be a part of the Football Clubs community also requires discipline of the players.

- Jacob Hystad
- Western Norway University of Applied Sciences

Oversyn

Forord	1
Samandrag	1
Summary	2
Innleiing	4
Bakgrunn for mitt val av tema	5
Generelt om gatelag og lågterskeltilbod	5
Med deltaking som føresetnad	7
Oppgåvas oppbygging.....	8
Metode	8
Utval.....	9
Teoretisk ståstad.....	9
Deltakande observasjon – oppgåvas design	10
Førebuing	11
Problemstillinga for oppgåva	12
Kontaktetablering.....	13
Etiske vurderingar	14
Strategi for produksjon av datamateriale	16
Analysearbeid.....	18
Gyldigheit og pålitelegskap.....	19
Evaluering	21
Samhandling og fellesskap	22
Eit fellesskap i ei tid der folk driv med sitt	23
Eit kritisk medvit og dialogens rolle	26
Teamwork	28
Med humor som verktøy	30
Temperatur og spenningar.....	33
Det kollektive gatelaget	36
Oppsummering.....	38
Symbolikk og identitet	38
Stadens påverknad.....	39
Med klubben som ein del av identiteten	42
Drakta: noko meir enn berre eit klesplagg?	44
Sosial kapital	46

Det store fellesskapet	48
Det vesle fellesskapet.....	50
Oppsummering.....	52
Dialogiske tema på gatelaget	53
Rus	54
Fotballpreik	59
Oppsummering.....	62
Reglar og sanksjonar	63
Reglar på gatelaget.....	64
Kva skjedd då reglar vart brote, og normer sete på prøve?	67
Oppsummering.....	72
Avrunding	73
Kva lærde eg om deltaking og samhandling?	74
Kva veit eg om gatelaget no?	78
Oppsummering.....	80
Vegen vidare	81
Referanseliste	83
Vedlegg 1: Informasjonsskriv	87
Vedlegg 2: Svar frå samfunnsansvaravdelinga i klubben.....	88
Vedlegg 3: NSD-skjema	89

Innleiing

Denne oppgåva handlar om deltaking og samhandling på eit fotballag. Laget som kallast eit gatelag, høyrer til ein eliteserielubb. Dei er eit av i alt tretten forskjellige gatelag i Norge. To gonger i veka gjennom heile året, samlast dette gatelaget for felles frukost, fotballtrening og lunsj. Treninga består av seksti-nitti minutt av tekniske, taktiske og samansette fotballaktivitetar. Laget har totalt tre trenarar, der ein eller to som regel er til stades for å leia treningane. To av desse tre har erfaring frå nasjonalt og internasjonalt toppnivå som fotballspelarar sjølv, og sit på sterk fotballfagleg og sportsleg kompetanse. Fotballaget dei no trenar, og laget eg har skrive om, består av tolv-femten deltakarar. Det omfattar personar i aktiv rus, personar som er under rehabilitering, og personar som har vorte rusfri (Fotballstiftelsen, 2016). Alle desse personane har til felles ei interesse for fotball, samt at dei har utfordringar knytt til rusproblematikk. Nokre av spelarane er i arbeid eller arbeidstrening. Gatelaga er

underlagt Fotballstiftelsen, som er ein organisasjon på tvers av eliteseriekubbane i norsk fotball. Tiltaket er finansiert både av offentlege og private aktørar. Fotballstiftelsen vart formelt stifta i 2015 (Fotballstiftelsen, 2016).

I dei komande tekstane har eg forsøkt å visa til opplevingar, observasjonar og handlingar, og setja desse inn i ulike kategoriar. Eg har forsøkt å få fram analytiske poeng undervegs i teksten, for å unngå ei «oppopping» av dette til slutt. Tanken har heile tida vore at lesaren skal kunna sjå døma eg har visa til, direkte i ein vitenskapleg og fagleg kontekst. Dei analytiske poenga har eg kome fram til ved hjelp av ulike sosiale teoriar, med røter i ulike spesifikke samfunnsvitenskaplege fag som til dømes sosiologi, sosialantropologi og samfunnsarbeid. Alt dette skal svara på problemstillinga mi som lyder:

Korleis tek deltaking og samhandling på eit gatelag form og held fram?

Bakgrunn for mitt val av tema

Idrett og fysisk aktivitet har ein forholdsvis stor posisjon i det norske samfunnet. Sjølv har eg alltid vore interessert og oppteken av idrett, både som utøvar og tilskodar. På vidaregåande gjekk eg idrettslina, og eg har også idrett grunnfag på høgskulenivå. Eg har dog ikkje spela fotball aktivt sidan eg var ca. femten år, og er heller ikkje noko ihuga fotballfan. Uansett har eg vorte fascinert over fotball som eit internasjonalt fenomen, og eg såg det som særst spanande korleis fotballen kunne ha ei rolle i sosial deltaking, sosialt arbeid og samfunnsarbeid. Då eg var gjort oppmerksam på gatelaga, ville eg finna ut korleis dette kunne sjåast i eit samfunnsarbeidsperspektiv. Min posisjon i dette prosjektet var som samfunnsarbeidsstudent, og altså ikkje med eit idrettsfagleg perspektiv. Mitt idrettsfaglege perspektiv har uansett vore til stades bevisst og ubevisst, under arbeidet med denne oppgåva.

Generelt om gatelag og lågterskeltilbod

Gatelaget er eit lågterskeltilbod for menneske med utfordringar til rus. Helsedirektoratet skriv blant anna at lågterskeltilbod bør vera eit tilbod som gir direkte hjelp utan tilvising, er lett tilgjengeleg, tilbyr vegleing for vidare tiltak, har personell med kompetanse, høg grad av brukarmedverknad og eit tilbod for dei utan betalingsevne. Vidare ligg føringar om at lågterskeltilbod skal stå fram som: «Et synlig, tydelig, hensiktsmessig og tillitsvekkende sted for innbyggerne å benytte» (Helsedirektoratet, 2008:11). Altså vert det presisert at det skal vera enkelt å nytta seg av. For å forstå den sosiale samhandlinga i denne konteksten, var det naudsynt for meg å forstå nokre sosiologiske og sosialteoretiske perspektiv bak kven som utgjer gruppa

som kan nytta seg av tilbodet til Fotballstiftelsen. For det er som nemnd slik at det ligg visse retningslinjer til grunn for kven som kan delta.

Nokre tilfelle førte til at gatelag for menneske med rusutfordringar er vorte eit tilbod i fleire større og mindre byar i Norge. I ein reportasje i Aftenposten fortel leiar i FERD-konsernet, Johan H. Andresen, om eit møte med ein skotte under ei messe i Davos. Skotten fortalte Andresen om eit fotballmesterskap (les: Homeless Worldcup) for heimlause, og korleis dette hadde vorte ein internasjonal suksess. Andresen hadde undra seg over korleis FERD kunne bidra med noko liknande for menneske i potensielt sosialt utsette posisjonar i Norge (Bugge, 2016). Vidare førte tilfelleghetar til at Andresen og Morten Nyborg traff kvarandre då førstnemnde var på Nyhetskanalen på tv2 for å snakka om sosialt entreprenørskap. Nyborg hadde engasjert seg tungt i Fotballstiftelsen og hadde planar om å oppretta gatelag i ulike fotballklubbar i Norge. For å få til dette hadde han trengt økonomiske støttespelarar, og vanda seg til Andresen og FERD. Etter eit kort møte mellom dei to var eit handtrykk faktum, og ein sum på 750 000,- skulle gå uavkorta frå FERD-konsernet til å etablera det som skulle bli eit gatelagsprosjekt i Fredrikstad Fotballklubb. Og slik vart dette gatelaget starten for dei tretten gatelaga som i dag eksisterer under Fotballstiftelsen (Bugge, 2016).

Det er gjort undersøkingar på lågterskeltilbod *for rusavhengige* i Norge. I 2008 publiserte Sintef Helse ein rapport på bestilling frå Sosial- og helsedirektoratet. I 2008 var det 34 kommunar som sidan 2001 hadde oppretta lågterskeltilbod med tilskot frå staten. Rapporten skulle svara på korleis innhaldet og organiseringa var, korleis brukarane opplevde tilboda, og i kva grad tilboda fungerte som bindeledd mellom brukar og øvrig hjelpeapparat. Det vart sendt ut spørjeskjema, og det vart gjort intervju med ulike fokusgrupper. 33 lågterskeltilbod vart evaluert i rapporten (Sintef Helse, 2008: 57-58).

Vidare i rapporten kjem det fram at flest menn hadde nytta seg av tilboda, og ca. 70 prosent av alle som nytta seg av tilboda, hadde vore innlagt på behandlingsinstitusjonar. Dei fleste var nøgd med tilboda si geografiske plassering, men ynskja seg utvida opningstider. Mange hadde nemna det sosiale aspektet som svært viktig for at dei hadde returnert til tilbodet. Det å treffa andre med rusutfordringar, og å alltid kunna få ein samtale, var viktig for brukarar (Sintef Helse, 2008: 127-129).

Det er også gjort ei undersøking på gatelaget som er tilslutta Fredrikstad Fotballklubb. Ei bacheloroppgåve frå studentar på Høgskulen i Østfold var utgangspunktet for ein rapport kalla: «En for alle – alle for en! Et tiltak for å redusere sosial ulikhet i helse for rusavhengige i

Fredrikstad». Problemstillinga for undersøkinga var: «Hvilke opplevelser har spillerne hatt av å delta på FFKs gatelag?» (Høgskolen i Østfold, 2012:8). Hovudfunna viste at spelarane hadde positive opplevingar knytt til deltaking på gatelaget. Auka meistringskjensle og ein konstruktiv kvardag var noko av det som kom fram i analysen av undersøkingane.

I mi undersøking har utgangspunktet vore å finna ut kva som faktisk skjer på eit gatelag. Eg har teke utgangspunkt i objektive observasjonar og forsøkt å danna eit bilete av dynamikken i dette fotballaget. Forhåpentlegvis vil det fortelja noko om kva som truleg bind det heile saman.

Med deltaking som føresetnad

Då det er vilkåra for deltaking og samhandling eg har undersøkt, kan eit godt utgangspunkt vera å sjå på kva som kan meinast med deltaking i eit samfunnsarbeidsperspektiv. Arnstein (1969) har utforma ein deltakingsstige. Den startar i botn med det ho kallar manipulasjon (manipulation), og går gradene til topps der ho snakkar om borgarkontroll (citizen control). Stigen visar ei gradering med aukande grad av påverknad, og såleis ei reell deltaking på topp. Ei anna beskriving av deltakingsstigen til Arnstein, har Norsk Form (2010:8) gitt i «Barnetråkk: veileder 2010», der dei kallar første steg «offentleg ettersyn», og siste steg for «sjølvråderett». Stega i mellom går via informasjon, høyring, dialog, aktiv deltaking og medbestemming. Deltakingsstigen til Arnstein er i stor grad egna for å sjå deltaking i eit større samfunnsperspektiv, men også innanfor mindre og meir avgrensa sosiale settingar vil den vera til hjelp for å forstå deltaking som ein dynamisk prosess.

Dei nedste stega på denne stigen utfordrar deltakingsomgrepet. Ifølge Folkestad og Sudmann (2015:14) vil deltakingsomgrepet generelt kunna gi: «Et løfte om innflytelse, kan framstå som et deliberativt alternativ til paternalisme, og gir løfter om styrking av egen posisjon i form av empowerment». Altså er deltakingsomgrepet så vidt og breidt, at det på eine sida av Arnsteins skala kan forståast som ei form for tvang eller makt, og i den andre enden sjølvstende og råderett. Aktivitetsomgrepet vil på si side kunna sjåast som plikter om bestemte formar for fysisk aktivitet, kanskje i henhald til kommersielle interesser kontra kvardagslege aktivitetar. Altså kan deltaking og aktivitet med eit kritisk blikk, sjåast som ei ny form for tyranni (Folkestad & Sudmann, 2015:14). Deltakinga er eit sentralt tema i heile oppgåva. Med blant anna Arnsteins deltakingsstige i bakhovudet, har eg også prøvd å sjå nokre samanhengar mellom den deltakande praksisen på gatelaget, og deltakande praksis i samfunnet elles.

Oppgåvas oppbygging

Metodekapitelet vil vera ein naturleg start, då det fortel noko om prosessen og planlegginga fram til der eg står i dag. Eg vil gjera reie for bakgrunn for val av metode, og kvifor eg meina dette valet var eigna for å belysa problemstillinga mi. Etter metodekapittelet vil oppgåva sitt mest generelle, og også det største kapitelet koma. Her visar eg til diverse episodar som kan teikna eit overordna bilete av samhandlinga og samhaldet på gatelaget. Dette kapitelet tek meg vidare til eit kapittel om symbolikk og identitet. Her skildrar eg korleis gatelaget knyt seg opp mot bruk av symbolikk, som var eit resultat av klubben gatelaget høyrde til. Tema som tid, rom og stad, samt identitet og sosial kapital vil vera sentralt her. Etter dette vil eg skildra eit meir mikrososiologisk tema. Kva snakkar dei om på gatelaget, og korleis snakka dei om det? Kapittelet vil seia noko om identitet og tilhøyrse. Det siste tematiske kapittelet vil handla om reglar på gatelaget. Eg skildrar korleis formelle og uformelle reglar regulerte og påverka fellesskapet. Det er diverse faktorar som ligg til grunne for det me ser som avvik i sosiale fellesskap. Avvik og regelbrot går hand i hand, og ved bruk av avvikssosiologisk litteratur vil eg setja skildringa i ein større kontekst. I det siste kapittelet dreg eg ut essensen i oppgåva som heilskap. Eg rundar av ved å syna til den kunnskap om deltaking og samhandling eg har tileigna meg under arbeidet med gatelaget og masteroppgåva. Her prøver eg å bryta all analyse ned til eit svar på problemstillinga eg stiller. Dette vil vera mitt kunnskapsbidrag for samfunnsarbeid.

Metode

I dette kapittelet skal eg forklara kvifor eg valde å ta utgangspunkt i dei forskingsmetodane eg gjorde. Eg vil gjera greie for korleis eg tenkte å utføra feltarbeidet, korleis det faktisk tok form og prosessen som har skapa materialet eg sit att med. I feltarbeidet har eg møtt på ulike utfordringar, og det har vore ei svært så lærerik reise, både personleg og fagleg. Eg vil belysa eksempel frå mitt feltarbeid med relevant metodelitteratur eg har teke utgangspunkt i. Kapitelet vil også fortelja noko om etiske vurderingar eg har gjort under feltarbeidet. Min studie går ut på å tileigna meg kunnskapar om noko generelt, gjennom å studera noko spesielt. Det er samhandling og deltaking som er fokuset for problemstillinga mi, og gjennom å studera gatelaget har eg lært noko om dette.

For at eg skulle kunna ha ei utgangspunkt for å tolka det eg observererte mest mogleg objektivt, måtte eg vera merksam på at eigne reaksjonar og refleksjonar kunne farga framstillingane mine av det eg såg, høyrde og opplevde. Det ville vera uheldig om mine subjektive meiningar skulle verta framstilt som ein fasit. Som forskar vil det alltid vera viktig at det ein ytrar til lesaren, gir

vedkomande eit grunnlag for å trekka egne konklusjonar ut ifrå det som vert lese. Det er viktig at det vert tydeleg framstilt kva som er tolking og kva som er skildring (Aubert & Bakke, 2008:123). Eg ynskja å gripa dynamikken i dette laget for å sjå kva som påverka samhandling og deltaking her. For å svara på det trengte eg å jobba ut i frå ein metode som kunne fanga detaljar, og som kunne justerast undervegs. Eg ville sjå laget i aksjon, og eg ville kjenna sjølv på det å spela her. Av dei grunnar bestemte eg meg for å gjera deltakande observasjon.

Utval

Eg har ikkje teke utgangspunkt i å analysere aktørane, som i mitt tilfelle er spelarane på gatelaget, men i aktivitetane som vert utført av desse. Altså fell analyseininga mi under handlingar (Grønmo, 2016:94). Utvalet har vore strategisk. Det er gjort konkrete vurderingar som til dømes; kva einingar vil ut ifrå teoretiske og analytiske formål, svara best på og belysa problemstillinga eg stiller (Grønmo, 2016:103). Eg har teke sikte på ei teoretisk generalisering. Det vil seia at analysen ikkje vil basera seg på statistiske framstillingar, men i teoretisk forståing av dei forholda eg har studert. Det er som regel to formål som gjeld i teoretisk generalisering: å utvikla nye hypotesar og omgrep, og å utvikla ei vid forståing av konteksten analyseiningane utgjer (ibid).

Eg tok kontakt med avdelinga for samfunnsansvar i den aktuelle klubben, for å forklara kva eg hadde tenkt, og for å få vera med på aktivitetane til gatelaget deira. Det er denne avdelinga som har det formelle ansvaret for gatelaget, og såleis måtte kontakten skje via dei. Eg vart møtt med interesse til oppgåva eg hadde lyst å skriva, og dei tok det vidare til deltakarane på gatelaget. Nokre dagar etter fekk eg treffa deltakarane og fekk lagt mine tankar fram direkte til dei. Også dei var positive til prosjektet.

Teoretisk ståstad

Den vitskapsteoretiske ståstaden for mitt val av metode, er i stor grad bygga på eit hermeneutisk og fenomenologisk perspektiv. Utgangspunktet er at alle fenomen tydar noko eige. Dei er meningsfulle i den forstand at dei uttrykker noko spesielt, og har ei bestemt mening. For at fenomen skal kunna ha ei tyding, må dei tolkast for å forståast. Som sosiale aktørar tolkar me og forstår ulike fenomen heile tida, og det er heilt sentralt i samhandlinga me har med andre sosiale aktørar. Som regel vil ikkje dette by på store utfordringar i det daglege, då me i viss grad delar fleire felles kulturelle og sosiale føresetnadar (Gilje & Grimen, 1993:142). Men somme

gonger kan fenomenas tyding vera forskjellig og uklar for oss, noko som vil krava at me anstreng oss for å forstå. For at dette skal vera mogleg, krev det bestemte metodiske tilnærmingar.

Deltakande observasjon – oppgåvas design

Eg vil gi så detaljerte observasjonar som mogleg, slik at andre kan danne seg inntrykk av det eg fortel om. Truverdige skildringar ville vera viktig for at ikkje mine subjektive førestillingar skal vera ein fasit. For at dette skulle vera mogleg, var det viktig at eg la frå meg alt av det eg eventuelt hadde av førestillingar om dette tilbodet. Eg måtte nullstilla meg kva gjaldt kunnskapar om brukargruppa tilbodet retta seg mot, og eg måtte tileigna meg eit kritisk reflekterande blikk. Det eg derimot ikkje la frå meg, var eit grunnleggande menneskesyn som står sterkt forankra i samfunnsarbeid. Eg visar til Henriksbø & Sudmanns (2015:52) føringar om at alle menneske er kreative, kompetente og handlekraftige aktørar som sit på moglegheiter og eigenskapar til å endra sine livføresetnadar og vilkår for sosial deltaking. Eg var fullstendig klar over at det var aktørane, spelarane på gatelaget, som best visste korleis det fungerte her, og som ville vera viktige bidragsytarar for å svara på problemstillinga mi. Ingen andre enn dei visste betre korleis det var å spela på eit gatelag, og kva det vil seie å vera med her. For er det noko eg har sett og lært under feltarbeidet, så er det at det er nokre spesifikke normer og spesielle måtar å handla på, som gjeld for gatelaget. Det er både formelle og uformelle reglar her. Dette regulerer deltakarane og tiltaket.

Fangen (2010:9) hevdar deltakande observasjon gir gode moglegheiter til å studera menneskeleg samhandling utan å påverka aktørane i så stor grad som intervju og spørjeundersøkingar kan gjera. Dette har vore viktig i feltarbeidet mitt. Eg ynskja at deltakarane på gatelaget ikkje skulle påverkast til å handla annleis av at eg var til stades. Deltakande observasjon handlar ikkje naudsynt om at eg skal oppføra meg som dei menneska eg studerer, då eg som forskar har ei anna rolle enn spelarane på gatelaget. Men sjølve deltakinga inneberer at eg vert ein del av den sosiale samhandlinga, ved at eg pratar med folk og tilpassar meg situasjonen, slik at det ikkje vert forstyrrende for det som skjer (Fangen, 2010:9).

Under feltarbeidet betydde den deltakande observasjonen at eg skulle følgja og delta på aktivitetane til gatelaget. Eg skulle vera med på fellestreningane og eventuelt andre aktivitetar i deira regi. Stort sett innebar dette at eg var med på dei to fellestreningane i veka, samt at eg også fekk med meg ein treningskamp mot eit «oldboys-lag» i ein av nabokommunane. Eg trena

og spela som ein kvar som helst anna spelar. Dette skulle gi meg innsikt i både garderobekulturen, såvel som lagarbeidet ute på treningsfeltet, for å forstå korleis samhandlinga tok form her. Under fotballkampen mot oldboys-laget gjorde eg ei vurdering ut ifrå om eg skulle fortelja spelarane me møtte i kamp at eg var med som student eller forskar, men eg fann inga naturleg høve å gjere til dette. Dei var der for å spela fotball, eg var der for å følgja gatelaget. Eg konkluderte med at mi rolle som forskar ikkje ville ha noko å seia for kampen eller det som skjedde.

Det ligg i metoden sitt namn at det handlar både om å delta og å observera. Fangen (2010:13) skriv at me kan sjå denne metoden i midten av ein skala som går frå berre å observera i eine enden, til berre å delta i den andre enden. Om ein vel berre å observera, vil ein stå utanfor å sjå inn. Visst eg berre deltek vil det seia at eg er med på nøyaktig same premiss som utvalet eg studerer, og i ytste konsekvens verta ein av dei, «go native» (ibid). For at ein skal lukkast med deltakande observasjon, må ein kombinera desse handlingsprinsippa på ein fornuftig måte. Det handlar om å lytta, sjå, spørja, svara, diskutera, og anna mellommenneskeleg kommunikasjon.

I metoden ligg også nokre avgrensingar. Metoden baserer seg mykje på tolking, noko som også kan medføre feiltolking. Difor vil eg alltid søka å skildra så objektivt som mogleg, og eg vil ikkje konkludera forhold eg ikkje har belegg for å konkludera. Det vil også kunna vera såpass mykje som skjer at ein går glipp av viktige observasjonar.

Førebuing

For at eg skulle klara å definera kva eg var ute etter å oppdaga, måtte eg utforma nokre forskingsspørsmål og analytiske rammer. I samråd med vegleiar kom eg fram til nokre essensielle retningsliner. For det første, det var sjølve aktiviteten, handlinga og situasjonane som skulle fortelja meg korleis samhandlinga på gatelaget heldt opp og fram. Deltakarane i seg sjølv var interessante, men fokuset skulle ikkje vera personretta. Eg undersøka med Norsk senter for samfunnsdata (NSD) for å finna ut om prosjektet trengte å meldast inn, og eg måtte svara på eit spørjeskjema kring dette. Svaret frå NSD var at prosjektet ikkje var meldepliktig. Dette skjemaet ligg som vedlegg i oppgåva.

Eg skulle ha nokre retningsliner å halde meg til, nokre sentrale spørsmål eg ynskja svar på. Eg har også teke utgangspunkt i det Fangen (2010:33-34) visar til, Schatzman & Strauss (1973) som hevda at sjølve feltarbeidet vil leia ein til sentrale forskingsspørsmål *etter* ein har innhenta råmaterialet. Altså såg ikkje dei naudsynt konkrete forskingsspørsmål som ei føresetnad før

feltarbeidet starta, men noko som kunne oppstå undervegs i feltarbeidet, sjølv heilt til slutt. Det handlar om at ein tileignar seg større innsikt i feltet ein jobbar i, og det opnar for fleire og nye spørsmål. Dette har vore nyttig for meg. Rett og slett fordi eg ikkje har låst meg til noko heilt konkret, og fordi eg visste så lite om korleis gatelaget faktisk heldt opp og fram sine aktivitetar. Derav tok eg forbehold om at sentrale spørsmål kunne dukka opp undervegs.

Problemstillinga for oppgåva

Korleis tek deltaking og samhandling på eit gatelag form og held fram?

For å svara på dette hadde eg i tråd med Fangen (2010:39) først teke utgangspunkt i heilt generelle spørsmål som: Kva skjer her? Kva må deltakarane veta for å for å gjera det dei gjer, og korleis ser dei ut til å tileigna seg og læra bort kunnskap? Meir spesifikke spørsmål eg ynskja å belysa var:

- 1) Korleis og på kva måte føreheld deltakarane seg til dei andre som er med på aktivitetane til laget?
- 2) Kva kjenneteiknar gatelagets fellesskap og gruppedynamikk?

Etter kvart i feltarbeidet vart eg oppmerksam på så mykje meir eg ville finna ut meir om. Som til dømes observerte eg at det var nokre formelle og nokre uformelle reglar som gjaldt her. Dei formelle reglane hadde vorte nedteikna i fellesskap med apparatet rundt ved oppstart, medan dei uformelle hadde vorte til etter kvart, og mi oppfatning var at dette ansvaret låg hjå deltakarane. Typisk her var kva som var greitt å uttrykka på utsida av gatelagets fire veggar, som for eksempel til media. Derav dukka fleire spørsmål opp. Kvifor var det slik? Kvifor var det ei unison oppfatning at nokre konkrete tema var «no go» å snakka om til andre?

Det var også spanande å sjå kor innøvd ulike rutinar var. Kven som hadde materielt ansvar, kven som sytte for at frukost og kaffi stod klar, og kven som sørga for at det var luft i ballane. Nokre av desse oppgåvene låg hjå faste deltakarar, medan noko gjekk på rundgang, alt etter kven som var klare. Den metodiske vokteren i meg passa på at dette ikkje var ting eg spurte om. Ved å følga med, delta og observera, fekk eg etter kvart svar på ting eg lurte på. Eg følgde eit råd frå Doc:

Go easy on that 'who', 'why', 'when', 'where' stuff, Bill. You ask those questions, and people will clam up on you. If people accept you, you can just hang around, and you'll learn the answers in the long run without even have to ask the question (Doc, i Street Corner Society, 1993:303).

Kontaktetablering

Då eg møtte gatelaget for første gong, i november 2016, måtte eg forsøka å gi deltakarane eit godt førsteinntrykk av meg sjølv for å vidare etablera ein relasjon med dei som var til stades. Noko som er viktig i ein fase kor ein skal entra eit felt og utvikla relasjonar, er at ein må unngå å berre halda seg til «chief host», som i dette tilfelle var trenarane, leiar eller kapteinen, men faktisk gjera seg kjent med breidda i gruppa. Dette er ein kontinuerleg prosess gjennom feltarbeidsperioden (Schatzman & Strauss, 1973:22). Reint praktisk løysa eg dette ved å venda meg til ulike deltakarar om eg lurte på praktiske ting rundt aktivitetane, og sjeldan til trenarane.

Arbeidet med faktisk å entra og bli kjent med feltet, krev kontinuerleg innsats frå feltarbeidaren lenge etter innpasset er godkjent. Dette kontinuerlege arbeidet kjem av to grunnar: I den grad nokon i gruppa har ulike alternativ for dette samarbeidet, må i teorien kvar og ein «forhandlast» med gjennom feltperioden. For det andre; dei relasjonane som eventuelt vart etablert tidleg og naturleg, ville kunna endra seg undervegs. Feltarbeidaren vil opphalda seg såpass lenge i feltet at ein vil endra seg etter kvart som ein vert betre kjent med menneska og det dei gjer her. Det vert poengtert at feltarbeid kan leia ein til uventa og andre perspektiv enn ein hadde i utgangspunktet. Feltarbeidet kan leia ein til uventa plassar, og det vil kunna gjera noko med ein som person og det ein har som formål (Schatzman & Strauss, 1973:23).

Dette kunne vore ei fallgruve for meg dersom eg hadde latt alle inntrykk påverka meg i den grad at eg endra åtferd overfor personar, og såleis mista fokus på det eg faktisk skulle finna ut. For det er slik at i ei gruppe med svært ulike folk vil ein etter kvart læra folk betre å kjenne, både på godt og vondt. Og ein vil få god betre kontakt med nokre enn andre. Slik har det også vore for meg undervegs, utan at det har endra mitt fokus. Gode menneskelege relasjonar krev betydeleg merksemd og fornuftig regulering. Det er ikkje gitt at resultata alltid vert bra, men det er ein føresetnad for at ein faktisk kan oppretthalda arbeidet og tilgangen i feltet ein studerer (Schatzman & Strauss, 1973:23).

I forkant av mitt første møte, vart deltakarane gjort kjent med prosjektet gjennom trenar og ansvarleg leiar for samfunnsgruppa i klubben, og dei hadde i fellesskap godkjent opphaldet mitt.

Uansett presenterte eg meg for gruppa, og ga ei kort skildring av prosjektet. Eg minna også på om at deltakarane til ei kvar tid kunne kontakta enten meg eller dei i apparatet rundt, dersom dei ikkje ynskje å vera del av prosjektet mitt. I så fall skulle me løysa det på ein måte der begge partar kunne leva med resultatet. Eg sa ikkje meir enn det som var naudsynt. Då feltarbeidet formelt var i gong, ynskja eg ikkje å snakka om detaljar rundt forskning, feltarbeid og masteroppgåveskriving, av den grunn at det fort kunne generera eit auka fokus på mi rolle. Eg tok meg likevel tid til å svara ordentleg og ryddig, dersom nokon hadde spørsmål kring dette.

Etiske vurderingar

Innan feltarbeidet starta, henta eg inn samtykke både frå leiinga for samfunnsavdelinga i den aktuelle klubben, samt deltakarane på gatelaget. Dette samtykket vart henta inn ved at eg sendte ein mail til leiar, som igjen snakka med spelarane. Eg fekk etter kvart sjølv fortelja spelarane om forskingsopplegget mitt, der eg fortalde om krav og retningsliner for blant anna personvern og menneskevern. Det skriftlege samtykket frå leiinga ligg som vedlegg.

De nasjonale forskningsetiske komiteene har utarbeidd nokre forskningsetiske retningsliner som eg har teke utgangspunkt i på førehand, under, og etter feltarbeidet. Samfunnsvitskapeleg forskning vil ofte omhandla menneske, noko det har i mitt tilfelle. Menneskeverdet skal stå støtt og sentralt. «Forskningen skal verne om personlig integritet, sikre frihet og selvbestemmelse, respektere privatliv og familieliv og beskytte mot skade og urimelige belastninger» (De nasjonale forskningsetiske komiteene, 2016).

Det har vore viktig for meg at personvernet har fått den merksemda det skal ha. Etersom eg ikkje henta inn personopplysningar, har det vore særskild viktig at eg ikkje har nedteikna informasjon som er sporbar til enkeltpersonar. Verken ekte namn, alder, bustad, jobb eller anna informasjon er å finna i oppgåva mi, eller notata mine. Eg har halde meg til kjønn og fiktive namn når eg har skildra observasjonar. På førehand av feltarbeidet var dette noko eg gjorde spelarane klar over, og det ville vore alt anna enn etisk riktig om eg ikkje hadde gjennomført det slik. Deltakarane har aktivt bidrege med å gi meg informasjon ved at dei har latt meg delta og observera. Alt datamateriale eg har nedteikna, har vore oppbevart elektronisk og sikra på min personlege datamaskin med eige passord.

Konfidensialitet i forskning vil også setja rammer for feltarbeidet. Ein hovudregel er at informasjon om personlege forhold skal behandlast konfidensielt og fortruleg. Eventuelle andre opplysningar som kjem fram om dei sjølve eller andre, må ein vurdere opp og ned for om ein

kan ha med (De nasjonale forskningsetiske komiteene, 2016). Eg har blant anna vald å ha med opplysningar kva gjeld generell bakgrunn om enkelte, men informasjonen som kjem fram er av så generell karakter at dette ei kan sporast tilbake til vedkomande. Personlege opplysningar er vorte aidentifisert, og forskingsmaterialet anonymisert, derav fiktive namn. Uansett kan ein hamna i situasjonar som utfordrar taushetsplikt og meldeplikt, og då må ein ha ein plan for korleis ein løyser dette (De nasjonale forskningsetiske komiteene, 2016).

Eg har fleire gonger i feltarbeidet forsikra deltakarane om at eg har taushetsplikt og ikkje kan ta noko vidare, såframt det ikkje var fare for liv og helse. Dette var typisk eit tema som kom opp under «garderobeprat», og ein eller fleire kunne kommentera: «Dette skriv du faen ikkje i oppgåva di!», med eit glimt i auga og eit smil på lur. Dette oppfatta eg berre humor. Eg opplevde ikkje mange episodar som faktisk utfordra meg på dette, men ei hending er verd å nemna. Det var eit tilfelle kor ingen av trenarane eller leiaren var til stades under ein lunsj. Det vart diskutert ein episode som var av såpass alvorleg karakter at eg måtte reagera. Den hadde på inga måte hadde noko med gatelaget å gjera, forutan om at det omhandla nokre av deltakarane der. Eg oppfatta det som at diskusjonen vart ubehageleg for ein av deltakarane, og eg kunne sjå at det påverka gruppa ved at folk ikkje visste heilt kva dei skulle seia. Sjølv var eg svært usikker på om eg skulle seia noko, men eg lot det vera, og situasjonen vart avslutta ved at folk gjekk kvar til seg.

Eg var usikker på kva eg skulle gjera med den informasjon eg var tildela. Heller ikkje visste eg om det var hald i det, men eg kom til å tenka på noko eg hadde høyrte vorte sagt, minst to gonger. Ein av trenarane hadde pålagt deltakarane om å leggja frå seg alt som ikkje hadde med gatelaget å gjera, når dei var her. Ingen eventuell dårleg historikk deltakarane seg i mellom, eller andre forhold som ikkje egna seg, skulle ikkje vera eit tema her. Dette var ein fristad for slikt, og fotball og kameratskap stod i sentrum. Eg valde difor å ta kontakt med leiaren for samfunnsavdelinga. Ho hadde tett kontakt med både deltakarane og trenarane. Eg forklarte situasjonen for ho, og ho tok det opp med trenarane. Neste økt tok den same trenaren som hadde snakka om dette før, temaet opp igjen. Det verka som gruppa fekk seg ein «vekkar», og saka vart tilsynelatande avslutta her. Eg har ikkje følgt dette opp sidan.

I løpet av feltarbeidet har eg også vorte fortalt historier frå deltakarane. Openheita eg har opplevd har somme gonger vore overveldande. Det er triste og vonde fortellingar, men også solskinshistoriar. Mykje av dette har vore svært inspirerande, men det er også utfordrande å veta korleis ein skal respondera på alt. Nokre fortellingar har vore utgangspunkt for noko av det

eg har skrive i oppgåva, men har vorte skrive om då dei er av sopass personleg karakter, og også til tider rører tredjepartar.

Strategi for produksjon av datamateriale

Før feltarbeidet starta, la eg ein strategi for korleis eg skulle loggføra observasjonar medan dei enno var friskt i minnet. Diverse metodelitteratur kunne fortelja meg at eg truleg ville bli «pepra» med inntrykk i starten, og at eg måtte prøva å få med meg mest mogleg. Allereie frå første augneblink mi feltet ville eg som forskar ha tilgang på data i form av inntrykk og observasjonar. Det kan vera overveldande, og det var naudsynt at eg ikkje skilte ut det eg ikkje trudde var viktig. Det kunne fort verta avgjerande i seinare tolking og analyse av funn, noko Schatzman & Strauss (1973:95) presiserer.

Med meg i treningsbaggen hadde eg ei notatblokk. På dei første samlingane med gatelaget, trakk eg meg av og til inn på toalettet, eller til sides, for å notera ned noko eg tykte var verdt eit notat. Eg sytte alltid for at dette ikkje var lagt merke til. Etter kvart fant eg ein vesentleg enklare måte å notera meg på. I desse smarttelefonars dagar, er det til ei viss grad sosialt akseptert å sjå ned i skjermen no og då. I dette tilfelle skjedde det at folk gjorde så, og då som regel etter me hadde trena og dusja, og var attende i lunsjrommet. Dei fleste hadde ikkje sjekka telefonane sine på halvanna time, og det var 5-10 minutt med stillheit før maten var på plass, og samtalane tok form. Då brukte eg minutta flittig til å notera ned på telefonen inntrykk og observasjonar eg hadde gjort meg på treningsfeltet, i garderoben og på veg frå garderoben. Ein stor del av notata vart skrive på denne måten. Notata eg gjorde ut i frå det eg såg og opplevde, utgjorde det Schatzman & Strauss (1973:99-100) kalla observasjonsnotat. Desse observasjonsnotat skulle seia noko om kven, kva og korleis noko skjedde.

Når eg var heime, sytte eg for raskt å skriva meir utfyllande samandrag på datamaskinen. Desse samandraga bygga på stikkord og notat frå mobiltelefonen, og desse enkle mobilnotata sate ofte i gong erindringar frå økta, slik at eg kom på meir når eg sat å skreiv.

Like viktig som å notera, vart også tolking av notata. Notatas verdi tapar seg fort, og har størst verdi når dei er ferske (Schatzman & Strauss, 1973:96). Her vika eg aldri. Eg starta dette arbeidet umiddelbart då eg kom heim frå treninga. Eg las gjennom det eg hadde skrive ned, og evaluerte observasjonar og inntrykk. Ved å sjå notata opp mot relevant teori og stilla kritiske spørsmål til kvifor noko var slik det var, kunne eg etter kvart utforma teoretiske notat (Schatzman & Strauss, 1973:99). Desse ville vera ei vidare tolking av observasjonsnotata, der

eg kunne reflektera over observasjonane eg hadde gjort meg. Til dømes kunne eg i feltdagboka ha skrive ned nokre stikkord om ein episode eg hadde observert. I eit tilfelle i starten hadde eg lagt merke til korleis rutinar var så innarbeidd i gruppa, og eit observasjonsnotat kunne sjå slik ut: «22.nov: Jonas set over kaffien, medan Thom og Fred finn fram maten. Kevin forlèt frukosten før dei andre for å gå ned i garderoben å gjera klart utstyr, dette utan at noko om akkurat det vert sagt». Når eg kom heim å la dette inn i samandragskjemaet mitt, kunne eg stilla følgande spørsmål i rubrikken ved sida: «Ser ut til at det kan vera tilfeldig kven som gjer dette. Men er desse oppgåvene bestemt på førehand? Er dei delt ut til faste personar? Kva skjer om noko av dette ikkje vert gjort? Formell/uformelle reglar/sanksjonar?» Dette vart då eit teoretisk notat. Om noko liknande skjedde på ei trening seinare, kunne eg gå attende å skriva «Sjå notat 06.des – diskusjon og sanksjon i forbindelse med dette».

Det eg hadde eller sett og høyrte på trening, som eg undra meg over kva tyda, var eit godt utgangspunkt for kva eg ville leggja vekt på neste økt. Altså ville observasjonsnotat og teoretiske notat leggja grunnlaget for det som skulle bli metodiske notat (Schatzman & Strauss, 1973:99100). Desse metodiske notata var ein slags hugselapp for kva eg ynskja å belysa neste gong. Eit metodisk notat kunne sjå slik ut: «Legg merke til om noko vert sagt i forbindelse med førebuande oppgåver, og om nokon delar ut desse. I så fall, kven?».

Etter kvart i feltarbeidet la eg merke til at nokre desse oppgåvene (som til dømes setta på kaffi og finna fram mat), vart gjort alt etter kven som var til stades, og at det skjedde utan at nokon sa noko. Dersom ein var først ferdig i garderoben etter trening, og kom først opp i lunsjrommet – ja, då sat ein over kaffien og fann fram mat. Uavhengig om det var Kevin eller Jonas. Etter ei tid følte meg som forholdsvis «inne i gruppa», og ville utfordra meg sjølv for å finna ut kva som skjedde dersom eg var først attende etter treningsøkta, og *ikkje* sate på kaffien. Eg ville finna ut korleis det vart reagert på. I forkant såg mitt metodiske notat slik ut: «Sørg for å vera først attende etter dusjing. Ikkje gjer noko, sit å vent til neste mann kjem». Då fekk eg fram ein reaksjon, og kunne loggføra denne som observasjonsnotat. Og slik heldt dette arbeidet fram. Dette er sjølvsgatt ein hårfin balanse, og ein skal vera svært forsiktig med slik form for provokasjon i forskingsarbeid. Men dette hadde eg tenkt nøye gjennom, eg var trygg på gruppa, og sakas art var ikkje av ein alvorleg karakter. På spørsmål om kvifor eg ikkje hadde satt på kaffien, svara eg at eg hadde gløymd det, noko eg beklaga overfor han som spurte. Når eg ser tilbake på denne episoden tek eg likevel sjølvkritikk for å «kunstig» ha påverka ein situasjon her, og eg skulle hatt det ugjort.

Etter kvart i feltarbeidet skila det seg ut nokre ulike tema eg tykkja var interessante. Dette var til dømes tema som jamleg kom opp i samtalar, eller situasjonar der reglar og handheving av desse har vore sentralt. Det kunne også vera episodar der humor eller temperament gjorde seg synleg. I både personskjemaet og i samandraget har eg brukt fargekodar for å skila desse. Det har gjort at eg i etterkant har kunne «trekka ut» fargane og sjå kva eg faktisk står igjen med av dei ulike temaa. Dette har gjort analysearbeidet enklare for meg å halda på med undervegs, og i ettertid av feltarbeidet.

Analysearbeid

Undervegs i feltarbeidet har eg forsøkt å systematisera datamaterialet mitt for å gjera analysearbeidet enklare. Etter kvart som eg byrja å leggja merke til ulike fenomen som gjekk opp att jamleg, byrja eg å dela desse inn i ulike kategoriar, og la til ein farge for kvar kategori. Eg oppretta så nye dokument, eit til kvar farge. Deretter har eg trukke ut ein og ein farge, og lagt det i eige dokument. På den måten fekk eg ein tråd i materialet, og sat igjen med forskjellige dokument som berre omhandla kategorien sin. Nokre kategoriar har eg også sett opp mot kvarandre, for å sjå korleis det eine kunne påverka det andre. Dette har vore eit spanande arbeid, og eg byrja etter kvart å sjå dette opp mot ulik teori for å setja det i ein større samanheng.

For at eg sjølv skulle ha betre kontroll på kva eg hadde observert og for at eg skulle hugsa observasjonar og inntrykk betre, laga eg meg eit personskjema. I dette skjemaet brukte eg fiktive namn, og små stikkord om, dei ulike deltakarene, samt eigne rubrikkar for handling og sitat. Ingen opplysningar eller stikkord kunne seia noko som helst om kven personane bak var. Ikkje ei personopplysning kunne sporast attende til deltakarane. Det var om lag ti-tolv personar som stilte jamleg på treningsøktene, og det er desse dette personskjemaet omhandlar.

Eg starta alltid med å fylla ut i dette skjemaet, før eg skreiv eit større samandrag frå økta. Eg brukte datoar og «note to self» i samandraget, slik at det til dømes kunne stå «sjekk sitat, M., 22.des.) i samandraget. Dette tyda då at eg kunne gå attende i personskjemaet, finna riktig dato, og sjå kva M. hadde sagt.

I samandraget har eg også skrive om det generelle stemningsleiet for den aktuelle økta. Det kan vera stikkord som «bra trøkk», «mykje ros og skryt», «gjennomgåande mykje high fives og fistbumps», men det har også vore skildringar som «til dels temperaturfullt, ikkje veldig moralbyggande kritikk frå somme». Dette for å gi meg eit personleg og subjektivt totalinntrykk av økta.

Fangen (2010:208-209) skriv om det ho kallar førstegradstolking. Det handlar om å konstatera det ein høyrer og ser, og å angje det mest mogleg objektivt. Det kan også vera å setja observasjonen opp mot omgrep som er nær identiske med det ein observerer. Til dømes kan eg trekka fram dette eksempelet der eg viste til desse rutinane på laget. Ei førstegradstolking finn eg allereie i observasjonsnotatet, altså rånotata eg gjorde meg på samlingane. Eg såg kva som faktisk skjedde, og noterte det. Eg tenkte dette var verdt eit notat, skreiv akkurat kva som skjedde, men ikkje noko meir. Og først etter kvart ville eg kunna sjå eit mønster i desse observasjonane, som ga meg rom for å tolka det vidare.

Andregradstolking ville vera å inkludera utsagn, tankar og refleksjonar om kvifor deltakarane gjorde det slik. Kva låg bak denne samhandlinga, var det til dømes eit teikn på ansvarskjensle? Var det for å demonstrera handlekraft? For å konstruera fyldige skildringar må ein starta med eigne tolkingar av kva deltakarane gjer, eller ein trur dei gjer, for å deretter setja desse tolkingane i system (Fangen, 2010:212). Dette har vore ein del av det kontinuerlege analysearbeidet eg har drive gjennom feltarbeidet.

For å tolka ei handling ein observerer, må ein sjå handlinga i samheng med konteksten. Det som kan tyda noko i ein samheng, kan tyda noko heilt forskjellig i ein anna. Altså tydar ikkje skildringa noko før eg veit meir om omstende eller forholdet kring ytringa (Fangen, 2010:213).

Tydinga av fenomenet er altså heilt avhengig av situasjonen. For at ein skal kunna tyda slike uttrykk, må ein enten vera ein del av samhandlinga og såleis forstå situasjonen likt dei som handlar, eller så må ein krava ytterlegare forklaring av vedkomande (ibid).

Dette er eit poeng i deltakande observasjon. Nettopp fordi eg faktisk deltek, har eg betre forutsetningar for å tolka fenomen og handlingar slik dei er meint å vera. Personleg har eg erfart at eg vart betre på desse tolkingane og refleksjonane dess lenger ut i feltarbeidet eg kom. Den kontinuerlege loggføringa og arbeidet med å utføra teoretiske og metodiske notat, har gitt meg meir rom for å kunna plassera det eg observerer i riktig kategori i analysearbeidet. Det er nettopp desse kategoriane som gir meg moglegheit til å skila dei ulike fenomena, og gå i djupna på desse. Ut i feltarbeidet har det skila seg ut nokre ulike kategoriar som inneheld fenomen og handlingar som har gått igjen, og kan sjåast i samhengar med kvarandre, og for seg sjølv.

Gyldigheit og pålitelegskap

Det er ikkje mogleg å vurdera kvalitative samfunnsvitskapelege data på ein heilt generell måte. For å avgjera kvaliteten, må ein sjå på kva samheng datamaterialet skal belysa, og at det

faktisk belyser den spesielle problemstillinga ein stiller. Kort sagt kan ein seia at kvaliteten er høgare dess meir egna det er for å belysa den bestemte problemstillinga, og at kvaliteten på eit datamateriale derav vil variera ut ifrå kva type problemstilling ein har (Grønmo, 2016:237).

Grønmo (2016:238) listar opp nokre punkt som fortel noko om kvaliteten på datamaterialet:

- 1) Det må ligga til grunn ei sanningsplikt. Data må representera dei faktiske forhold og reflektera sann informasjon som er knyta til problemstillinga.
- 2) Datainnsamlinga må vera av den art at det kan gi grunnlag for ei teoretisk drøfting og argumentasjon. Altså det må byggja på vitskapeleg logikk, språk og terminologi som er knyta opp mot fagfeltet problemstillinga er byggja på.
- 3) Val av einingar skal vera forsvarleg. Analyseiningane og analysenivået må vurderast ut ifrå problemstillingas ordlyd, og må vera best mogleg egna til å belysa denne.
- 4) Val av informasjonstype må skje systematisk. I mitt tilfelle har eg vore klar frå start av at det er samhandlinga og deltakinga som eg ynskjer å læra om, ikkje den enkelte deltakars personlege føresetnadar.
- 5) Gjennomføring av datainnsamling må skje forsvarleg, og må basera seg på framgangsmåtar og forutsetningar som ligg til grunne for metoden ein brukar. Ein må aktivt prøva å unngå fallgruver og typiske problem som kan oppstå i metodebruken i datainnsamlinga.

Den totale vurderinga av datamaterialet vil avhenga av desse ulike kriteria. Gode data er ikkje data som bekreftar eller avkreftar det me trur eller meiner, men som gir oss moglegheita til å trekka ein konklusjon ut ifrå det problemstillinga spør om. Desse kriteria handlar om gyldigheit og pålitelegskap. Data kan vurderast som gyldige eller ei, ut ifrå premissa konklusjonen bygger på. Datamaterialet skal også vera påliteleg. Dette kan vurderast ut ifrå kor stabilt undersøkingsopplegget er, ved å sjå om fenomenen ein observerer er til dels likt uavhengig av tidspunkt dei vert studert. Dersom det er samsvar mellom datamateriale, observasjonar og ulike tidspunkt, vil pålitelegskapen vera høg (Grønmo, 2016:242).

Det skal også leggjast til grunn for pålitelegskapen at det er samsvar mellom observasjonane, uavhengig av kven som observerer – at ein uavhengig observatør ville ha merka seg dei same fenomenen, og gjort seg opp dei same meiningane som ein sjølv. Dette er umogleg å oppnå, ettersom ein kvar forskar vil ha ulike ståstader og forforståelsar (Fangen, 2010:250). Schatzman

& Strauss (1973:134) snur derimot om på spørsmålet og spør: vil ein anna observatør ha såpass andre oppdagingar eller oppfatningar at dine egne kan sjåast som ugyldige?

Eg har forsøkt å etterfølga dei fem punkta Grønmo listar opp, ved å blant anna:

- Vera til stades der det skjer, altså vera i feltet eg studerer
- Ikkje å påverka menneske/situasjonar
- Vera objektiv i mine beskrivingar av feltet, derunder unngå at eventuelle personlege oppfatningar av menneske/situasjonar skin gjennom
- Reflektera kritisk over mi forforståing av gatelaget
- Ta omsyn til personvern

Slik har eg forsøkt å sikra at mitt feltarbeid og datainnsamling kan sjåast som gyldig og påliteleg. Svartdal (1998:101-102) understrekar at deltakande observasjon potensielt skal sikra høg gyldigheit og pålitelegskap ved at eg som forskar kan studera aktørane i deira omgivnadar, utan at det vert arrangert på nokon måte. Då er det viktig at eg ikkje forstyrrar feltet meir enn naudsynt.

Det er også viktig at det er rom for ulike tolkingar av ulike lesarar, og difor må eg som forskar vera tydeleg på kva som er observasjon, og kva som er personleg tolking (Aubert & Bakke, 2008:123). Eg har stoppa opp og spurt meg sjølv fleire gonger om det er noko eg overser. Er det noko eg ser på som naturleg, men som andre vil sperra opp auga for? Difor har eg søka heile vegen å angje det eg har observert så objektivt som mogleg, og også notera ned svært mykje av det eg har observert totalt sett. Dette har også ført til at eg sit att med ein del ubrukt datamateriale eg ikkje har funne høve til å belysa problemstillinga mi.

Evaluering

Som forskar må eg spørja meg sjølv om eg kunne gjort noko annleis under datainnsamling og analyse. Kanskje kunne eg brukt andre metodar i staden for deltakande observasjon eller supplert med andre metodar, for å svara best mogleg på mi problemstilling. Hadde eg kunna starta på nytt att, ville eg i enno større grad passa på å halda meg i, og vera bevisst på, forskarrolla i starten av feltarbeidet. Eg opplevde somme gonger å ubevisst bevega meg vekk frå midten av skalaen mellom observasjon og deltaking. Det enda med at eg i nokre minuttar av og til berre var deltakar. Bokstaveleg talt kunne eg i «kampens heite» gløyma ut formålet med mitt nærvær, og vart såleis berre ein del av fotballspelet, og ikkje som deltakande observatør.

Eg tok meg sjølv i dette nokre gonger i starten, men etter kvart var eg bevisst på at dette var ei metodisk fallgruve som eg måtte passa meg for å gå i. I starten klarte eg heller ikkje å ha den roen eg etter kvart oppnådde. Det førte til at eg ofte hang meg opp i det eg observerte slik at eg starta tankeprosessar med litt for stor intensitet, medan eg enno var til stades i felten. Det kunne potensielt resultera i at eg gjekk glipp av anna materiale.

Totalt sett har bruken av deltakande observasjon gitt meg svar på mykje av det eg ville finna ut. Av å vera til stades, stå i det, læra meg å kjenna både deltakarar og trenarar, lærte eg noko om deltaking og samhandling også på eit generelt nivå. Dette vil eg utdjupa meir i oppgåvas avsluttande kapittel.

Samhandling og fellesskap

«Frå første økt var eg forelska både i gjengen og i opplegget!»

- Kevin

Samhandling og samhold på gatelaget er som på dei fleste sosiale arenaer: nokre fenomen bind det saman, og ser ein dei same fenomena frå andre sider, vil ein sjå at dei utfordrar det. Om ikkje alle er heilt forelska i medspelarar og opplegget rundt slik Kevin sa det, er det noko som skjer her som får folk til å møta opp. I løpet av mine nesten tre månadar som ein deltakande observatør, var det ei kjerne på åtte-ti spelarar som har delteke på nesten kvar einaste treningsøkt. I tillegg har fire-fem andre også vore jamleg med, med unntak av nokre få økter. Ofte på gatelaget har omgrep som lagmoral, lagarbeid eller teamwork vorte nemnt både frå trenarar og deltakarar, og det ei rekke observasjonar av hendingar eg har gjort meg, som eg meiner byggar opp under dette. Det er observasjonar eg har gjort av ulike fenomen som pregar samhandlinga, samholdet og deltakinga på gatelaget, og det er nokre av desse observasjonane eg skal skildra i følgjande kapittel.

Sitatet i starten av kapittelet kom frå Kevin som spelar på gatelaget. Kevin har vore med sidan oppstart og hevdar sjølv han kan telja på ei hand kor mange treningar han har gått glipp av. Han har gått glipp av trening, av grunnar han kallar «gyldig fråvær». Altså dagar kor andre viktige gjeremål har måtta kome føre, som til dømes møter hos NAV eller hos helsetenester. Kevin har ingen fast jobb, og har vore open om ein tidlegare massiv rusbruk, der sentralstimulerande stoff som amfetamin har vore sentralt. Han har i dag fast arbeidstrening i apparatet rundt eliteklubben, samt at han er fast inventar på gatelaget sine aktivitetar.

Kevin avsløra desse varme kjenslene for laget og opplegget under ein frukost i januar. Me var ti-elleve personar til stades, deriblant to nye andlet. Desse nye personane hadde fått veta om tilbodet via andre lågterskeltilbod, samt frå bekjente, og hadde no møtt opp på si første samling med gatelaget. Den eine trenaren hadde ynskja dei to velkomen, og gitt ei kort innføring i korleis me gjorde det praktisk dei dagane det var trening. Det var etter trenaren hadde sagt at lagånda stod høgt her, at Kevin nærast avbrøyt trenaren med si erkjenning. Fleire andre nikka anerkjennande til erkjenninga, og ein mumla: «*Vanskeleg å late vera*» med eit smil om munnen.

Korleis handlar spelarane som gjer at dette er eit lag? Kva er det spelarane seier og gjer, som gir meg grunnlag for å seia noko om deltakinga, samhandlinga og fellesskapets gang? Kva held dette fellesskapet gåande i ei tid prega av individualisme?

Eg vil visa at det ofte er fleire sider av ei sak, og at det er forskjellige spenningar i desse fenomenen eg har sett og opplevd.

Ti-tolv spelarar deltek tysdag og torsdag, veke etter veke, uavhengig av vêr, vind og andre ytre demoraliserande faktorar. Deltakinga og fellesskapet visar seg i ulike former av humør, diskusjon, humor, temperatur og anna, slik det ofte vil i sosiale settingar. Det er eit ordtak av ukjent opphav som seier at samhald er stein, splitting er sand.

Eit fellesskap i ei tid der folk driv med sitt

«*No har me det gøy òg, då er det bra, me fungerer så mykje betre som eit lag då!*»

- Fabian

Kva vil det seia å vera eit fotballag? Fabian presiserte her at me allereie var eit lag, men at laget fungerte betre når det var artig. I sportsverda vil eit fotballag bestå av ei gruppe spelarar som ynskjer å vera best mogleg, og som vil vinna kampar mot andre lag. Dette skil seg ikkje frå gatelaget. Også her er målet å verta eit fotballag som er gode nok til å slå andre fotballag. «*Kampen i kveld skal me vinna, no skal me faen visa kor gode me er!*»

- Roger

Ein kan sjå eit fotballag som eit slags avgrensa fellesskap som har noko til felles med andre fotballag, nemleg ved at dei konkurrer mot kvarandre. Utan dette avgrensa fellesskapet, ei heller ikkje eit fotballag. Eigenskapane som held dette fotballaget som fellesskap saman, må antakast å vera sterkare enn det som kan øydelegga dette. Spelaranes mål og ynskjer må vera meir like

enn ulike, og slik ville altså Roger vinna denne novemberkveldens kamp. *Me* er gode. *Laget* er godt.

Eit godt fellesskap krev mindre forskjellar og meir likheit, samstundes at ein har til dels like ambisjonar. Dette hevdar også Bauman & May (2004:59) når dei skriv at gode fellesskap kan betraktast som ei åndeleg eining. På ei anna side krev eit fotballag forskjellar på spelarane sine. Eit fotballag treng ulike eigenskapar og kvalitetar som til saman skapar noko heilheitleg og bra.

Dersom eg ser gatelaget som ei åndeleg eining, ser eg eit fotballag av spelarar som kollektivt kjempar for å nå måla dei set seg saman. I forkant av kampar og cupar går laget og trenarane saman for å diskutera kva dei ynskje å fokusera på. Som til dømes i forkant av ein treningskamp mot det lokale politiet, ynskja hovudtrenar at laget skulle fokusera på pasningar inn i feltet frå langsida. Vidare spurte han kva spelarane ville fokusera på. Konkrete arbeidsoppgåver vart gitt til ulike spelarar for å skapa eit god fotballtaktisk samspel. Medan trenaren tok ansvar for det taktiske og tekniske fotballfaglege, tok laget sin kaptein ordet og fortalte korleis han ynskja å ha det blant spelarane på banen:

«Me sleng ikkje drit, me gjer kvarandre gode, med?».

Altså vart det gitt ulike arbeidsoppgåver til kvar og ein, som til saman skulle skapa noko heilheitleg og bra. Dette går typisk att i gruppebaserte aktivitetar og arbeid (Dominelli, 2002:126). Slik sett kan ein sjå nokre av måtane gatelaget jobbar på, som eit fellesskap som artar seg i eit gruppebasert arbeid. Det heile ser ut til å knyta seg opp mot symbolet eller ikonet som eliteseriekklubben utgjer i samfunnssamanheng. Kva gjeld symbolikk, stad, tid og rom, skriv eg meir om kapitelet kalla «Symbolikk og identitet».

Eit gruppesamarbeid eller gruppebasert arbeid, handlar om mellommenneskelege relasjonar, dei ulike kreftene i gruppa, og om dei ulike forholda i gruppa. Alt dette vil bidra eller hindra til gruppas funksjonsevne. Ein må sjå på den enkelte deltakar som menneske og kva interesser det måtte ha, samspelet mellom menneska og interessene, og på resultatet ein ynskjer å oppnå. Alle desse er viktige omsyn å ta, og ein må vektlegga dei ut ifrå dei aktuelle måla med, og til, gruppa (Farner, 2008:50). Dette er eit av suksesskriteria for eit vellukka fellesskap.

Samstundes vil ikkje alltid omgrepet fellesskap tyda noko som berre er flott og bindande. Vetlesen (2009:20) forklarar det slik: Platon og Aristoteles såg fellesskapet som den einaste rette måten å leva eins liv på. Fellesskapet var eininga, individa var byggeklossane. Mennesket, som var eit sosialt vesen, kunne ikkje vera noko anna enn eit monster eller ein gud, dersom ein

frivillig valde å stå utanfor fellesskapet. Det gode livet levde ein i fellesskap med andre, og det var grusamt å stå utanfor. Som eit slags motbør til dette, tegnar Vetlesen eit anna bilete av fellesskapet som klamt og klaustrofobisk. Fellesskapet er noko som inneheld ein tvang om å leva under ei spesiell gruppes normer, roller og identitetar. Fellesskapet undergravar dermed ambisjonane om å leva frie og sjølvstendige liv der ein kan realisera eigne mål og verdiar. Vidare ser ikkje Vetlesen det som særleg kontroversielt å sjå desse oppfatningane som ei utvikling frå antikkens tid og fram til i dag. Frå antikken og fram til det han i 2009 kalla individualismens tidsalder (Vetlesen, 2009:20).

Det eg vil fram til med dette er at såvel som spelarane på gatelaget har det artig og moro saman, vil det også kosta og krevja noko av dei å delta her. Dei ofrar noko for å vera ein del av dette fellesskapet. Brått er dei underlagde særskilde reglar som gjeld for akkurat denne arenaen. Det handlar om til dømes oppmøtetidspunkt, edruelegheit, samt dei også vert regulert/sanksjonert med tanke på kva dei kan snakka om og ikkje. Dei ofrar altså ein grad av sjølvråderett i dei timane dei deltek på gatelagets aktivitetar.

Det er visse rammer og betingelsar som bind det heile saman. Også dette er gruppebasert. Og derav kan eg forstå fellesskapet på gatelaget som noko mellom det Aristoteles/Platon hevda, og motbøren som Vetlesen nemnar. For at spelarane på gatelaget skal nå måla dei set seg, for å realisera desse, er dei avhengig av fellesskapet. Dei er avhengig av å verta instruert av både trenarar og medspelarar. Det krev også at dei held seg til dei reglar som gjeld på gatelaget, både dei formelle og uformelle.

Dersom ein vel å sjå gatelaget som eit fellesskap som utviklar seg i gruppebasert arbeid, må ein sjå på kva gatelaget som heilheit gjer. Spelarane set seg mål for laget, såvel som for seg sjølv. Apparatet rundt gatelaget jobbar derimot for å nå måla dei formelle visjonane Fotballstiftelsen har sett seg. Som hovudvisjonen seier:

«Et bedre liv med flere dager uten rus – gjennom fotball, fellesskap og glede» (Fotballstiftelsen, 2015).

Også spelarar let seg påverka av denne visjonen, då dei ikkje har høve til å stilla openbart rusa på trening. Dei vert i så fall visa vekk, noko eg elles aldri opplevde under mi tid på gatelaget. Som det står på ein plakat i lunsjrommet: «Me klarar ikkje lura kvarandre». Andre kommentarar og utsakn frå spelarane sjølv, gir meg grunn til å anta at reglar som dette påverkar dei positivt. Som til dømes Jims kommentar som kjem under.

Eit kritisk medvit og dialogens rolle

«Det er faktisk eit jævleg ålreit opplegg det her, eg kjem meg opp om morgonen for å gjera noko sosialt og konstruktivt. Og det er faen ikkje sjølvstøtt at eg kjem meg opp om morgonen!»

- Jim, ca. 25

Sitatet her, kom frå Jim, ein mann i midten av 20-åra. Jim har hatt utfordringar knytta til ulike rusmiddel som GHB og cannabis. I dag er han av dei sentrale spelarane på gatelaget, og også dette sitatet kom i høve då eit nytt andlet dukka opp, som ei slags lokkande formaning til den nye spelaren. Vidare forklara Jim at han følte eit visst ansvar for å stilla dei dagane det var aktivitet i regi av gatelaget, nettopp på grunn av at han var ein del av eit lag. Ein stod ikkje aleine her, ein var del av noko som ein stolt kunne assosiera seg med, noko som både var sosialt og god trening. Det var viktig for Jim å treffa andre som hadde til dels opplevd noko av det same som han sjølv, kva gjaldt personlege utfordringar som til dømes rusbruk og det å stå utan fast arbeid.

Dominelli (2002:91) skriv om å koma saman i lag i grupper, og om å definera ein posisjon og å skapa rom for endringar til noko betre enn utgangspunktet. Å koma saman i grupper skal kunna lausriva individa frå ein undertrykka posisjon, ved at ein vil kunna oppleve ei kjensle av tilhald, samhald og styrke. Individet vil kunna kjenna seg som ein del av noko større og sterkare, og dermed få ei tru på at endring til noko betre er mogleg. Også Starrin (2007:69) skriv om å koma saman med andre menneske som har fellestrekk med eins eigne sosiale utsette posisjon, og å solidariserast seg med andre menneske. Det er ein måte å utvikla eit kollektivt empowerment på. Empowerment-omgrepet tyder blant anna styrke, makt, og delaktigheit, eller vil på norsk gjerne omsettast til sjølvstyrking. Ein snakkar både om individuelt og kollektivt empowerment (Askheim & Starrin, 2007:13).

På gatelaget treff spelarane andre menneske som har utfordringar knytt til rus. Det er forskjellar kva gjeld utfordringanes omfang, men alle har dei rusutfordringar til felles. Dette er eit vilkår Fotballstiftelsen stiller til dei som deltek, og som også er med å bekrefte gatelaget som eit særiltak. Lik eins står samlege utan fast arbeid, noko som også fortel om eins potensielt sosialt utsette posisjon.

Freire (1999:18-20) skriv om styrken av å tileigna seg eit kritisk medvit. Dette vil gjera det mogleg for menneska å gå inn i historia som eit subjekt, som Freire forklarar er menneska som er bevisstgjorde og handlar aktivt, kontra objektet som berre vert utsett for handling. Når eit

kritisk medvit vert tileigna, vil det kunna leia til at sosial misnøye kjem til syne for både ein sjølv og andre. Den kritiske medvitet set spørsmål ved, og utfordrar status quo.

Eg høyrde aldri spelarar snakka om seg sjølv som offer. Både Kevin, Jim og Fred fortalde uavhengig av kvarandre korleis dei sjølve hadde «rota seg bort» i stoff og trøbbel, til trass for gode føresetnadar for å late vera. Desse utfordringane var resultat av val dei sjølve hadde teke. Derimot stilte Fred spørsmål til korleis samfunnet handla overfor han då det først gjekk galt. Kvifor hadde han opplevd det han kalla «kalde skuldre» frå folk rundt han? Dette sate i gong diskusjonar blant dei til stades. Somme gonger snakka spelarar om samfunnsengasjerte tema, gjerne i lunsjen. Typisk ruspolitikk, arbeidspolitikk og anna sosialpolitikk kunne verta diskutert. Mitt inntrykk var at dette engasjerte spelarar og skapa refleksjon rundt eiga rolle i dette. Her ville også nokre ha meir kunnskapar enn andre på desse tema, og altså låg det læring og opplysning i dette. Ved samlingar med gatelaget var det rom for å snakka og diskutera meir enn berre fotball.

Freire (1999:72) visar til bruken av dialogen som heilt sentral i menneskets tilvære. I den sanne dialogen inkluderer Freire ord, arbeid, refleksjon og handling. Han skriv om å gi verda namn, altså forandra den. Ved å arbeida for å gi verda eit nytt namn, vil ein utfordra og bli eit problem for dei som definerte og ga namn i utgangspunktet. Ein vil tvinga fram ei endring, eit nytt namn. Det å få vera med på å definera verda er ikkje eit privilegium for nokre få menneske, men skal vera alle menneskes rettighet. Den sanne dialogen er møtet mellom menneske, og den kan ikkje oppstå før dei som har vorte fråteke si rett eller stemme, krev denne attende først.

Cornwall (2008:275) supplerer med at å skapa rom for dialog er naudsynt, men vil ikkje åleine vera tilstrekkeleg for å sikra ei effektiv, reell deltaking. Mykje vil avhenga av korleis folk vel å nytta seg av det dei gjennom aktiv handling og dialog vert tilbode, samt at ein gjennom deltakinga opplev den støtte og styrke gjennom fellesskapet som trengs for å styrka ein sjølv. Det er forholdet mellom det som vert tilbode, og det folk kan skapa sjølv, som vil vera spesielt viktig for å skapa varige endringar til det betre.

Det å mobilisera, og å skapa noko som er konstruktivt og utviklande for ei gruppe, vil kunna utvikla eit kollektivt, samt individuelt empowerment. Ei gruppe vil sjeldan utvikla seg til å bli noko betre, større og stabilt, dersom enkeltindivid er passiv. Utviklinga vil også bæra godt av at ein vert medviten på formelle moglegheiter og rettigheter, slik at sjølvsikkerheita kan verta sterkare. Då får ein lettare disponert ressursane ein sit på, både kollektivt og individuelt (Westerlund, 2007:88-89). På gatelaget får spelarane i tillegg til instruksjonar om gode

pasningar, informasjon om formelle rettigheter og krav, både frå leiinga for samfunnsansvar, og frå trenarane og frå kvarandre. Eit døme her er korleis leiar for samfunnsavdelinga er opptekne av å opplysa spelarar om blant anna moglegheiter for arbeidstrening i klubbens apparat. Som kapteinen på laget så fint sa det, det handlar om at spelarar ikkje berre skal ta vare på seg sjølv, men også medspelaren. Lagmentaliteten kjem dei ikkje utanom, det syt både dei sjølve og trenarane for å minna kvarandre på.

Det å treffast på ein arena kor ein får tilbakemeldingar og konstruktiv kritikk på det ein gjer, og sjølv kan bidra for at det kollektive skal opp og fram, verkar å vera essensielt blant spelarane på gatelaget. Eit lag krev at det nettopp er fleire enn éin, og omgrepa lagarbeid og «teamwork» har dukka opp i ulike høve. «*Finalesigeren var teamwork!*», sa Ivar i etterkant av ein cupsiger gatelaget tok heim.

Teamwork

Ifølge Kjøde (1999:9) handlar teamwork om å reflektera over eigen problemløysing og sosiale prosessar, saman med andre. Det krev ein tryggleik som kan konstruerast ved at deltakarar kjenner grensene rundt prosessar og relasjonar, og at det er kjent korleis det vert ivareteke av gruppa, den enkelte og i leiinga. Nettopp dette har vorte presisert av trenarane på gatelaget. Dei har gitt spelarane i oppgåve å verta kjent med kva ein sjølv toler, og kva andre toler. Dei minnar også stadig på at spelarane skal bygga kvarandre opp, rosa kvarandre, gi gode men også kritiske tilbakemeldingar slik at folk kan spela kvarandre gode. Ved å gi konstruktive meldingar, og å rosa kvarandre når noko fungerer, skal ein heva moralen i laget:

«*Me er eit lag, eit tog, det må de hugsa på når nokon bommar på ein sjanse*», sa ein spelande trenar då ein av spelarane hadde sendt nokre mindre fine glosar i retning ein medspelar som var ein fotlengde eller to unna å nå ballen føre mål.

Teamwork tyder i grunn det same som lagarbeid, men eg vel å halda meg til omgrepet teamwork i dette delkapitlet, då det er eit omgrep som stadig dukkar opp i (ny)norsk språk. Teamwork handlar om å definera dei ulike behova gruppa har, og å tileigna seg ulike sosiale ferdigheiter som kan sikra at teamet fungerer så optimalt som mogleg ut ifrå dei utfordringane som ligg til grunne (Kjøde, 1999:9). På gatelaget går ikkje dette ut på berre korleis sjølve samhaldet tek fatt, men også på korleis dei ulike reglane, uformelle så vel som formelle, regulerer gruppa. Det gjekk også ut på korleis me praktisk trena og jobba for å verta eit betre fotballag. Kjøde si (1999) skildring av teamwork er klassisk i næringslivet, men det er mogleg å overføra til settinga me

er i. Dette med tilbakemeldingar og konstruktiv kritikk gjeld sjølvsagt ikkje berre ute på treningsfeltet, men i all den tid spelargruppa er samla.

Ledwith & Springett (2010:151) skriv om å sjå verda som eit levande system, der ein fokuserer på samhald og relasjonar, kontra å sjå alt som oppdelt. Kritiske men konstruktive tilbakemeldingar på mellommenneskeleg nivå er viktig for å oppretta balansen i dette levande systemet, samstundes som ein utviklar det. I praksis tydar dette at ein viar merksemd til tilbakemeldingar ein får, for å bruka det i ein gjensidig prosess, å spegla tilbakemeldingane med ei utvida forståing – altså å spela eller gjera kvarandre gode.

Ein ting er å få tilbakemeldingar frå trenarar – som er store førebilete og tidlegare fotballspelarar på topp nasjonalt og internasjonalt nivå. Ein anna ting er å ta imot kritikk frå medspelarar. Spelarar som er der på dei same vilkår som ein sjølve, og er til dels likestilt kva gjeldt fotballtekniske ferdigheiter. Det har syna seg å ikkje bestandig vera like enkelt. På nokre treningar har eg opplevd at enkelte spelarar kan få mykje kritiske tilbakemeldingar av medspelarar når ting ikkje har gått veldig bra på banen. Og somme gonger kan motsvara koma i frustrasjon og forbanning. Men som regel har eg opplevd det som at dei fleste spelarane er gode på å ta til seg konstruktiv kritikk. Mykje handlar om kva måte beskjedar vert gitt på, og eg visar til to eksempel som gjorde seg til kjenne under same treningsøkt:

«*For helvete, den ballen skal du ha!*», brøla Jonas høgt.

Tim brøla enno litt høgare attende at: «*Men for helvete, eg prøvar jo!*».

Det verka som at Jonas skjøna at han kom noko veg med denne framgangsmåten, for minuttar seinare bomma Tim på eit tilnærma likt innlegg nok ein gong. Sjølv frykta eg nok ein munnleg represalie frå Jonas, men vart noko overraska av:

«*Det var nesten! Start løpet litt tidlegare neste gong, så går det!*», som resulterte i at Tim ga ein tommel opp.

For å oppnå denne balansen som Ledwith & Springett nemnar, krev også sjargongen på gatelaget konstruktive tilbakemeldingar, kontra frustrerte kommandoar. Når me engasjerer oss som utøvarar saman med andre menneske, i prosessar med gjensidig samhandling, bidreg me til å utvida kvarandre sine kunnskapar og styrkar. Dette er ikkje berre relevant i samanhengar av gatelaget sin målestokk, men på alle nivå og samanhengar der ein ynskjer å skapa eit kritisk reflekterande kollektiv (Ledwith & Springett, 2010:151). Eit eksempel på akkurat dette, er korleis spelarane instruerer kvarandre ute på banen. Under sjølve spelet på ei av dei første

treningane, vart eg flytta opp på sentral midtbane etter å ha spela forsvar, meir eller mindre vellukka. Umiddelbart kom ein av dei meir drivne spelarane for å forklara meg korleis eg skulle røra meg ut og inn frå midten av banen, avhengig av om me var i angrep eller forsvar. Derav fekk eg meir fotballoperative kunnskapar eg kunne bruka for å heva nivået generelt.

Dette var noko som slo meg undervegs i arbeidet, kor vanleg og naturleg det var å instruera kvarandre og at dette vart teke sopass på alvor som det vart. Eit anna eksempel var korleis eg sjølv som ny, og med andre nye spelarar, vart fortalt korleis ting fungerte i garderoben. Som til dømes kor skittentøyet skulle, at det skulle vera riktig vrengd, og kor ein fant det ulike utstyret.

Det same gjaldt også når me ved eit nokre høve hadde besøk av spelarar frå andre gatelag rundt om i Norge. Rundt juletider hadde Thom med seg ein ven som spela på eit gatelag ein anna stad i landet, men som opphavleg var frå staden dette gatelaget var tilknytt. Vedkommande, la oss kalla han Einar, hadde møtt nokre av spelarane i ein kamp i ei turnering tidlegare. Utanom det, kjente han berre Thom frå gamle dagar. Til trass for at Einar openbart var ein røynd gatelagsspelar på sitt lag, var han audmjuk og klar over at ting kanskje vart gjort annleis her. Han fekk kjapt innføring i korleis garderoberutinane var; kor shortsar, sokkar og draktar låg. Og at det sjølvsgt skulle vera rett vrengt før det gjekk i skittentøysbunken etterpå. Dette til trass for at han berre var på besøk den eine treninga, for som Thom sa: «*Kanskje spelar du her fast snart*».

På banen fekk Einar dei same innføringane eg sjølv hadde fått då eg var ny, om korleis oppvarmingsøvingar som «firkant» fungerte. Desse instruksjonane kom ikkje frå trenaren, men frå Thom og andre spelarar. Det virka å vera veldig naturleg at det var eit felles ansvar for at rutinar, både i garderoben og på banen, vart formidla til nye deltakarar. Dette var ein del av gatelagets teamwork.

Med humor som verktøy

«*Vel, det viktigaste her er at me faktisk har det artig ilag, gløym ikkje det, gutar!*»

- Fred

Når ein spelar kvarandre gode, kan ein lettare skapa noko sosialt som står støtt for å driva kollektivet framover mot noko betre. Det sosiale aspektet på i gatelaget gatelaget byggjar på eit samhald og eit felles ynskje om å få til og prestera noko som eit lag. Inni her ligg ein del eigenskapar og arbeidsoppgåver som er under stadig utvikling. Og for å styrka dette, har blant anna det å ha det artig og å ha humor, vorte framheva som ein viktig faktor for suksess.

Når Fred snakka om kor viktig det var at me hadde det artig saman, føya det seg inn i ei rekke sitat og samtalar om det å driva laget mot sigrar og utvikling, samstundes som det skal vera artig på vegen. Ein av trenarane forklarte det med at å klara noko som eit lag, kontra enkeltferdigheiter, ville bygga eit mykje sterkare fundament som alle kunne nytta betre av på alle område. Altså skal individet tena på dette fellesskapet, og det skal stå fram som meir hensiktsmessig å vera ein del av enn ikkje, noko Vetlesen (2009:26) påpeikar som essensielt i notidas fellesskapstankar. Vidare denne mentaliteten om å prestera i fellesskap som i tillegg var artig å vera ein del av:

«Å ha det gøy på vegen er det einaste som kan styrka gruppa som eit lag. Og det er regel nummer 1!», sa ein av trenarane.

Humoren på gatelaget er ofte sentralt for korleis stemninga er. Spelarane ler til tider mykje saman, noko som ofte tek brodden av alvorlege tema. Det løyser også ofte opp småkonfliktar mellom spelarar, og humoren er då eit verktøy for å dyrka den sosiale samhandlinga positivt. Men kan bruk av humor somme gonger ha negative konsekvensar?

Argumentet for at humor styrkar samhandling og forhandling, byggar på ein ideologisk positivisme, der latter vil tolkast som eit attraktivt gode, og der negative konsekvensar av humor vert ignorert, som til dømes latterleggjing av folk. Ein kan på ei anna side sjå latter som ein retorisk del av språket vårt, der me kan både bekrefte eller forneakta det som vert sagt. Held me heilt kjeft der det kanskje er forventa at ein skal le, har ein avvisa ei ytring. Og ler me, bekreftar me truleg positivt på ytringa (Sudmann, 2008:254-255).

Humoren på gatelaget kan somme gonger vera som vanleg «garderobehumor», men titt og ofte rører den ved meir alvorlege tema, som til dømes rus. Eit eksempel på dette var etter at gatelaget hadde vunne ein nasjonal fotballcup for gatelag. Dette var ei helg, og tysdagen etter sat me å hadde frukost ilag i forkant av treninga. Brått kom Kevin inn, og var openbart oppgitt av eit eller anna som stod føre han på mobilskjermen sin. Han hadde motteke ein sms frå ein spelar på eit av Frelsesarmeens fotballag som meinte gatelaget ikkje kunne kalla seg «gatelagsmeistrar», då dette med gatefotball var eit omgrep som hørde til Frelsesarmeen. Ifølge Kevin ein heilt vill påstand. Det vart ein liten diskusjon rundt dette, og temperaturen i gruppa steig noko, før Johnny tok ordet høgt og tydeleg og sa:

«Men herregud, veit dei ikkje at me narkisar lever i ei heilt alternativ verd, og kan vera meistrar i akkurat kva faen me vil?!».

Responsen var ikkje til å misforstå. Samlege i rommet, også eg sjølv, lo godt. Her tok Johnny brodden av det som hadde skapa noko frustrasjon ved å bryta det ned til ingenting. Saken, eller det som i grunn ikkje var ei sak, vart lagt død. Denne form for humor kan sjåast som eit eksempel der humoren referer til folks oppfatning av andre, og folks eigne identitet. Willis (2005:127) forklarar det med at for utanforståande vil denne type humor seia noko om «dei andre» si tilhøyrse til ei sosial gruppe, medan «me» vil kunna kjenna oss att i karakteristikken som vert gitt. Når spøken byggjar på sosiale stereotypiar, vil responsen vera avhengig av kor vidt spøkens «eigar» kan identifisera seg med gruppa han talar til. Ein slik opprørsk humor kan også oppfatast som ei kortvarig friheit frå den sosiale konvensjonen, men kan også vera ei vanskeleg oppgåve, då det kan forsterka den sosiale strukturen, avhengig av strukturen den spottar. Spøking og vitsing avheng altså av dei strukturelle rammene i situasjonen (Sudmann, 2008:255).

Det var også fleire episodar kor det eg vil kalla alvorlege tema, brått vart utgangspunkt for ein god latter. Under ein frukost i desember sat Kevin og las avisa. Til venstre for Kevin sat Roger å var oppteken med kaffien sin. Kevin har eit auge som skjeglar veldig, dette etter ei ulykke for nokre år sidan. Då «blikket» frå dette auget stod vendt mot Roger, gløymde Roger at dette ikkje var tilsikta. Brått braut han ut:

«Kva faen er det, har eg sølt eller?», og byrja i fullt alvor å kosta av seg på skuldra og brystet. Det var ingen som skjøna kva han meina, og han gjentok seg sjølv litt i frustrasjon, og la til: *«Du glør jo så jævleg, Kevin!»*.

Då fekk han merksemda til Kevin som ikkje umiddelbart skjøna heilt kva som skjedde. Då det gjekk opp for begge to i løpet av eit brøkdels sekund etter, at det heile var ei misforståing basert på at auget til Kevin stod skeivt, knakk dei begge saman i høg latter. Då det i sekunda etter gjekk opp for oss andre, var det umogleg å ikkje le med dei. Kevin med det skeive auget, lo høgast av alle. Han har vore veldig open om denne ulykka frå «tidlegare liv» som gjorde at eine auget skjegla, og har ikkje problem med å «spela» på dette. Også då Kevin hadde på keeperhanskane, og nokon klarte å setja ballen i mål på venstre side, kunne han bryta ut:

«Det der er usportsleg, det er feil side!», med låtten ikkje langt unna. Det er altså ein god dose sjølvironi blant spelarar på gatelaget. Det å skøya med det som for meg stod fram som alvorlege tema, var openbart ikkje uvanleg her. Lockyer & Pickering (2005:4) presiserer at det somme gonger kan vera hensiktsmessig å sjå humor i alvorlege tema som angår oss sjølv og vår

personlege historie. Ved å klara å le av eller latterleggjera visse delar av temaet, vil ein enklare leggja til sides det negative som potensielt held ein att.

Også før treningskampen mot det lokale politiet, eller «snuten» som vart sagt blant spelarane, var det mykje humor rundt under morgonmøtet. Ein av trenarane, som har bakgrunn frå politiet, tok ordet for å leggja ein strategisk plan for kampen. Undervegs i taktikkpratet, sa han med glimt i auget at fleire av spelarane her truleg hadde vore i kampar med politiet før. Før han fekk snakka ferdig, braut Jonas inn:

«Ja, og der leiar eg ca. tjue-tretti – null, så då er standarden satt for kampen», til stor latter frå dei andre.

Somme personar, som til dømes Jonas og Jim, har nærast eit ansvar for å koma med morosame kommentarar og «små stikk». Ein ser det ved at i situasjonar som for eksempel under taktikkpraten til trenaren, så såg dei andre spelarane bort på Jonas eller Jim, med forventing i blikket. Dei hadde ein slags status som humoristar på laget. Goffman (2004:194) skriv om status som ein gitt posisjon i eit system eller mønster av posisjonar i eininga. Statusen er ein del av pliktene i dei forskjellige posisjonane. Rolla vil vera aktivitetane innehavaren av statusen utførar om han handlar ut i frå dei forventningane dei andre har til hans posisjon og status. Altså var Jonas og Jim tillagt ein status som skapa forventningar til rolleutføring.

Det er mange ulike karakterar som samlast for å spela fotball dei dagane gatelaget har trening. Som kjem ilag for å snakka eit felles språk, og prestera på ein arena som er anerkjent blant svært mange. Alle saman her har si historie, men på denne arenaen vert alle behandla ut ifrå dei gjeldande rammene. Dei deltek på dei same premissa og skal fylgja dei same reglane. Det kan i utgangspunktet vera positivt, men slik kan det også verta temperatur av. For alltid er ikkje alle på same personlege plan når dei stiller på trening. Det er ikkje alltid alle stiller ut ifrå dei same premissa den dagen. Somme gonger kan det vanka impulsive kommentarar eller hendingar som ikkje eignar seg i eit sunt, sosialt fellesskap, og som ikkje ved første tolking kan verka som moralbyggande eller lagbyggande. Som regel har det kome ei oppklaring i etterkant av det som har utarta seg, og av og til kan det vera situasjonar utifrå som ein deltakar har «teke med seg» inn. Då kan det gå «ei kule varmt», og det kan vera utfordrande for laget som eit positivt fellesskap.

Temperatur og spenningar

«Neste gang slår eg deg!»

- Ragnar

Sveitta piplar nedover kinna, skuldra er godt trekt opp og høgreneven er knyta. Ragnar ser på Thom med vidopne auge. Det vert stille i eit par sekundar før spelet fortset. Det er «firkant», ei oppvarmingsøving treningane alltid vert innleia med, og Thom har akkurat tråkka knottane hardt ned på vrista til Ragnar. Det var tilsynelatande eit uhell, og eg hadde inga grunn til å tru noko anna. Slikt skjer i fotball, tenkte eg. Spelet fortsette sin vante gang, og ikkje før ein pause langt ut i treninga, fekk eg med meg det som vart forsoninga mellom dei to involverte. Den skjedde ved at Thom gjekk bort til Ragnar, flirte litt, strakk ut handa og beklaga at han bokstaveleg talt hadde tråkka han på tærne. Ragnar slengte ut si eiga hand, og beklaga den noko aggressive reaksjonen. Eit kort referat om at veka har vore «rævva», vart gitt, og det skulle ligga til grunne for den låge toleransen. Laget sin kaptein fekk også med seg forsoninga, og sa:

«Bra! Me spelar på same lag gutar, hugs det. Eit handtrykk, så drit me i det der».

Det at kapteinen anerkjente forsoninga og tok ordet, seier noko om at det fantes eit leiarskap i gruppa, til trass for ein forholdsvis flat struktur. Spelaranes eigne «overordna» konstaterte at slik skulle det vera. Iltad (2004:86) hevdar leiarskap i mindre grupper i stor grad handlar om å bidra til å nå gruppas mål. Dette inneberer uansett at alle medlemmane i mindre grupper som regel bidreg på sin måte, og at leiarskapet ofte vil vera meir spreidd i slike grupper. Vidare skriv han at i mindre grupper som regel har to hovudmål: oppgåveutføring, altså produktivitet, og trivsel. Styrken i mindre grupper, vil ofte vera at ulike personar bidreg til å oppnå dei ulike måla.

Som ein polaritet til den konstruktive kritikken, dei gode tilbakemeldingane og det som handlar om å gjera kvarandre gode og styrka fellesskapet, opplevde eg ein sjeldan gang episodar slik eg har skildra over. At ein deltakar i eit moglegvis svakt augneblink kunne lira av seg ein kommentar i eit trusselformat. At det kunne koma skarpladde reaksjonar i kampens heite som kunne verta eit slags uromoment i gruppa. På nyåret var det òg ein lei situasjon. Då me møtst til frukost før treninga, var det merkbare spenningar i lufta. To av dei meir sentrale skikkelsane på gatelaget hadde diskutert og krangla via sosiale media i førekant av treninga, og det var inga munter tone mellom dei to. Ein anna deltakar ga klar beskjed:

«No tek du Jonas i handa, så drit me i det her. Dette veit du!». Kevin tok beskjeden til seg, tok Jonas i handa og dei vart tilsynelatande einige om å leggja det bak seg.

Likevel klarte ikkje Kevin heilt å sleppa taket i frustrasjonen, og midtvegs i treninga gjekk han frå treningsfeltet i sinne, openbart enno provosert. Også her hadde ytre forhold og omstende

vorte teke med inn i samlinga, og påverka det i sopass stor grad at ein valde å forlata treninga. Ingen av dei andre spelarane sa eller kommenterte noko då Kevin gjekk av banen, og dette fortalte meg noko om korleis laget som eining hadde for praksis å løysa slikt. Det var ei felles forståing på at det var lov å ta ein time-out om ein ikkje hadde det godt, eller det var noko som plaga ein. Ingen sa noko eller prøvde å overtala Kevin til å bli att. Hadde han først bestemt seg, så var det greitt.

Først i garderoben kom nokre av deltakarane inn på det som hadde skjedd, og kapteinen på laget sa noko eg tykte var interessant. Dersom me ikkje kunne bli forbanna på kvarandre, kunne heller ikkje laget verta betre. Om me ikkje stola nok på kvarandre til at det kunne «smella litt i veggane», kunne me heller ikkje stola på kvarandre ute på banen. Vidare sa han at det sjølvstakt var ei keisam oppleving at ein spelar stakk frå trening, men at me som lag måtte løysa det, nettopp i fellesskap.

Konflikten løyste seg først etter treninga, då Kevin enno ikkje hadde forlete området, og vart igjen for å eta lunsj med resten. Eit nytt handtrykk og ei ny unnskyldning frå begge partar, måtte til. Det som var felles for dei to episodane eg har beskrive over, var at konflikten ikkje vart løyst då den stod på. Det måtte gå noko tid før nokon ville seia noko, og koma til botn i sakas art.

Dette var nokre døme på kor handling ikkje stod i stil til korleis enkelte spelarar til tider kunne glorifisera gatelaget som fellesskap. Som for eksempel då Kevin sa me var som ein familie og møtte oppføra oss deretter, samt andre utsagn og handlingar der tryggleik og fellesskap vart trekt fram som sentralt. Goffman (1992:37) skriv om idealisering som ein del av rolleutføringa vår. Det ligg i vår natur å opptre tilbøyeleg nok til å gi dei rundt oss eit inntrykk av ein idealisert praksis. Me handlar riktig ut ifrå det som er venta av oss.

Eg tvilar på inga måte på det positive fellesskapet gatelaget utgjør, men det er viktig å få fram i lyset eventuelle mønster som kan verka trugande på dette. Når spelarar ga uttrykk overfor meg at alt berre var trygt og godt her, ga dei uttrykk for eit idealisert fellesskap, og måtte då leggja skjul på handlingar som ikkje var i tråd med dette. Når trugsmål og krangling føra til usikkerheit i gruppa, kunne dette skapa sprekker i inntrykket som vart gitt av den enkelte. Dette til trass for at episodar stort sett gjorde seg til kjenne impulsivt i kampens heite. Goffman (1992:24) meiner me somme gonger bør spør oss sjølv om inntrykket me prøvar å skapa for andre, faktisk samsvarar med røyndommen.

Ein av trenarane fekk veta om akkurat dette, at nokre spelarar hadde teke med seg konflikter utanfrå og inn, og at dette hadde prega samhandlinga negativt. Under frukosten to dagar etter,

tok han dette opp i fellesskap. Uansett kva som måtte ha skjedd, om det var i føretid, notid eller i framtid, skulle ikkje private konfliktrar få prega treningar eller aktivitetar i gatelaget sin regi. Dette var ein heilt sentral regel, og det skulle visa seg at dette måtte takast opp i fellesskap fleire gonger:

«Dette skal vera ein fristad!».

Det kollektive gatelaget

«Eg er sjuk, så eg vert ikkje med på sjølve økta. Har ikkje sjanse. Men tenkte no eg skulle stilla her i forkant uansett, så eg veit brødet kjem på bordet»

- Materialforvaltar

Ein noko pjuskete materialforvaltar, snufsete og småbleik, sat med skjerfet godt rundt halsen. Han var først på plass i dag òg, til trass for at forkjølinga sat godt i kroppen. Vedkomande har også fast arbeidstrening i klubben. I tillegg har han saman med ein spelar til, ansvaret for det materielle i gatelaget sin regi. Det vil seia ansvaret for at det naudsynte til måltida er til stades, såvel som at treningsutstyret vert vaska, tørka og gjort klar for bruk til kvar einaste trening. Dette visste han at han hadde kontroll på. Vel vetande om at brødet hadde kome på bordet uansett om han hadde møtt opp eller ikkje, eller at me truleg hadde klart å finna fram utstyr som me skulle bruka, var han likevel først på plass. Det kan fortelja noko om kjensla av å vera ein del av eit lag, og noko om ansvarskjensla materialforvaltaren verka å ha fått overfor laget. Hendingar som dette, ga meg inntrykket av at deltakarane opplevde det som eit meiningsfullt å vera ein del av gatelaget. Rolla som materialforvaltarar er fast, og er gitt to spelarar. Andre arbeidsoppgåver er meir rullerande. Det gjeld til dømes oppgåver som rydding, setja på kaffi, samla saman fotballar etter treningane, ta inn kjegler, fylla flasker med vatn, ta ut overtrekkstrøyer og andre mindre gjeremål som dukkar opp i eit fotballag.

Rolla som materiellansvarleg er ei rolle som vert teke seriøst. Vedkomande formidla at han møtte for å veta at «ting var på stell» til trass for at han sjølv ikkje skulle delta. Dermed fekk han retta litt av gruppas fokus mot arbeidsoppgåvene han hadde ansvar for, overfor laget. Dette vil fortelja noko om ansvarskjensla vedkomande har overfor laget, men det kan også tolkast som eit interessant eksempel på eit rollefenomen Goffman (1992:34) kallar dramatisering. Det går ut på korleis me ynskjer å gi inntrykk til andre om at me tek oppgåver og ansvar på alvor. Somme gonger ynskjer me å la oppgåver eller aktivitetane våre verta framstilt og blottlagt, for å retta fokus mot og bekrefte forhold som elles kunne passert i det stille. Me legg det fram,

bevisst eller ubevisst, på ein måte som kan visa at det me gjer er viktig og har ei betydning for andre. Me vil formidla dette ansvaret for dei andre. Goffman (1992:34) hevdar dette ikkje byr på utfordringar i dei fleste tilfelle, ettersom denne utføringa eignar seg til å formidla eigenskapar og ferdigheiter utøvaren innehar. Altså er dramatisering eit verkemiddel i bevisstgjerung.

Eksempel som overfor er noko eg også har merka meg ute å fotballbanen, i den forstand av at spelarar ynskjer å leggja fram sine spelaroppgåver (keeper, midtstoppar, spiss, etc.) som viktige brikkar for at lagspelet skal fungera slik som er ynskja. Dette inneberer ei felles forståing av arbeidet som skal til for å få lagarbeidet til å fungera.

For at ein skal bevara drifta rundt gatelaget, samt ha kontroll på logistikk og anna rundt aktivitetane som skjer i gatelaget sin regi, er ein avhengig av at arbeidsoppgåver vert følgt opp av både spelarar og trenarar. Dette gjeld sjølv sagt også på banen. Det er arbeid som skal gjerast her. Klemsdal (2009:56-57) skildrar fellesskap først og fremst som ei gjensidig forståing av det som skal skje. Me held oss i høve til andre ut ifrå deira handlingar, og andre held seg i høve til oss ut ifrå det me gjer. Anerkjennung kjem ofte som resultat av dette. Ser ein dette opp mot til dømes arbeidslivet, vil dette dreia seg om to heilt sentrale vilkår for menneske: handling og fellesskap. Me gjer noko ilag med andre, med hensikt å skapa noko. I arbeidslivet snakkar ein gjerne om å skapa eit produkt (ibid). Også på gatelaget er det slik. Dei ynskjer ein viss profesjonalitet rundt det som skjer her. Det vert forventat at ting er på stell, og dei må sjølv syta for at så er tilfelle. Trenarane er der for å vegleia, koma med råd, tips og anna konstruktivt, men det er spelarane som ferdigstiller eit produkt. Også på banen ynskjer dei å verta eit godt fotballag som kan spela, og vinna kampar. Dei ynskjer at det dei gjer skal vera effektivt nok til å skåra, og hindra, mål.

Dei ulike arbeidsoppgåvene på gatelaget er mindre tannhjul som alle må gå rundt for at det skal gå framover. Det er eit kollektiv som driv det heile framover. Det mest materielle i forkant og etterkant av treningar, som utstyr, garderobe og mat, er førebeholdt bestemte spelarar, medan dei andre oppgåvene er alle sitt ansvar å syta for. Det vil blant anna seia: er ein først opp i garderoben etter trening, så set ein på kaffi. Ein finn fram maten, slik at det er klart til dei andre kjem. Det er klart at nokre spelarar tok dette meir alvorleg enn andre, ved at dei gjerne kunne kommentera dersom dette ikkje hadde vorte gjort.

Eg omtala ein episode i metodekapittelet der eg ville finna ut kva eventuelle sanksjonar som venta, dersom eg var først attende i lunsjrommet og ikkje gjorde desse elementære oppgåvene. Det var ikkje meir alvorleg enn at eg vart spurt:

«Er ikkje kaffien klar? Er det tomt for brød, med tanke på at det ikkje er å sjå på bordet?».

Det vart merka seg. Eg, og det eg ikkje hadde gjort, vart registrert og kommentert. Ved andre episodar der folk ikkje hadde gjort desse fellesoppgåvene, vart det ofte noko meir direkte kommentarar som kunne koma frå dei andre, utan at det vart dei store hendingane. Det kunne gjerne koma ein kommentar om sløvheit og egoisme. Det kan også seia noko om ei viss forskjellsbehandling av meg som var ny, eller ekstern, og dei meir røynde spelarane. Då eg berre fekk ein enkel merknad, kunne andre oppleva meir spiss og personretta kritikk.

Oppsummering

I dette kapitlet har eg skrive om nokre fenomen som bind saman gatelaget som eit fellesskap, og eg har skrive om nokre hendingar som utfordra det biletet spelarane sjølv har gitt av gatelaget, både i form av kommentarar og handlingar. Ved å sjå på teoriar om fellesskap, gruppebasert arbeid, samhandling og deltaking, har eg forsøkt å synleggjera korleis det gjekk føre seg på gatelaget. Dette for å gi eit generelt bilete av korleis dette fotballaget ser ut innan ifrå, og korleis eg opplevde under mitt opphald at laget samhandla på godt og vondt.

Kapitlet du no har lese, er det mest generelle kapitlet i denne oppgåva.

Symbolikk og identitet

«No spelar eg for klubben i mitt hjarta. Akkurat det er ikkje så mange som får sjansen til, og eg hadde vel aldri trudd for eit år sidan at eg skulle ikle meg denne drakta, og spela fotball på denne banen»

- Tim

I dette kapitlet skal eg setja lys på noko av det eg ser som viktig for dette fotballaget. Eg skal greia ut om ytre faktorar som spelar inn i samhandlinga på gatelaget. Dette gjeld til dømes å drøfta kva det betyr å assosierast med det som er ein av dei større fotballklubbane i Norge, det som er eit symbol for idrett, stoltheit og lange tradisjonar. Kva betyr det å spela på eit av laga til ein fotballklubb som har ein svær tilhengjarskare, og som er byens største lag? Korleis gjer dette seg til kjenne blant spelarar på gatelaget?

Eg kjente på noko spesielt ved å tre på meg ei klubbdrakt som er nøyaktig den same som elitegruppa brukar. Dette gjer spelarane på gatelaget to gonger i veka når dei trenar, og dei

spelar kampar i eliteklubbens namn og drakt. For meg var det noko spesielt å ikle meg noko veldig mange kjenner att, og som er ein del av det mange ser opp til. Det er spanande og interessant å koma på innsida av eliteklubben, bruka deira fasilitetar, trenar under gamle klubblegendar, og spela kampar i ein serie for gatelag. Treningsfeltet gatelaget brukar, er direkte knytt opp mot byens toppserieklubb. I idrettssamanheng er det byens fotballag som heilt klart haustar mest merksemd i media, og det verkar som dei fleste av byens innbyggjarar har eit eller anna forhold og kjennskap til klubben. Spelarane i elitestallen er «kjendisar» i byen.

Spelarar på gatelaget har spela heilt andre og ulike roller i eigne liv, og i samfunnet elles, som gjerne ikkje er like naturleg å sjå opp mot det eg har nemna over. Med eit profesjonelt og sportsleg næringslivsapparat på ei side, og ei gruppe menneske med rusutfordringar på den andre, byr det på eit spanande tilhøve og samhandling. Det har vore interessant å sjå desse ulike aktørane i eit samarbeid med ynskje om å få til noko konstruktivt som kan gagna begge partar.

Spelarane på gatelaget verkar å vera opptekne av å verte assosierast med klubben, sjølve gatelaget og verdiar som står sentralt her.

Stadens påverknad

Då eg for første gong skulle trenar med gatelaget, fekk eg ei nervøs kjensle. Eg gjekk av bussen i nærleiken av der klubben heldt til, og spaserte mot stadion og treningsfeltet eg før berre hadde vore på som tilskodar. Mange gonger har eg stått på tribunen å brølt og heia på fotballklubben eg held med, og som har heimebane her. Aldri hadde eg førestilt meg at eg skulle delta på andre aktivitetar enn det her, og i alle fall ikkje «på innsida» i klubbens eigne regi. Men no stod eg altså utfor inngang 5, og venta. Klokka var 09:15, og eg hadde eit kvarter igjen til det var oppmøte. Brått vart ein nøkkel vridd om, og eg såg gjennom glassdøra ein smilande type som opna døra for meg.

«Hei! Og velkomen!»

Mannen som var i 30-åra presenterte seg. Han kjende eg att frå då eg hadde vore der å informert spelarane om prosjektet mitt. Eg rakk han handa mi, presenterte meg, og bekrefta at eg var klar. Nervøsiteten eg kjende på, sa eg ikkje noko om. Me gjekk inn i det som var samlingsrommet, eller lunsjrommet. Der stod eit slite langbord med svarte stolar i plastikk rundt. På bordet låg det nokre brød, ein del pålegg, pappfat og plastikkoppar. På eit lite bord ved sidan av, stod ein kaffikjele på kok. Eg fann ein plass, hang frå meg jakka å sate meg ned. Det var berre han og eg førebels. Han forklara meg at han saman med ein til, var materialforvaltarar på gatelaget.

Ein av dei, eller begge to, stilte som regel ei stund før resten av gjengen for å gjera klart til dei andre kom. Dei hadde ansvaret for at maten vart funne fram, og at utstyret (draktar, leggskinn, sko, ballar, osv.) var klart i garderoben til sjølve treninga skulle starta. Han skjenka meg ein kopp kaffi, og me sat å snakka litt, og vart betre kjende.

Dei neste ti-tolv minutta kom den eine spelaren etter den andre inn og fann plass. Då klokka var ca. 09:40, var ti mann, ei kvinne, to trenarar, samt sjef/ansvarleg for samfunnsavdelinga i den aktuelle klubben, på plass. Og eg då. Folk snakka stort sett om ein fotballkamp som hadde vorte spela dagen før, som fleire openbart hadde sett på tv. Det var stor entusiasme, og noko sa meg at fotball var meir enn berre fotball her. Me vart sittande ei god stund. Ein av spelarane, Kevin, spurde meg litt om studiet eg gjekk på og kva eg skulle verta når eg vart stor. Eg svara så best eg kunne, utan å greie veldig ut. For at det ikkje skulle bli så stort fokus på meg som student, skifta eg tema og fortalte eg at eg ikkje var noko stor fotballspelar. Dette ville truleg resultera i at dei kom til å få seg ein god latter på banen. Me vart sittande fram til ca. kl.10:00, før ein av trenarane tok ordet og sa det var på tide å trekka ned i garderoben. Folk hadde ete litt, drukke kaffi og preika, men no var det tid for alvor.

Det var på veg ned til garderoben grunnlaget for dette kapittelet vart lagt. Då me gjekk inne på stadion, føre grasmatta og på veg inn mot spelargarderoben. Det var då eg verkeleg kjente på kroppen at det gjorde noko med meg. Eg fekk frysningar, og eg gløymde ærendet mitt for nokre sekundar. Her opplevde eg noko som seinare skulle danna eit metodisk notat: kva gjer det med gatelaget sine spelarar når dei er på området her? Det spørsmålet utvikla seg etter kvart til fleire spørsmål eg ynskja svar på, kva gjaldt sjølvrepresentasjon og forventingar.

Staden, situasjonen og andre ytre faktorar gjorde noko med meg som sate i gong nokre tankar. Det var noko spesielt ved å gå akkurat her for meg, då mitt høve til staden var tilskodarrolla på fotballkampar spela av det eg kan kalla favorittklubben min. Altså var aktivitetane eg visste skjedde her til vanleg, avgjerande for mi oppfatning av staden. Cresswell (2004:51) skriv om ei sosialkonstruksjonistisk tilnærming til stad. Underliggande, sosiale prosessar skjer her, og det formar inntrykka av stadens eigenart til noko unikt og spesielt, avhengig av auget som ser. Det er ikkje sjølve konstruksjonane av tinga eller staden, men forståinga og tolkinga av desse og det som skjer her. Altså handlar ei sosialkonstruksjonistisk tilnærming om kva inntrykk staden gjer, og kva inntrykk menneske etterlet seg her.

Då ville mi oppfatning og forståing av staden vera annleis enn andre sin. Mitt forhold til staden var forbunde med noko anerkjent, profesjonelt og populært. Dette stod eit knippe få menneske

(spelarane på elitelaget) for. Då eg fekk desse kjenslene og frysningane, haldt eg på å gå i ei metodisk fallgruve, som ville vera å anta at desse inntrykka truleg gjaldt alle andre også. Kanskje ville eg etter kvart observera noko som kunne gi meg grunnlag for å seia noko om korleis spelarane på gatelaget opplevde dette, og kva som låg bak handlingsmønsteret her.

Dette kan ein også sjå opp mot det Giddens (1993:133) kallar «strukturens dualitet». Aktørar vil handla ut ifrå moglegheiter og avgrensingar som finnes på den spesifikke staden. Ut ifrå rammene og moglegheitene som føreligg, vert altså sosiale strukturar utvikla. Dei deltakande sin opptreden utviklar og opprettheld eit sett av normer for korleis ein handlar her. Derav er det aktørane sjølv som set og reproduserer dei strukturelle rammene. I vårt tilfelle ville blant anna kva forhold spelarane på gatelaget har til denne staden, skapa handlingsrommet og samhandlingspraksisen her. Vidare forklarar Giddens (1993:133) at denne dualiteten er den mest integrerte delen av sosial reproduksjon, og at ein kan dela desse strukturelle rammene inn i tre ulike element: kommunikasjon, maktforhold og moralske relasjonar. Alt dette er med å definera handlingsmoglegheitene inne på klubbens område.

Etter å ha skifta til klubbdrakt og fotballske i garderoben, var det dags for å entra treningsfeltet, som var ein mindre kunstgrasbane rett utanfor tribunen til hovudbanen. No var det tid for å prestera. Eg følte eit ansvar for å opptre i henhald til «uniform» og situasjon, og eg følte på eit visst press av å skulle trenast på feltet til dei profesjonelle. Goffman (1992:24) skriv om korleis me opptrer ut ifrå korleis me ynskjer at andre skal oppfatta oss. Me har visse idear om kva inntrykk me vil etterlata oss til dei me treff, noko som påverkar åtferda vår. Dette kan også avhengja av kor me er, og kva karakter staden eller området har. Om eg tek utgangspunkt i ein bestemt opptreden som skal skje på eit bestemt område, kan ein kalla området for «fasadeområdet» (Goffman, 1992:92-93). I dette tilfellet var fotballbanen til klubben vårt «fasadeområde». Ein vert oppteiken og klar av at delar av denne framsyninga, i stor grad utførast for sjølve området, og ikkje naudsynt for eit publikum. Framsyninga og utføringa av aktiviteten på denne staden påverkast, og kan forståast, som eit forsøk på å gi inntrykk av det me gjer her opprettheld og inneberer visse normer (ibid). For laget og eg bestod framsyninga av det me presterte på fotballbanen.

Altså kjente eg på eit større press for å gjera ting riktig her, ut i frå mitt forhold og forståing til staden, då eg personleg assosierte staden med noko profesjonelt, stort og verdig. Det var nesten som ei slags frykt for å ikkje leva opp til det staden var kjend for og assosiert med. Dette skulle eg etter kvart i feltarbeidet sjå nokre teikn på hos spelarane også, og det gjorde seg først synleg då me entra garderoben før treningane. Det kunne vera lått, løye og lett stemning, men det var

ikkje til å unngå å leggja merke til at når spelarane trakk drakta over hovudet, vart det med eit meir alvor i situasjonen. Enkelte vart bokstaveleg talt fysisk meir rett i ryggen, sytte for at drakta satt fint, og trakk gjerne pusten djupt som for å visa at dei var klare for å prestera. At dei var klare for å entra treningsfeltet. Dette gjorde seg sjølvsagt enno meir synleg den gongen eg var med gatelaget på kamp mot eit oldboys-lag frå ein nabokommune. Då spelarane var ikledd riktig drakt, og entra banen som for oss var bortebane, vart det ei seriøs stemning. Det var som eit alvor prega spelarane. Det vart merkbart mindre tull og moro enn vanleg, og folk var skjerpa, til trass for at det «berre» var ein treningskamp. Spelarane var opptekne av å varma godt opp, preika taktikk og bygga kvarandre opp ved motiverande ord:

«I dag treff du mål like mange gonger som du bomma sist!», som Ivar sa til Jonas. Responsen til Jonas, ein «highfive» og eit «yes!» var av ein slik karakter at eg forstod dette var meint som ei oppmuntring frå Ivar si side.

Ein kort samtale med Tim, som stod for sitatet innleiingsvis, støtta opp under desse kjenslene eg sjølva hadde i henhald til det å skulla prestera ut ifrå dei rammer som var. Dette var etter første trening, då me var på veg attende til lunsj. Han spurte rett ut kva eg følte når eg gjekk i klubbdrakta inne på stadion, og om dette var noko eg hadde gjort før. Eg svara at det var ei noko absurd oppleving, men at eg tykkja det var veldig moro. Utan å spørja attende, fekk eg raskt til svar frå Tim at han følte det same han og. Vidare forklarte han at første gong han hadde gått inn her, hadde han fått skikkeleg hjartebank, og at det var ei stor oppleving han aldri ville gløyma. Han hadde aldri sett for seg for eit år sidan at han ein dag skulle spasera inne på stadion iført klubbdrakt for å faktisk spela fotball i klubbens namn og varemerke. Han sa også at han med ein gong han entra området, vart han meir fokusert og konsentrert. På ei anna side hadde Tim føla på forventningspresset her inne, noko som ikkje alltid var like enkelt. Altså følte han staden og situasjonen stilte visse krav til han, meir enn berre desse reglane og rammene rundt tiltaket.

Med klubben som ein del av identiteten

Blant spelarane på gatelaget herskar ei fotballinteresse som er ganske sterk. Fleire har stålkontroll på det som skjer i fotballverda, både utanlands og innalands. Det betydde openbart noko det å ikle seg klubbdrakta, og føla seg som ein del av klubben. Det kunne verka som dei fleste spelarane heldt med klubben dei sjølve representerte. Eg fekk i alle fall ikkje med meg at nokon eller nokre heldt med andre klubbar i norsk fotball. Dei fleste på gatelaget har ei lokal

forankring til staden, noko som også kan gi ei naturleg forklaring på akkurat det. Interesse for klubben verkar å vera autentisk forankra.

Det eksisterer ei felles oppfatning på gatelaget om at ein støttar klubben i tjukt og tynt, noko Hjelseth (2005:78-79) poengterer er typisk for norske ihuga fotballsupporterar.

Medgangssupporterar vert sett ned på, og er ein ikkje med på nedturane, skal ein heller ikkje nytta oppturane. Kjærleiken og støtta til klubben verkar å stå sterkt blant mange av spelarane her. Fleire visar sterkt engasjement når dei snakkar om elitelaget, det er sterke meiningar om kva som er bra og kva som kunne vore annleis. Hjelseth (2005: 78-79) kjem med ein merknad til korleis lojaliteten og den autentiske forankringa gjer seg til synes gjennom bruk av klubbens symbol og draktar, og at dette gir eit signal om sterk tilhøyrse. På gatelaget gjer dette seg til syne både når me trenar i drakter lik elitelaget sine, samt at fleire av spelarane ofte utanom er ikledd visse effektar eller klede som visar tilhøyrse til klubben. Fleire av spelarane brukar klubbjakkar eller ranslar med klubblogo, på veg til og frå trening. Det verka å vera viktig å assosiera seg med klubben, og å få fram at ein er med på noko tilhøyrande klubben.

«Eg har fått oppfylt draumen min, eg. Eg er kaptein på det laget som har vore favorittklubben min sidan eg var liten pjokk!»

- Kapteinen på gatelaget

Det kapteinen sa her har han også poengtert i eit intervju med ei regionsavis i forbindelse med ein fotballkamp mot det lokale politiet. Det vankar ein stoltheit blant spelarane på gatelaget, som grunnar i å vera spelar på eit «underlag» av klubben. Også ein av spelarane, Roger, sa følgande på veg til bussen etter ei trening i slutten av 2016:

«Eg vil jo seia det er jævleg kult å spela på klubben eg har digga heile livet, liksom. Og ikkje minst trenar saman med folk eg har sett så opp til».

Han snakka då om to av trenarane til gatelaget, som er tidlegare svært profilerte fotballspelarar med nasjonal og internasjonal erfaring. Spelarar på gatelaget snakkar om seg sjølv og gatelaget som fullverdige medlem av den aktuelle klubben, noko som kan vera med på å generera ei kjensle av å identifisera seg med eit sterkt fellesskap og moglegheiter. Bracht, Kingsburry & Rissel (1999:86-87) hevdar det ligg eit ansvar hos grupper som heilheit å aktivt jobba for å gjera nytte av medlemmars ressursar, og styrka desse ressursane, dersom ein ynskjer ei brei politisk, kollektiv innflyting. Klarar ein å involvera medlemmar, vil ein også skapa ei gruppe der ein kan

dela eigenskapar og ressursar gruppa etterspør. Altså vil enkeltmedlemmars kjensle av tilhøyrslse og identitet, styrka gruppa på alle måtar.

Denne kjensla av tilhøyrslse til noko kollektivt og større, har i samfunnsfagleg forskning visa tendensar til ei breiare borgarleg og individuell deltaking på fleire plan enn det som var utgangspunktet (Bracht, et al., 1999:87). Altså er det moglegheiter for at denne tilhøyrslse til klubben, også kan ha noko å seia for deltakaranes liv elles.

Spelarane snakkar ofte om klubbens elitelag, som «*me*». Som for eksempel: «*Dei bør me knusa ganske klart*», eller «*Me tek gullet heim i år!*». Dette altså når dei snakka elitelagets komande kampar og sesong. Akkurat det her går att i til dømes i delbiografien til Nick Hornby, Tribunefeber (1998), der han blant anna skriv om bragdar favorittklubben hans Arsenal har vunne, og som han følar han har vore med på. Som for eksempel kapittelet «Da jeg vant The Double» som handla om då Arsenal vant både seriemeisterskapet og FA-cupen i 1971 (1998:44). Hornby beskriv, for oss utanforståande, eit ekstremt forhold til klubben, nærast som eit religiøst forhold.

Spelarane på gatelaget òg har favorittklubbar i engelsk fotball, noko som ofte skapar diskusjonar når dei samlast. Det er dei typiske storklubbane som Manchester United, Liverpool FC og Chelsea som skapar «splid» i spelargruppa på gatelaget. Det skapar små «klikkar», men alle har dei klubben dei spelar på,- og gatelaget her, som ei felles interesse som knyt dei saman.

Det å vera ein del av laget, eller klubben, er med å definera spelaranes identitet. Holm (2004:104) skriv om identitesbyggande fenomen som går ut på at menneske aktivt brukar omgivnadane til å bygga opp eit sjølvbilete. Dette ved å ta ein posisjon i noko som i utgangspunktet var framand, for å læra seg å verta ein del av det – ved bruk av til dømes symboleffekt (som bruk av draktar, logoar etc.) og handla i tråd med omgivnadane ein ynskjer å tilhøyra. Er ein del av eit større fellesskap som ein fotballklubb er, så vil ein gjerne gjera det synleg for at andre skal assosiera ein med dette fellesskapet. Andre dømer på dette kan vera å læra seg klubbsongar, noko også spelarar på gatelaget somme gonger har visa at dei kan, i dusjen.

Drakta: noko meir enn berre eit klesplagg?

Under ein frukost i starten av desember kom leiaren for samfunnsavdelinga i klubben inn, noko ho gjorde jamleg. Utan å leggja så mykje i det sjølv, fortalte ho at gatelaget skulle debutera i den nye klubbdrakta på ein komande nasjonal fotballcup for gatelag. Dette vart motteke med stor

iver og glede hos mange. Folk tok «high fives», og det var openbart at dette betydde noko for fleire av spelarane. Dei skulle altså debutera i den nye klubbdrakta FØR elitelaget sjølv. Resten av frukosten gjekk til å diskutera korleis dei nye draktane såg ut, og praten/diskusjonane fortsette på veg ned og inn i garderoben. Ein materiell faktor som dette, hadde blitt ein stor motivasjonsfaktor for laget. Det å «ikkje gjera skam på drakta» vart fort ein sentral setning på sjølve treninga, dette til trass for at me enno ikkje hadde motteke dei nye draktene. Som Jonas påpeika, det var uaktuelt å stilla i cupen i nye draktar utan å ta med sigeren heim att.

Her kan det tenkast at drakta har ei tosidig effekt, at den la eit slags ekstra press på enkelte. Somme spelarar snakka dette med drakta veldig opp, og at det krav ei form for disiplin av laget. I ei slik drakt måtte ein prestera. Eg la merke til at eit par av spelarane ikkje hausa dette opp, eller visa noko iver. Kanskje låg det ein skepsis til å ikle seg noko som ikkje samsvara med ferdigheiter. Drakta kunne gi tvetydige signal, dersom ein handla på ein måte som ikkje samsvarte med den rolla ein gav seg ut for å inneha. Goffman (1991:148) skriv at dersom ein handlar annleis enn det rolla krev, vil kommunikasjonen eller interaksjonen vera i strid med rolla. Det vil også leggja press på aktøren.

Gjelstad (2015:22) påpeikar at arbeidsantrekket kan spela ei viktig rolle for utøveren. Arbeidsantrekket vil i somme situasjonar «opna opp for» og «transportera» menneske inn i den spesifikke, kulturelle verda. Symbol og logoar, i tillegg til andre artefakter, er viktige faktorar for at aktøren skal tre inn i den spesifikke rolla situasjonen byr på. Klubbdrakta er den mest synlege skilnaden frå dette laget til andre lag. Den spesifikke, kulturelle verda vil i vårt tilfelle omfatta klubbens aktivitetar, historie, tradisjonar og mål.

Istad visa eg til Goffman sine skildringar av fasade-området, og korleis me handla etter området karakter. Goffman (1992:27-29) skildrar fasade slik: «*En persons opptreden som stadig fremtrer seg på en generell og fastlagt måte, med henblikk på å definere situasjonen for dem som iakttar opptreden*». Altså vil fasaden vera prega av handlingsmønsteret som er hensiktsmessig i situasjonen. Vidare vil fasaden vera prega av personlege faktorar som kjønn, alder, utsjånad, måtar å snakka på, ansiktsuttrykk etc. Også materielle faktorar, som for eksempel klede/uniform er med å påverka fasaden. Desse ytre faktorane kan vera med å opplysa om aktørens sosiale status. Det kan vera noko som visar om personen er ein del av noko større, ein sosial eller formell aktivitet, arbeid og/eller liknande. Drakta, symbol og logoar er med på å bygga opp om spelaranes personlege fasadar. Desse materielle faktorane kan gjera at spelarane handlar på særskilte måtar. Som nemnt, nokre av spelarane på gatelaget vert bokstaveleg talt

rakare i ryggen når drakta kjem på. Nokre snakka om å ikkje gjera skam på drakta, og det vart vist stor glede og engasjement då beskjeden om nye draktar vart gitt.

Det å bera klede med symbol, logoar osv. slik spelarane på gatelaget gjer, vil opplysa for andre, noko om personen sine interesser eller fellesskap. I treningssamanheng fortel det at ein faktisk er ein del av laget eller klubben, medan utanfor desse rammene, vil det seia noko om kva vedkomande støttar opp under. Drakta vert ein uniform som fleire ber med stoltheit og respekt, og som fortel noka om rolla og tilhøyrsla ein har.

Klubblogoen er også med å forma folk som står utanfor sine inntrykk av kva vedkomande som ber dette, identifiserer seg med. Når me ser eit merke me kjenner igjen, brukar me ofte berre nokre millisekund på identifisera avsendar. Me vil raskt danna oss nokre tankar eller inntrykk om aktøren som står bak denne logoen eller merket, og allereie då gjera oss opp ei meining om den me ser der og då. Altså vil merkevara også vera ein veldig sterk form for kommunikasjon (Holm, 2004:48).

Spelarane på gatelaget brukar klubbens merkevare for å formidla støtte og tilhøyrsla til noko dei fleste av byens innbyggjarar, så vel som resten av landet, kjenner att. Mennesket er av natur symboliserande vesen, og bruken av symbol er eit verktøy for å skapa orden og forståing i ulike samanhengar. Difor vil symbol også kunna verta vanskelege å tolka, då dei er å finna på mange ulike arenaer, og må tolkast ut ifrå situasjon og kontekst (Gullestad, 1989:41).

Samstundes som drakta kunne skapa stoltheit og kjensle av fellesskap, kan ein også sjå at den saman med denne klubbforankringa potensielt kunne kjennast regulerande og/eller disiplinerande.

Sosial kapital

Hjelseth (2005:70) skriv om omgrepet fotballkulturell kapital som består av «lojalitet, autensitet, lokal forankring og solidaritet» til fotballklubben ein brenn for. Dette kapitalomgrepet er i ulike sosialteoriar vidt og breidt, og eg vil her sjå deltakinga på gatelaget opp mot ei meir generell form for kapital enn den fotballkulturelle. Sosial deltaking, sjølvråderett og empowerment, kan alle sjåast i samband med omgrepet sosial kapital. Burnett (2007:283) påpeikar at sosial kapital ikkje skal sjåast som økonomisk kapasitet, men som fordelar ein oppnår ved sosial samhandling eller tilkopling. Ved å delta i ulike fellesskap vil ein kunna oppnå handlingar prega av gjensidige forhold til kvarandre, relasjonsbygging og styrking av sosial og kjenslemessig dugleik.

Burnett (2007:285) visar til ulike undersøkingar av korleis idrett kan ha ei rolle i styrking av sosial kapital. Ei studie har sett på korleis strukturerte former for idrett har vore ein bidragande faktor til nedgang i ungdomskriminalitet, og korleis strukturerte, ferdigheitsbaserte, lagorienterte, normative og læringsrike program er med å styrka sosial kapital ytterlegare. Ei anna studie undersøkte korleis nederlandske immigrantar opplevde å blant utvikla sosiale og emosjonelle ferdigheiter, gjensidig tenesteyting, relasjonsbygging og sosial deltaking, via multietniske idrettsklubbtilbod. Strukturerte former for deltaking i idrettsaktivitetar kan altså fungera som bidragsytarar i styrking av sosial kapital.

I mitt arbeid har eg sett at spelarar på gatelaget potensielt utvikla relasjonar, som eit resultat av samhandlinga på gatelaget. Relasjonar er som nemnt byggeklossar i sosial kapital. Fleire gonger i løpet av feltarbeidet mitt var eg vitne til at spelarar laga sosiale avtalar med kvarandre, som ville gjelda tidspunkt utanfor trening eller aktivitetar med gatelaget, altså på fritida. Typisk kunne dette vera å treffast for å sjå fotballkampar saman, eller spela fotballspelet FIFA. Det kunne skje entan heime hos enkelte, eller at dei skulle treffast ved andre lågterskeltilbod der dette var mogleg å gjennomføra. Somme gonger fekk eg med meg at vedkomande som stod for initiativet også informerte om at andre som ikkje var på gatelaget også skulle vera med, at ein allereie hadde avtalar med andre. Dette ville i så fall leia til at spelarar her kom til å treffa andre folk og kanskje danna nye sosiale kjennskapar.

Spelarane måtte også heile tida ta omsyn til kvarandre, til trenarar, og til spelarar på andre lag dei møtte, ein måtte såleis bevare og styrka relasjonar. Det er noko med at idretten eller fotball krev samhandling innanfor spesifikke, eigne reglar og rammer. Ein vert på ein måte teke ut av den ekte verda og plassert innanfor ei eigen verd som rommar om lag 4000 kvadratmeter, 1222 personar, éin suveren dommar med fullmakt, og eit heilt eige sett av reglar som berre gjeld her. Det krev altså eigne spesielle sosiale ferdigheiter.

Fotballbanen både gir og tek. Den krev at ein tek med seg nokre grunnleggande sosiale ferdigheiter med seg utanfrå og inn, og den gir moglegheiter til å utvikla nye ferdigheiter og sosiale kodar. For eksempel krev fotballspelet at ein har kontroll over temperamentet sitt, samstundes som det legg til rette for å generera temperament. Gjer ein noko i strid med reglar i fotball, vert det sanksjonert på bestemte måtar. Dette krev ikkje berre at ein har god fotballfagleg forståing. Alt dette krev sosiale ferdigheiter, og er truleg ein prosess som varar frå første gong ein entrar treningsfeltet til den gong ein vel å forlata det. Men det handlar ikkje berre om at rammene rundt fotball «gir og tek». Ein anna faktor i styrking av sosial kapital går ut på styrking av gjensidige forhold, og i denne samanheng eit gjensidig forhold blant spelarar.

Burnett (2007:289-290) påpeikar at gjensidige forhold hovudsakeleg handlar om å søka tilgang på resursar, både kollektive og individuelle. I sin artikkel «Building Social Capital Through an 'Active Community Club'» beskriv ho korleis deltakarar i eit aktivitetsprogrammet for ungdom i Tshabo i Sør-Afrika, stadig opplevde å styrka sine moglegheiter for aktiv og sosial deltaking.

Dette ved å til dømes låna utstyr frå kvarandre, samt få utstyr frå friviljuge og diverse bidragsytarar. Deltakarar fekk også verta del av eit nettverk bestående av menneske i same aldersgruppe, som også visa seg å gi kvarandre tryggleik. I eit område prega av mykje sosial uro var det gjerne farleg å ferdist åleine, noko som resulterte i at deltakarar reiste saman til og frå. Burnett slo fast at deltakarar opplevde ei kjensle av tilhøyr og tillit, ved at dei stod for felles verdiar, felles interesse for aktiviteten, samt disiplineringa programmet krav.

Noko av dette ser eg att på gatelaget. Klubben står for alt utstyr spelarane brukar, noko som i tillegg fører til at alle har dei same materielle føresetnadane til å delta. I tillegg ser eg korleis spelarane ofte anerkjenner og støttar opp om kvarandre sine forteljingar, noko som truleg ville generera ei form for tillit og tryggleik. Utan samanlikning med eksempelet frå Sør-Afrika for øvrig, såg eg at også spelarane her gjerne slo følge til og frå trening. Nokre få kom saman i bil, medan andre kom og drog saman ved ulike kollektive transporttilbod. Det førte gjerne til at det sosiale aspektet på gatelaget ikkje starta kl. 09:30, og slutta av kl. 13:00, men at det faktisk starta frå då dei møttest ei stund før, på veg til trening, til dei skilast ei stund etter.

Det store fellesskapet

Det er forskjellar på elitelaget og gatelaget, både kva gjeld profesjonalitet og forhold til fotball. Elitespelarane har til dømes fotball som betalt yrke, noko gatelagsspelarane ikkje har. Forskjellane er likevel ikkje større enn at begge laga trenar på dei same plassane, dei trenar på dei same ferdigheitene, ber dei same draktene, har den same kjærleiken for den same klubben og alle har dei lyst å vinna fotballkampar. To av trenarane til gatelaget har hatt sentrale roller på elitelaget, og er eit band mellom desse to laga. Berre ved å bevega seg rundt på det same området, treffa elitespelarar i gangen som stoppar opp, helsar og slår av ein prat, gjer at fellesskapet her vert større. Nokre spelarar frå elitelaget har vorte kjend med nokre av spelarane på gatelaget ved at dei for eksempel har delteke på ei eller fleire treningar, eller på lunsj etter.

Denne kjennskapen kan også somme gonger by på humoristiske utfordringar. Som då Kevin plutselig sprang av banen for å helsa på tre profilerte spelarar på elitelaget, midt under ei treningsøkt. Til noko lattermild frustrasjon for oss andre. Ein ikkje planlagd stopp midt i spelet

som ikkje kom av treningsrelaterte orsakar kunne jo vera frustrerende, men det som hende gjorde at folk berre flira. Kevin vart ropt attende av eit par spelarar, og eg såg at både Kevin og elitespelarane «vakna til» og byrja å le, og ein av dei sa: «*No må du koma deg inn igjen!*».

Elitelaget hadde tidlegare i veka gjennomført ein treningskamp dei vann, og for Kevin var det viktig å få gratulert desse tre akkurat då.

Det hendte også at andre sosiale arrangement i klubbens regi, føra til at dei ulike gruppene møttest og kunne verta betre kjent:

«Det var jævlig ålreit på torsdag. Sitja der å «trøkka» innpå blant elitespelarane, politikarar og Gud veit kven, utan å føla seg mistilpassa».

- Fabian

Fabian sikta her til nyttårslunsjen i starten av januar, som var eit fellesarrangement med klubben i fokus. Heile apparatet rundt, med sponsorar, trenarar, aldersbestemte lag og gatelag skulle i fellesskap feira det nye året med ein storslagen lunsj. Også nokre lokalpolitikarar var inviterte. Det var omlag 375 personar til saman. Gatelaget hadde trening før lunsjen, og det var ein god del prat under treninga om det som skulle skje etter. Dessutan var samlege kledd ekstra fint, mange i skjorte og jeans, og det verka som folk var interessert i å presentera gatelaget på ein god måte.

Under lunsjen hadde Tim kome i prat med ein sentral lokalpolitikar, og hadde invitert han og hans kollegar til å vera med på ei trening med gatelaget. Dette takka politikaren ja til, og i januar stilte han og to andre politikarar på trening med gatelaget. Det var full intensitet under heile treninga, og i tillegg vart det foto-session etterpå. Det låg ei prestisje her hos begge partar. Politikarane som på si side var sporty nok til å stilla på trening med eit fotballag, og spelarane på si side som var i direkte samhandling med nokre av byens folkevalde. I tillegg vart det inngått ein avtale mellom Tim og politikaren han hadde invitert. Ettersom Tim hadde visa han innsida av gatelaget, var det rett og rimeleg at Tim fekk vera med han på jobb ein dag og sjå lokalpolitikken frå innsida. Altså vart det danna nye relasjonar under denne treningsøkta.

I ettertid av desse møta mellom gatelaget og politikarane, har eg kunne lesa i lokalavisa at kommunen har beslutta å delegera ein viss sum til samfunnsavdelinga i klubben. Dette i den hensikt at klubben skal sikra vidare drift av gatelaget og andre samfunnsretta tiltak.

Det vesle fellesskapet

Samstundes som det verka å vera viktig å identifisera seg med klubben, og fellesskapet rundt den, verka det også viktig for spelarane å identifisera seg med det avgrensa fellesskapet dei sjølve presenterte, sjølve gatelaget. Det var ei eiga og avgrensa gruppe med menneske som hadde eller hadde hatt rusutfordringar, alle var dei utan fast arbeid, og alle var dei i ei potensielt sosialt utsett gruppe. Det er eit «oss» og det er eit «dei». Det er skile mellom dei som spelar på gatelaget, og andre menneske som entan har rusutfordringar eller ikkje. Dette går begge vegar, for det eine kan ikkje føreligga utan det andre. Det vert i sosiologien kalla «inngruppe» og «utgruppe» (Bauman & May, 2004:43). Dette er sosiale prosessar som skapar skile mellom både individ og mellom grupper. Det kan handla om sosiale konstruksjonar av avvik, og det kan handla om kva ein ynskjer å identifisera seg med. Somme gonger ynskjer ein å vera del av noko eige, noko som er avgrensa frå det andre, og slik oppstår ulike grupperingar (ibid).

Jonas påpeika noko av det eg legg i «det vesle fellesskapet» i ein samtale under ein frukost. Thom hadde med seg kameraten Einar, som spela på eit anna gatelag. Under lunsjen snakka Jonas, Einar og Thom om den nasjonale fotballcupen for gatelag som hadde gått av stabelen eit par veker i forkant. Her hadde Einar delteke med sitt lag, og samtalen dreia seg stort sett om resultat og enkeltepisodar frå kampane. Jonas forklarte at trass i ei viss rivalisering klubbane seg i mellom, var det likevel ei fellesskapskjensle mellom laga:

«Me er jo dei same folka, me har til viss grad same issues. Ingen veit betre enn oss kor viktig det her er. Men me er uansett som kva som helst andre fotballag. Me kan når me vil, me vil mykje, og me vil vinna.»

Eg la særleg merke til bruken av «me» og «oss». Eg la merke til denne presiseringa av at gatelaga var som andre fotballag, samstundes som det kunne høyrast ut som dei ikkje var det. Men det var ei viss kjensle av at alle som spela på gatelag var på same lag her, til trass for ulike klubbar. Det var stoltheit og handlekraft i det Jonas sa, samstundes som det kunne høyrast ut som det var eit slags forsvar i det: «Me kan kan når me vil». Jonas presiserte at dei var dei «same folka».

Solvang (2000:8-9) påpeikar at nokre potensielt sosialt utsette grupper har ein emne til omfamna eit potensielt stigma som kan vera knyta til gruppa dei føler tilhøyrslse til. Då dyrkar ein altså forskjellar som skapar skila mellom oss og dei. Han trekk fram sigøynarar og døde som eksempel på grupper som ynskjer å bevare forskjellane som gjer at menneska i gruppa lettare kan identifisera seg med dei andre i gruppa.

Dette kan også til dels gjelda nokre av spelarane på gatelaget. Nokre var opptekne av å presisera at dei spelte på eit gatelag, og at det er noko særskilt med dette. Som eg nemnte tidlegare i kapittelet, fleire brukar klede og ryggsekkar med klubblogo, men fleire brukar også effektar som er spesifikt merka noko som fortel at det er eit gatelag ein spelar på. Som til dømes ryggsekkane spelarane hadde fått etter eit nasjonalt gatelagsmeisterskap, merka «NM Gatefotball 2016». Desse vart brukte av fleire av spelarane til og frå trening. Identifiseringa med gatelaget som ei eigen eining, er ein parallell til tilhøyrsla eller identifiseringa til klubben som heilheit, og det den symboliserer. Det er altså eit lite, eige fellesskap inni det store.

Men det var også viktig for enkelte spelarar å ikkje bli definerte ut ifrå deira rusutfordringar, sjølv om dette på eit vis var eit «kvalifikasjonsgrunnlag» for deltaking på gatelaget. Eit døme på dette var ein episode under ein frukost i desember 2016. Dagen starta med at Hanne og Thom reagerte alvorleg då dei leste eit referat i regionsavisa, frå treningskampen mot det lokale politiet. Artikkelen starta slik:

«Svette rusavhengige i en evig runddans med politiet».

Hanne og Thom tok dette opp i plenum og med ei alvorleg framtoning. Spesielt Hanne var frustrert, då ho absolutt ikkje ynskja å verta definert som rusavhengig eller ein med rusproblem. Ho sa ho var på heilt andre plassar i livet no, enn at ho ville bli plassert i ein slik bås av journalisten eller andre.

Jonas støtta fort opp under dette, og meina dette var resultat av at nokon på laget «ikkje hadde klart å halda kjeft», og at det for han var heilt uaktuelt å stilla opp i noko avisoppslag dersom dette var tilfelle vidare. Skuldinga vart avkrefta av kapteinen som hadde vorte intervjuet, og journalisten og media generelt fekk skulda for korleis dei hadde ordlagt seg. Fleire av spelarane meina dei vart framstilt feil, og ville ikkje kallast rusavhengige på dette tidspunktet. Dei ynskte at gatelaget og fotballen skulle vera i fokus, ikkje at dei var menneske med rusutfordringar i liva deira. Det var ikkje naudsynt å greia ut om rusutfordringar eller bakgrunn for at dei var kvalifiserte for gatelaget.

Goffman (2014:46) skil mellom ulike formar for stigma. Ei form tek utgangspunkt i korleis menneske kompromisslaust set andre menneske i bås ut ifrå karaktermessige eigenskapar, som til dømes rusutfordringar. Me vert så opptekne av den eine eigenskapen me ser som avvikande, at me ser bort ifrå individets andre eigenskapar. Det me ser som avvikande får oss sjølv til å kjenna oss normale.

Samstundes var det ei form for sjølvstigmatisering i måten det vart reagert på. Sjølvstigmatisering vil blant anna handla om skam, sjølvevaluering og frykt for å verta identifisert som medlem i ei stigmatisert gruppe (Luoma, Kohlenberg, Hayes, Bunting & Rye, 2008:150). Spelarane ville ikkje sjåast i samband med rusutfordringar, og tok avstand frå artikkelens overskrift. Avisoppslaget kjentest urettferdig, og førte til at nokre av spelarane sa klart ifrå om kva dei meina om dette. Det vart beslutta at framtidig samhandling med media skulle haldast til ein eller to spelarar, og dei vart samde om ein strategi for dette.

Denne episoden ser eg òg i samband med korleis Freire (1999:24-26) forklarar ein undertrykkande praksis, og frigjering frå den. Korleis ei fornedring av mennesket er ein historisk realitet, og som berre dei undertrykka er sterke nok til å endra. Berre dei undertrykka kan vinna att verdigheita, ved å frigjera dei undertrykkande og såleis seg sjølv. Ved å ikkje la seg kategorisera som noko «svakt» eller «sjukt», vil ein heller ikkje la dette avgrensa ein, og ein vil ta frå andre høve til å undertrykka ein.

Dette var òg eit eksempel på at det fantes nokre spenningar på gatelaget. Innanfor det vesle fellesskapet var det i stor grad akseptert å snakka eller spøka om ruserfaringar, men då nokon utanfor plasserte dei i ein slik kategori vart det «opprør». Den kritiske refleksjonen rundt eiga posisjon opphøyra, og ein stilte «hardt mot hardt», og tok avstand frå skildringa som vart gitt.

Oppsummering

I perioden eg var ein del av gatelaget, fekk eg sjå noko av kva symbolikk og tilhøyrsla til klubben hadde å seia for spelarane, og kva dette hadde å bety for deira handlingsmønster. Eg fekk personleg kjenna på korleis det var å bli ein del av sjølve gatelaget sitt vesle fellesskap – og klubben sitt store fellesskap, og eg ville etter kvart kunna identifisera meg med klubben. Det var sjølve klubben som inviterte deltakarane på gatelaget til sosial samhandling på området, men det var deltakarane sjølv som skapa noko viktig som betydde noko for dei.

Cornwall (2008:275) hevdar dei sosiale romma menneska skapar for seg sjølv, som regel har ein heilt anna karakter enn dei fleste rom ein vert invitert til. Ho visar til eksempelvis sjølvdanna nabonettverk, jobbnetwork, eller større og meir komplekse sosiale rørsler. Ofte vil desse sjølvoppretta romma vera mindre prega av betydelege forskjellar i status og makt som gjerne eksisterer i ulike typar utval, råd og fora som er oppretta verda over for samfunnsengasjement. Desse sjølvoppretta romma vil vanlegvis konstruerast av menneske som kjem saman av dei grunnar at dei har noko felles, heller enn at dei representerer ulike interesser eller synspunkt.

Slike rom kan vera avgjerande for grupper med mindre makt eller stemme i samfunnet. Her vil ein lettare tileigna seg tillit og ferdigheiter, og utvikla sine argumenter, og derav verta del av solidariteten og støtte grupper kan tilby. Det vesle fellesskapet eg har skrive om, vil eg sjå som eit eige sosialt rom spelarane sjølve har oppretta.

I eit samfunnsarbeidsperspektiv var det svært spanande å sjå kva ytre, materielle faktorar hadde å seia for den indre strukturen som råda her. Det var lærerikt å sjå korleis dette var med på å skjerpja spelarane på vegen og i kampen for å skapa og utvikla noko konstruktivt og meiningsfullt, og ikkje minst eit godt fotballag. Det symbolske aspektet vart brukt som eit verktøy i spelaranes sjølvrepresentasjon, og denne stoltheita av å vera ein del av noko stort og anerkjent, var viktig for korleis spelarar opptredde innanfor og utanfor klubbens område og fasilitetar. Ved å leggja til rette for ei heilheit rundt gatelaget, som bruk av draktar, treningsfasilitetar og denne direkte linken til elitegruppa, skapa ein moglegheiter for spelarane til å tre inn i ei rolle som fotballspelarar, og «berre» det. Drakta vart arbeidsuniforma, fotballbanen arbeidsstaden. Ansvar for produktet eller resultatet, avheng av spelarane.

Samstundes låg det ei form for disiplinering i dette. «Å ikkje gjera skam på drakta» fortel noko om det. Ein må altså handla slik drakta krev. Dei ytre, materielle faktorane skapa engasjement samstundes som enkelte kunne kjenna eit visst press av dette.

Dialogiske tema på gatelaget

«Me er jo jævla glad i speed..»

- Johnny

Sitatet over kan vekka ulike assosiasjonar, avhengig av auget som ser. Teke ut av kontekst kan det tyda mykje forskjellig. I denne konteksten handla 'speed' om ein rusmiddel-referanse, nærare bestemt amfetamin. Spøken var dog openbart meint som «på kanten»-humor i ein samtale der det vart snakka om at gatelaget skulle ta ein taubane i eit av dei lokale fjella, under ein komande aktivitetsdag. Spelarar snakka om at denne taubanen var både høgt oppe gjekk svært fort, og nokre var veldig skeptiske til dette. Det var då Johnny smila, og kom med «innrømminga», dette til stor latter frå dei som fekk det med seg. Ein kan spøka med slikt på gatelaget, om konteksten er riktig.

Johnny hadde ved eit høve fortalt om ei fortid der rusbruk var ute av kontroll. Det hadde starta med hasjrøyking under eit utvekslingsopphald, og hadde enda i hasj og amfetamin heime i

Norge. Han har i dag fast arbeidstrening i klubben, og har vore rusfri etter opphald på ein behandlingstutitusjon.

Rus var eit tema som kunne dukka opp i ulike typar samtalar, anten det var grunna i alvor, erkjenningar, eller i humoristisk samanheng, som Johnny sin kommentar. Eit anna tema som stadig dukka opp, var fotball; internasjonal fotball og norsk fotball. Fotballinteressa er sterk på gatelaget. Fleire her kunne vore ekspertkommentatorar under fotballkampar.

«Han har den råaste venstrefoten i heile Premier League! Om me ikkje tek ligagullet heim i år, vert eg djupt rysta!»

- Fabian

Eg vil i dette kapittelet blant anna greia ut om korleis ulike tema arta seg på gatelaget. Korleis vart samtalar prega av ulike tema på gatelaget? På kva måte gjorde ulike tema seg gjeldande i fortellingar, erkjenningar, diskusjon og vitsing her? Og korleis ville konteksten bety noko for kva som vart sagt eller snakka om?

Det er den mellommenneskelege samhandlinga som har stått i fokus for studien min, og den artar seg av blant anna kva folk seier, snakkar om og visar seg i mellom.

Rus

Rus kunne vera tema i samtalar, entan det var prega av alvor, openheit og tillit, eller det kunne vera tema i form av humor, galgenhumor, vitsing og anna. Temaet rus omfattar både lovlege og illegale rusmidlar, og eg vil ikkje skilja mellom desse. Spelarane hadde nokre normer som avgrensa og opna for temaet rus. Eg vil også belysa litt av korleis språket rundt rus arta seg her.

Allereie på første trening med gatelaget vart eg introdusert for rustemaet i samtale. Under lunsjen etter sjølve treningsøkta kom me inn på temaet fysikk og fysisk form. Kevin, som eg hadde treft for første gong eit par timar i forvegen, fortalte om korleis amfetaminbruk hadde satt ein stoppar for planane han hadde hatt som ungdom. Han fortalte også at amfetaminet hadde halde vekta hans svært låg, og at dette hadde vore med og gitt han eit kick. Som han sa:

«Og då tenkte eg: dette funkar jo jævleg bra, detta må eg ha meir av!». Han følgde opp like etter med «..og det visa seg etter kvart å vera ein jævleg dårleg idé».

Kevin, som ifølge han sjølv var 30-35 kilo tyngre i dag grunna stopp av amfetaminbruk, fortalde om dette utan oppfordring, og utan å nøla. Eg vart noko overraska over openheita eg vart vist

heilt ifrå starten av. Denne openheita gjorde seg til kjenne ved fleire høve. Også fleire andre spelarar har under samtalar i feltarbeidet uoppfordra skildra rusbruk og avhengigheit gjennom historiar og fortellingar til resten av gruppa. Fortellingar om oppvekst prega av dårlege miljø, dårlege familiære relasjonar og kriminalitet, har vorte fortalde. Slik gjorde temaet rus seg gjeldande i meir alvorlege tema. Spelarane på gatelaget sat på mange forteljingar og erfaringar, og fleire var ikkje redde for å ta ordet. Rus var altså eit tema som stadig dukka opp, og spesielt kanskje i form av historiar frå erfaringar spelarar hadde gjort seg i liva deira når rus hadde hatt ein større plass enn det hadde no.

Ledwith & Springett (2010:103) skriv om bruk av forteljingar som eit verktøy for utvikling av sosiale relasjonar og deltaking. Dei skriv om korleis endrande prosessar i samfunnet startar i forteljingar om eigne kvardagsliv. Slike historiar og forteljingar vil ikkje berre læra om, og overføra kulturar oss menneske imellom, eller oppretthalda status quo. Ved å fortelja, gjenfortelja og etter kvart omskriva historiar, vil ein kunna finna motargument for å peika ut retningar for endring. Ved å lytta til folks historiar med respekt, vil me kunna utvikla oss som menneske. Her ligg grunnlaget for ein kritisk dialog, der tillitsfulle, gjensidige relasjonar vert danna. I ein prosess av dialog og refleksjon vil me læra å stilla spørsmål til historia som vert fortalt, og ved å stilla oss kritisk til historia, vil me kunna finna nøkkelen til undertrykking.

Eg har tidlegare skrive om det å oppnå eit kritisk medvit, noko som er ein parallell til kritisk dialog, eventuelt eit resultat av ein kritisk dialog.

På gatelaget er spelarane ikkje berre ivrige forteljarar, men også ivrige lyttarar. Ofte når folk fortalde ei historie, var dei andre spelarane sitt fokus retta mot vedkomande som hadde ordet, særskilt om det var ei historie som galdt erfaringar rundt rus. Det kunne også gjelda andre personlege forhold som var prega av alvor. Somme gonger kunne folk anerkjenna og fortelja at dei kjende seg att i det som vart sagt. Som til dømes den gongen Thom fortalde om korleis rus hadde vore ein del av oppveksten hans, at foreldra hadde seld og kjøpt stoff i heimen. Personar som skulle handla eller selja hadde til tider kome og gått heile døgeret. Her kunne også Ivar fortelja om liknande høve, og soleis dela dei erfaringar.

Men det var ikkje slik på gatelaget at alle var like opne, og fortalte så mykje. Nokon hadde større forteljarglede eller behov for å fortelja enn andre, slik det no er i grupper. Nokre av spelarane som eg jamt og trutt har trena med i dei månadane eg gjorde feltarbeidet mitt, veit eg ingenting om kva gjeld personlege forhold. Dette har heller ikkje vore naudsynt for problemstillinga mi, og eg har heller aldri spurt om den type informasjon.

Kva gjeld menneske generelt, er me forteljrarar av natur, og me vert dregne mot historiar av fleire grunnar. Historiar og forteljningar har eit sterkt potensiale for å gi oss innsikt og lærdom om ulike livserfaringar, slik at me kan bruka dei til å skapa endringar me ynskjer (Ledwith & Springett, 2010:103). Mi oppfatning var at alvorsprega historiar der rus var i biletet, vart ei påminning for både forteljar og tilhøyrarar om korleis det kunne prega liv, ikkje berre av negative erfaringar, men også positive:

«*Men me har no hatt det jævleg gøy med det også, gutar!*», som Johnny påpeika under samtalen der Kevin fortalte om korleis amfetaminet hadde øydelagd for han.

Det var sagt med eit glimt i auget, men nokre av dei andre kunne konstatera at det jo hadde vore tilfelle, også Kevin. Det var ikkje berre svartmaling. Historiar der rus var involvert, kunne like gjerne innehalda humor og anna moro. Ein kom likevel ikkje utanom at det var ei påminning om verkelegheita før og no. Då fleire kunne relatera seg til det som vart sagt, dess meir verkeleg vart det. Slik gjorde det kritiske aspektet i dialogen seg synleg. Å verta kjent med våre eigne og dei andre sine historiar, kan vera startskotet for å verta kritisk, reflekterande menneske (Ledwith & Springett, 2010:107).

Fekjær (2009:268) påpeikar at menneske med rusutfordringar ofte finn det motiverande å snakka med andre som har kjennskap til temaet frå «innsida». Tilbakemeldingar og forståing vil ofte vega tyngre når dei kjem frå menneske med personlege kjennskapar til rusutfordringar, enn for eksempel frå ein behandlar eller terapeut. Han forklarar det blant anna med at det vert danna ein universalitet i temaet som kan finnast motiverande. Å høyra historiar frå andre som kanskje kan relatera til noko ein sjølv har opplevd, vil somme gonger dempa press, forventningar og skam ein kan kjenna på sjølv, eller som kan vera stigmatiserande for folk med rusutfordringar. Vidare skriv Fekjær (2009:269) at å dela historiar og erfaringar kan skapa ei gjensidig hjelp, ved å oppleve at det ein fortel kan vera positivt for andre. Ein kan verta rollemodellar for kvarandre, og ein vil vera del av ei mellommenneskeleg læring. Han peikar også på at samhald i grupper vil styrkast av openheita blant menneska i gruppa. Dette støttar også spesialist på rusavhengigheit, Espen Andresen (2008) opp om i sin biografi, «Fri fra avhengighet», der han etterspør fleire erfaringskonsulentar i norske rusbehandlingsorgan. Dette av at ein mykje lettare vil utvikla tillit og relasjonar til personar som kan relatera til eins eigen utsette posisjon, og at ein mykje lettare vil opna seg om personlege utfordringar som har medverka til situasjonen ein er i.

Også i humoristiske samanhengar kunne rus verta tema. Ein dag i januar var eit for meg nytt ansikt på plass. Jim hadde spela på gatelaget tidlegare, men hadde hatt ein lengre pause grunna ein kneskade, og var no attende. Under lunsjen vart det starta ein samtale om rusmiddelet GHB. Jim hadde nokre historiar der han hadde vore «*på bæret*» eller «*superkorka*» (overstadig rusa) på GHB. Fortellingane til Jim var relativt drye, men omhandla ikkje tredjepersonar. Han fortalde nærast som ein standup-komikar, og det var umogleg å ikkje le, sjølv om det var nokså alvorlege erfaringar han delte med gruppa. Han brukte seg sjølv som eit slags tragikomisk eksempel på korleis ein kunne verta av dette rusmiddelet. Det var krass sjølvkritikk i historia, sjølv om han fortalde med innleving og humor. Å fortelja om desse erfaringane i ikkje rusa tilstand, gjorde Jim kritisk medviten på korleis han ikkje ynskja å handla slik han gjorde i ruspåverka tilstand:

«*Når eg ser attende på det no, er det heilt sjukt at me haldt på med det der*». Han såg handlingane frå eit ytre perspektiv, og tok avstand frå det han skildra.

Det var også interessant å høyra korleis spelarane reint språketeknisk somme gonger snakka om rus. Nokre ord og uttrykk kjende eg igjen, men noko var for meg heilt nytt. Det var eit eige språk om rus, som innebar ulike slangord for ulike rusmidlar, situasjonar osv. Som til dømes Jim sine skildringar om å vera «*på bæret*» eller «*superkorka*». Då Jim såg eg ikkje hang heilt med, forklara han at det betydde å vera rusa på GHB. Også i ein samtale der Kristian fortalde om ein valdsepisode som hadde gitt han ein alvorleg skade i hovudet, vart eg introdusert for slang-omgrep. Bakgrunnen for valdsepisoden var at det hadde vore ueinigheit om noko stoff han hadde fått tak i. Meldinga han hadde fått var at det skulle vera «*Jævleg bra fart...*». Det hadde vorte ueinigheit om korleis betalinga skulle skje, og Kristian hadde dratt heim for å roa seg ned ved å «*røyka to tette*», noko som hadde ført til at han «*slokna momentant*». Dei andre på gatelaget skjønna openbart kva han meinte, og Kjetil responderte med «*Typisk*», og Morten med «*Fort gjort!*», noko som viste at dei visste kva Kristian meinte med desse omgrepa. Eg hang ikkje heilt med her heller, men slik eg tolka det hadde ein lett for å koma raskt «ned att» frå ein sentralstimulerande rus, dersom ein fekk i seg meir døyvande rusmiddel, som til dømes cannabis. Seinare på dagen hadde desse personane han var i ueinigheit med, dukka opp heime hos han å jula han såpass mykje opp at han hadde pådratt seg ein alvorleg skade i hovudet.

Dette med eit slags stammespråk eller slang-omgrep rundt situasjonar der rus er tema, har blant anna Gullestad (1984:195-197) skrive om. I sin studie av heimeverande arbeidarklassekvinner i eit forstad i Norge, visar ho til eit eige språk der dei snakkar om å «*fyra*» (varma opp, starta å drikka alkohol), «*få fin bris*» (koma i «fin» stemning av alkohol), og om folk, som regel menn,

som vart «*krakilske*» (overstadig rusa). Også Pedersen (2015:105) nemner uttrykk og omgrep som er utvikla i samanhengar der rus er tema. Til dømes «*den som mekker'n, trekker'n*» (den som rulla røyken med hasj, skulle røyka først) og korleis folk var på «*snakkings eller pratings*» (snakkesalige) når dei var rusa på cannabis. Også dette er omgrep eg har høyra i fortellingar frå spelarar på gatelaget. Menneske utviklar eigne omgrep og uttrykk rundt visse sosiale settingar og i visse sosiale lag, og på gatelaget har dette kome til uttrykk spesielt der rus har vore tema, blant anna gjennom slang-omgrep som nemnt over.

Sosiolingvistisk teori kan blant anna seia noko om korleis språklege fenomen vert aktualisert og teke i bruk i ulike lag. Eit godt utgangspunkt kan vera å sjå på Bourdieus (1991:76) teori om lingvistik og symbolsk makt. Det er ikkje naudsynt å sjå korleis omgrepa har vorte utvikla, men å sjå kvifor og korleis dei vert teke i bruk. Han skriv blant anna at me i alle marknader vil produsera ut ifrå kva me forventar å få att. Sanksjonar me forventar i den gitte marknaden, vil gi oss leietrådar om korleis me skal levera eller gjennomføra noko. Dette kan me overføra til språket, og det vil då bety at me ordlegg oss avhengig av responsen me forventar av tilhøyraren. Me gjer inga medviten utrekning, men det skjer automatisk og basert på dei erfaringar me har gjort oss i høve til kven me snakkar med. Det er eit aspekt i den språklege habitus, som altså er produktet av eit langvarig forhold til dei gjeldande reglar i den aktuelle marknaden. Det kan fungera som ein aksept, og kan vera med å sannsyngjera verdiane i eins eigne språk (Bourdieu, 1991:76).

Det låg ei form for makt i det å bruka desse omgrepa som eg som utanforståande ikkje forstod. Spelarane hadde noko seg i mellom som eg ikkje var «kvalifisert» for å kunna. Dette eige språket har altså noko å seia for dette skilet mellom oss og dei. Språket skapte distinksjonar som fortalte noko om eg var innanfor eller utanfor.

Bourdieu (1991:45) skriv at mennesket evnar å bruka språket på eigne måtar slik at det vil seia noko om kva gruppe me kan tilhøyra, entan det er sosialt, politisk eller yrkesmessig avgrensa. Når spelarane såg eg ikkje hang med, og måtte forklara meg kva dei meina, hadde eg allereie visa at eg ikkje var likemann.

Også Goffman (2014:153-154) påpeikar at me gjerne «hyllar» eller framhevar noko som er karakteristisk for ei gruppe me høyrer til. Han kallar det å føra ei militant line, der ein gjerne overdriv utføringa av visse trekk. Det kan både koma av at ein er stolt over det som skil ein frå andre, samstundes som det kan vera forsøk på avstigmatisera karakteristikken.

Spelarane sitt val av slang-omgrep kunne også vera eit resultat av dei andre si anerkjenning og forståing av det som vart sagt. Dei hadde truleg kjennskapar nok til kvarandre til å veta at ein kunne snakka slik ein gjorde, og likevel gjera seg forstått. Dette slangspråket, og dei felles oppfatningane av kva det gjaldt, var ein del av kulturen på gatelaget. Dahl (2001:89-90) påpeikar at det i alle språk vil vera ulike sjargongar, eller slang, innanfor ulike subkulturar.

Felles for denne slangen, uavhengig av kor den er gjeldande, vil ofte vera at den betyr noko anna enn det folk flest forbinder med uttrykket eller ordet.

Dahl (2001:61) forklarar kultur som eit *dynamisk felt* som vert til mellom menneske som samhandlar og kommuniserer med kvarandre. Dette feltet skiftar, og gjer seg gjeldande i somme bestemte situasjonar, og ikkje i andre. Kulturen er eit resultat av eit førebels meiningsfellesskap som pregar situasjonen, og ikkje individet. Altså vil kommunikasjonen vera mogleg ved at deltakarane ser dei same betydningane og meiningane, til dei ulike orda og handlingane, og ei felles forståing er skapa (Dahl, 2001:61). I samtalar der fotball var tema, la eg også merke til korleis eit eige fotballfagleg språk gjorde seg gjeldande, og korleis det engasjerte spelarane.

Fotballpreik

Eit anna tema som også hyppig vart diskutert på gatelaget, var naturlegvis fotball. På ei side fotballprat som gjaldt gatelaget, som til dømes taktikk, teknikk, ferdigheiter, gatelagsserien og turneringar. På andre sida, og kanskje på den sida som tok mest plass i den daglege samtalen, profesjonell fotball, både nasjonalt og internasjonalt. Samlege spelarar hadde sine favorittklubbar både i Norge og England, og dei fleste hadde stålkontroll på ulike ligaer. Typisk kunne ein venta heftig diskusjon under frukosten, dersom ein større kamp hadde vorte spela dagen før eller mellom ei trening og neste. Blant spelarane var det ca. likevekt mellom tilhengjarar av Manchester United, Liverpool FC, Arsenal og Chelsea FC, og hadde det vore kampar mellom nokre av desse, venta diskusjonar og meiningsutvekslingar blant spelarane. Det som derimot heldt dei saman, var kjærleiken og interessa for klubben dei sjølve spela i. Hadde klubben, ved elitelaget, spela kamp eller turnering, var det som regel einigheit om kva som hadde vore bra eller dårleg, og engasjementet og entusiasmen gjorde seg som regel godt synleg her. Det var sjeldan eg deltok på ein frukost eller lunsj utan at det siste nye frå klubben sitt elitelag vart diskutert og snakka om. Det vart snakka om alt ifrå potensielle tilskot til spelarstallen i den komande sesongen, til komande treningskampar.

Det å inneha kunnskapar og interesse, spesielt om klubben, var nærast noko spelarane på gatelaget forventa av kvarandre. Dette viste seg ofte dersom nokre av dei diskuterte ei hending i ein kamp, eller eitt eller anna særskilt om klubben, så kunne dei venda seg til kven som helst andre å forventa at vedkomande hadde ei meining å ytra på direkten. Og spelarane hadde som regel noko å seia, noko som gjorde at samtalar og diskusjonar flaut naturleg. Dersom det vart snakka om klubben sitt elitelag, var ofte mange inkludert i samtalen, og mange hadde ei meining eller tilleggserklæring. Ofte var dei fleste samstemte her, i motsetning til om det gjaldt engelsk fotball der ueinigheiter kunne skapa høgt volum og diskusjon. Som regel vart stemningsleiet i diskusjonen ein spelar innleia med, overført til dei andre deltakarane i samtalen. Var det entusiasme i utgangspunktet, breidde entusiasmen om seg. Vart det «surmuling», eller negativ kritikk eller frustrasjon, vart også dette vidareført.

Goffman (1963:11) skriv om det han kallar «situational proprieties», som kan tyda ”situasjonell sømmelegheit”. Det handlar om i kva grad normene legg til rette for, eller krev at personar involverer seg i situasjonen. Ved å involvera seg og handla etter situasjonens karakter, vil ein oppretthalda karakteren og skapa ein viss einigheit blant dei deltakande i situasjonen. Det er ein slags moralsk kode som fortel noko om korleis ein skal te seg i ein gitt situasjon, som til dømes stemningsleie og ordbruk. Dette gjaldt som sagt spesielt samtalar om klubbens elitelag. Det kunne verka som ein ikkje var villig til å kritisera her, om utgangspunktet for samtalen ikkje var grunna i kritikk. Det låg ei viss disiplinering rundt det som handla om klubben.

Derimot kunne denne ”situasjonelle sømmelegheita” vera fråverande ute på fotballbanen under treningar. Vart det diskusjon om ei enkelthending, som til dømes ei takling, eit tvilsamt mål eller anna, kunne spelarar gjera alt i si makt for å undergrava einigheita. Det kunne gå litt sport i det å protestera berre for å protestera. Somme gonger var det med sikte på humor, somme gonger for å skapa frustrasjon hos motspelaren. Slik er det gjerne på fotballag, eller i idrett generelt. Som ein ofte kan høyra idrettsutøvarar i individuelle idrettar seia, kanskje spesielt i norsk langrenn: «Me er verdas beste lagkameratar, men på startstreken er me konkurrentar, og vil gjera det me kan for å slå kvarandre».

Også eg vart utfordra:

«Kva tenker du, du er vel einig i at han burde vera fast på offensiv midtbane med angrepskrafta han innehar?» vart eg spurd om ein gong, då dei diskuterte ein av spelarane på klubbens sitt elitelag.

Det gjekk då opp for meg kor lite eg eigentleg kan om fotball, og spesielt om kjende fotballspelarar. Eg vart sett rart på då eg heilt ærleg måtte svara at eg ikkje visste kven vedkomande dei sikta til, var. Jonas svara då at eg måtte lesa mindre filosofi, spela mindre sjakk, og sjå meir fotball. Tilsynelatande sagt med eit glimt i auga, og tilsynelatande for å få folk til å le, noko fleire gjorde, også eg sjølv. Også dette sa noko om innside og utside. Det gjekk på inga måte ut over korleis spelarane inkluderte meg og tok vare på meg, men det er uansett interessant å sjå korleis faktorar som kunnskap og omgrepsforståing kunne gjera desse skila tydelegare. Eg fekk eit nerdestempel. I nokre veker hadde eg forsøkt å skjula mine manglande fotballkunnskapar, men vart avslørt hardt og brutalt. På Jonas si slengmerkna responderte eg ved å slå armene ut, med eit oppgitt andlet, sjølv sagt med eit glimt i auga.

Bauman & May (2004:52-53) visar til korleis ein som ny i ei gruppe vil «feila» i starten, nesten uansett. Det tek tid å bli kjent med føresetnadane for samhandlinga i gruppa, og derav vil ein gjerne trå noko feil. Nykomarens vil også berre ved sitt nærvær, utfordra gruppa til å evaluera sine egne vanar og forventningar med ein viss dose ironi. Trass i at deira alminnelege verd ikkje har vorte problematisert, er ho vorte rokka ved, og eit slags forsvar vert iverksett. Eitt svar på tiltale kan vera å gjenoppretta status quo, og gå attende til det som tidlegare ikkje har vorte stilt spørsmål til.

Det å inneha særlege kunnskapar om ulike fotballklubbar, og det som skjedde i fotballverda, var del av ein kultur på gatelaget. Spesielt verka det viktig å vera oppdatert på status rundt klubben dei spela for. Igjen denne disiplinen rundt det å tilhøyra klubben. Ein slik kultur samsvarar med åtferd og verdiar i det Hjelseth (2005:70-72) kallar fotballkulturell kapital. I denne kapitalen legg Hjelseth: «*Lojalitet, autensitet, lokal forankring og solidaritet*». Det vart kravd ei tilhøyrslø ikkje berre til klubben, men til fotballverda generelt. I dette ligg også kunnskapar og kjennskapar til spesielt klubben sin noverande status og historie.

Hjelseth beskriv også den fotballkulturelle kapitalen som ein motbør til tidlegare klassisk klassetenking, der arbeidarklassen søker seg mot middelklassen, og middelklassen søker seg mot overklassen. For kva gjeld fotballkulturell kapital, er det ein tidlegare kalla arbeidarklassen som står sterkast, då det er dei tilhøyrande der som har definert og bygd opp den supporter-kulturen som har vore gjeldande i Norge og England i nyare tid. Han skriv om korleis mange fotballsupporterar i den nye middelklassen i dag strebar *nedover* i eit såkalla klassehierarki for å tileigna seg fotballkulturelle kodar og verdiar. Dette for blant anna å hausta anerkjenning for engasjementet sitt.

I ettertid av feltarbeidet har eg tenkt attende på korleis det fotballfaglege språket arta seg på gatelaget. Kva gjaldt rus, som eg var inne på tidlegare, var det lettare å merka seg desse slangomgrepa som stadig vart teke i bruk. Men kva gjaldt fotball er det først når eg ser attende på tida på gatelaget, at eg ser nokre språklege fenomen som var ga meg høve til å forstå noko meir om spelaranes forhold til spelet. Fotballfaglege omgrep er noko eg i vesentleg større grad er kjend med frå før, og såleis la eg ikkje merke til kor ofte det vart teke i bruk av spelarar. Omgrep som å «knusa» (vinna over) eit lag, «klippa ned» (takla spelarar), «stempla» (tråkka på foten), er alle kjende for meg frå før. Denne litt grove karakteristikken som prega det fotballfaglege innhaldet, gjorde seg veldig til kjenne her. Metaforiske uttrykk i det daglege språket påverkar korleis me tenkjer om ein gitt situasjon, utan at me tenkjer over at det faktisk påverkar oss. Dei definerer verkelegheita og viktigheita av det me gjer i situasjonen (Lakoff & Johnson, 2003:7). Omgrepa eg nemnte over, er totale eller ekstreme i sin styrke, ved at dei er i maks-enden av skalaen. «Knusa», «klippa ned». Det kan fortelja noko om alvorret som ofte pregar fotball, og det fortel noko om spelaranes forhold til spelet.

Oppsummering

I kapittelet her har eg vist til to tema som var typiske i samtalar på gatelaget. Det er ikkje slik at dette er det einaste spelarane snakkar om, altså rus og fotball. Men då eg ville trekka ut nokre særskilte tema frå den kvardagslege samtalen som føregjekk her, vart desse to naturleg for meg å velja. Dette var tema eg ikkje hadde førstehandskunnskapar om, og som eg difor ville finna interessante og kanskje nesten litt eksotiske. Dessutan var det tema som aldri gjekk ut på dato, eller svinga spesielt mykje i hyppigheit. Rus eller fotball, eller begge deler, dukka jamt og trutt opp, men i forskjellige grader, med ulikt fokus og i vidt forskjellige samanhengar. Dette var tema fleire på gatelaget hadde førstehandskunnskapar om, noko eg etter kvart skjønna.

Eg har også prøvd å visa til korleis eit eige språk hadde teke form rundt desse temaene. Browne & Adelman (2014:126) hevdar språket og daglegtalen vert prega av ein sosialt konstruert kontekst. I henhold til sosialkonstruksjonistisk teori, gir me det som skjer eller vert sagt ei eiga meining, med utgangspunkt i den enkelte si oppfatning, men også av den felles forståinga i gruppa ein høyrer til. Språket får sitt eige meningsinnhald og liv innanfor relasjonane her. Alle og einkvan vil ha sitt unike verdsbilete som eit resultat av sine spesielle relasjonar og samanhengar dei har delteke i, men i fellesskap vil ein setja ord som gir felles oppfatningar av det som vert formidla.

Reglar og sanksjonar

«Dette er ein fristad! Fotballen skal vera ein fristad!»

- Trenar 1

Under ein frukost i januar, bad den eldste trenaren om å få ordet. Han hadde fått høyra om ein episode som hadde skjedd under førre samling med gatelaget, nærare bestemt under lunsjen etter sjølve treningsøkta. Ein av spelarane hadde konfrontert ein anna spelar om det som skulle vera eit kriminelt forhold, og det av ein slik art at det ikkje var snakk om ein bagatell. Det var openbart at temaet hadde vore oppe tidlegare, då ingen såg ut til å verta overraska. Nokre såg på sidemannen, og nokre såg ut til å oversjå det som skjedde. Heller ikkje vedkomande som vart konfrontert, verka overraska av skuldingane, men sa:

«Det forholdet er henlagd, for det har aldri skjedd».

Ingen av trenarane eller leiar var til stades, det var berre oss spelarar. To andre spelarar følgde opp konfrontasjonen ved å opplysa vedkomande om at saken var kjent i «miljøet», og at nokon tilsynelatande var ute etter å «ta» vedkomande. Sjølv oppfatta eg dette som ein indirekte trugsel mot han som vart konfrontert, og eg såg at vedkomande vart utilpass. Eg tykkja også det var veldig spesielt at ein innbyrdes på laget kunne stilla seg slik overfor ein medspelar, spesielt med tanke på dette fokuset på samhald og kameratskap eg hadde vorte vist undervegs.

Det heile braut opp ved at dei fleste byrja å ta på seg kleda, og drog frå staden tilsynelatande for å trekka heimover eller til bussen. Brått satt eg att åleine med vedkomande som stod for konfrontasjonen i utgangspunktet. Sjølv var eg veldig usikker på kva eg skulle seia, og eg valde difor å ikkje seia noko som helst. Sekundar etterpå snakka me om dagens trening, og det som hadde føregått på fotballbanen.

Mellom denne samlinga og neste, hadde altså trenarar og leiar vorte informerte om det som hadde skjedd, og det var utgangspunktet for at den eldste trenaren tok ordet under frukosten. Han fortalde at han hadde vorte kjent med det som hadde skjedd sist, og følgde opp på ein måte som ikkje var til å misforstå:

«Det er heilt uakseptabelt at dette skjer her. Frå dag éin har eg vore klinkande klar på at alt som eventuelt måtte eksistera av historiar de i mellom, eller andre usportslege forhold, ikkje skal takast med inn her. Uansett kva som har skjedd eller ikkje, tek me det ikkje opp her. Dette

er ei melding som er ufråvikeleg! Her inne er me eit lag, og lagkameratar bygger kvarandre opp, ikkje ned!»

Den yngste trenaren følgde direkte opp med sitatet eg innleia kapittelet med, om at fotballen var ein fristad.

Bodskapet var klart. Dette var ein regel som skulle fungera som ein bærebjelke på gatelaget. Episoden eg greia ut om her, var av den mest alvorlege av sitt slag under tida mi på gatelaget. Difor gjorde den også inntrykk. Eg høyrde somme gonger spelarar som diskuterte usportslege forhold, men ikkje av ein slik karakter som dette. I all den tid eg var med gatelaget, vart eg gjort kjent med ulike reglar som var gjeldande og regulerande her. I dette kapittelet vil eg belysa nokre av desse. Nokre av døma eg tek opp, har eg også vist til tidlegare, men då med eit anna blick og fokus.

Reglar på gatelaget

På gatelaget fanst det eit skilje mellom formelle og uformelle reglar. Nokre var teikna ned (formelle), medan andre hadde vorte til og blei utvikla undervegs, utan at desse på noko måte var mindre viktige og regulerande. Av formelle reglar var det i fellesskap teikna ned følgande:

- Ha respekt for kvarandre
- Ha det kjekt
- Faste rammer/betingelsar
- Vera nykter, me klarar ikkje lura kvarandre
- Passa på hygien
- Dei som møter oftast, spelar mest

Spelarane hadde sjølv vore med å utarbeida desse, og dei stod skrive på ein plakat i rommet der me samlast for frukost og lunsj. Episoden eg visa til innleiingsvis, der andre forhold hadde vorte teke opp under samling med gatelaget, var potensielt trugande for fleire av dei nedteikna reglane. Den direkte reaksjonen eller sanksjonen på episoden, var i praksis tilsnakket og presiseringa frå trenerteamet. Ein vidare konsekvens av at dette ikkje hadde vorte overhaldt i framtida, hadde potensielt kunna medføra utestenging for personar frå gatelaget. Nokre av dei nedteikna reglane, som til dømes handla om respekt og å ha det kjekt, var såpass altomfattande at dei i eit «juridisk» perspektiv kunne vera regulerande for svært forskjellige hendingar. Dømer på dette er episoden på fotballbanen der eg visa til då Ragnar truga Thom med å slå han, eller

då Jim i fellesskap spurde i ein hånleg tone om «Kjell'n hadde gått på ein sprekk», då Kjell ikkje hadde vore til stades på ei stund.

Dette handlar om avvikande handlingar i forhold til dei normer og reglar som er fastset, og det tek oss inn i drøfting om avviksteori. Skog (2006:16) påpeikar at i alle sosiale system vil det finnast mindre og større grupper av uformelle reglar, medan storsamfunnet ved sine institusjonar har sine formelle lover og reglar. Felles for dei ulike kategoriane vil vera at eitkvart brot på nokre av desse, derunder også brot på alt som kan kallast sosiale normer, vil utløysa ei eller anna form for negativ reaksjon – så sant det vert oppdaga av andre. På den måten vil handlingane som bryt med normene, kunna falla under omgrepet sosiale avvik.

Sosiale avvik er eit resultat av at det finnast ei sosial norm som forbyr eller pålegg oss noko, vidare at nokon bryt norma, og avslutningsvis at det vert reagert med ein form for negativ sanksjon. Det vert også understreka at sosiale avvik ikkje er eit enten/eller-omgrep, då det absolutt handlar om ulike grader av avvik (Skog, 2006:17). Slik vil eit kvart sosialt lag eller gruppe, leggja til rette for konstruksjonen av det sosiale avviket som skjer, og i kva grad avviket inneber.

På gatelaget ville altså ei kvar form for handling som truga aspekt i dei nedteikna reglane, kunna definerast som sosiale avvik her inne, men av ulike grader. Det var nokre «kodar» i gruppa som sa noko om korleis ein faktisk skulle oppføra seg. Døme på dette kan vera at ein ikkje slengte negative kommentarar, ikkje kom med skuldningar, at ein rydda etter seg når ein hadde ete, og at ein vridde treningstøyet riktig veg før ein la det til vask. Dette handla om alminneleg åtferd.

«Hei, hei! Slik skal det vera. (Vrenger om treningsdrakta eg har slengd til vask). Tøyet må vera vrengd riktig veg før eg hiv det til vask, viss ikkje vert det ei kule i hovudet!»

- Materialforvaltaren, første gong eg var i garderoben etter treningsøkta. Openbart sagt med eit glimt i auga, men med ein dryg «trussel» for å understreka at slik skulle det vera.

I delkapittelet om det kollektive gatelaget, greia eg ut om korleis alle spelarane utgjorde eit slags maskineri som dreiv gatelaget opp og fram. Alle var dei mindre eller større tannhjul som alle måtte gå for at logistikk, effektivitet og samarbeid skulle vera så bra som mogleg. I dette ligg det nokre normer og reglar som regulerte ulike oppgåver. Desse normene og reglane skapa forventingar og plikter blant spelarane. Det vart forventet av både spelarar og trenarar, at folk rydda etter seg, at folk var med å samla inn ballar undervegs i, og etter treninga, at folk vrengde skittentøyet riktig veg, at folk sette på kaffien dersom ein var først attende i lunsjrommet etter treninga, og fleire andre oppgåver ein gjerne kan ta for gitt vert gjort.

Det var ein struktur som gav spelarane ansvaret for at alle desse mindre oppgåvene vart utført. Desse reglane som regulerte slike oppgåver hadde i motsetning til dei seremonielle reglane, faktisk ei meining i seg sjølv. Ja, dei var til for å få den kvardagslege interaksjonen til å halda ved, men det var oppgåver som måtte gjerast for at ein reint praktisk skulle kunna nytta seg av dei fasilitetane klubben stod for. Desse oppgåvene og reglane vart i stor grad overhaldne. Der det somme gonger brast, var når lunsjen starta og dei som hadde kome der først ikkje hadde funne fram mat/sete på kaffi. Då kunne det koma ei slengmerknad til vedkomande, men løyste seg ved at vedkomande ilag med dei andre sytte for å ordna opp.

Goffman (2005:48) tek for seg åtferdsreglar som eit sosialt fenomen og produkt. Han definerer desse kortfatta som; ei vegleiing til korleis ein skal oppføra seg. Ikkje berre fordi det naudsynt er hyggeleg eller effektivt, men rett og slett for at det eignar seg. Typisk resultat av brot på av åtferdsreglar, vil vera kjensler av uro og negative sosiale sanksjonar. Goffman (2005:52-53) skil mellom symmetriske og asymmetriske åtferdsreglar. Den førstnemnde går ut på at ein forventar noko av andre og handlar deretter, og tek for gitt at motparten har same forventingar og handlar likt attende. Eit typisk døme på dette er: Eg stel ikkje frå deg, du stel ikkje frå meg. Asymmetriske reglar går ut på at ein forventar at andre handlar på ein særskilt måte overfor ein sjølv, men at ein sjølv ikkje har desse pliktene for motparten. Eit døme på dette: Ein offiser forventar at ein meinig går i rett ved hans oppsyn, men går ikkje sjølv i rett for den meinige (ibid).

På gatelaget var det i størst grad symmetriske åtferdsreglar som regjerte. Det var ikkje noko klart hierarki i spelargruppa, og då forventa spelarar å bli behandla slik dei sjølve behandla dei andre. Den flate strukturen bidrog til at alle måtte vera med å «dra lasset». Desse reglane som regulerte åtferd og samhandling på gatelaget, kan ein sjå i tråd også med det Goffman (2005:5456) kallar seremonielle reglar. Dei seremonielle reglane har ikkje noko klar meining i seg sjølv, men vert teke i bruk for at ein vil visa at ein ynskjer å oppretthalda situasjonen eller interaksjonen som er og skjer. Dei seremonielle reglane har utgangspunkt i etiketten som er gjeldande praksis i den spesifikke kulturen. Handlar ein etter etiketten, vil ein oppretthalda ei viss ro i gruppa. Seremonielle reglar omfattar også situasjonell sømmelegheit (Goffman, 1963:11) som eg var inne på i drøftinga av korleis spelarane involverte seg etter situasjonens karakter, typisk i diskusjonar om fotball. Også dette for å bevara ei ro i gruppa.

I nokre samanhengar vil reglar vera ganske tydelege og standardiserte, slik at ein forholdsvis enkelt kan halde seg til dei. Spelet fotball regulerast av ulike formelle reglar. Du kan til dømes ikkje ta opp ballen med henda, du kan ikkje skubba folk med strake armar, og du kan heller

ikkje spela ballen fram til ein person som står i offside. Dette er internasjonale, formelle reglar som vert sanksjonert av ein dommar, og det er klare retningslinjer for sanksjonens omfang. Dette er godt kjende reglar for folk som spelar fotball på eit visst nivå. Vanskelegare kan det vera å definera reglar innanfor sosiale grupperingar, som til dømes gatelaget. Nokre reglar var fastsett, og skulle regulera samhandlinga. Men som i alle andre sosiale settingar, var også nokre reglar utarbeida undervegs som ein naturleg del av samhandlinga. Nokre døme her var korleis og kva ein kunne spøka med eller ikkje, eller korleis spelarane ynskja at mediehandteringa skulle skje, eller at ein skulle kunna snakka fritt utan å vera redd for at det ein sa vart tinglyst.

Kva skjedde då reglar vart brote, og normer sete på prøve?

Eg har i kapittelet om dialogiske tema visa til korleis blant anna rus var eit tema som stadig vart snakka om. I fleire settingar var rus lov å både spøka med og flira av, men somme gonger kunne ein gå for langt, og då avvika frå den sosiale norma som var gjeldande her. Under kjem eksempelet på korleis det vart handtert då Jim spøka om Kjells fråvær.

Kjell hadde vore borte frå gatelaget sine treningar ein lengre periode, og det var ikkje heilt gjort reie for kvifor. Kjell har vore open om personlege utfordringar som rusproblem, speleavhengigheit med meir, og har i ei lengre tid fungert som spelande trenar på gatelaget.

Jim, som var ein av laget sine «humoristar», spurde ein av dei andre trenarane:

«Kor er Kjell'n då? Gått på ein sprekk eller?».

Det vart sagt med eit hånande tonefall, og kunne verka som om det var for å få dei andre til å le. Trenaren som fekk spørsmålet fnyste av det, såg på Jim, og lot vera å seia noko. Av dei andre spelarane som hørde det, var det ikkje nokon som sa noko der og då. Det var heller ingen som lo. Jim vart ikkje verbalt korrigert der og då, av verken trenar eller medspelarar, men den fråverande reaksjonen i seg sjølv, var også ein sanksjon. Trenaren sitt fnys, og blikket han ga Jim i same augneblink, var den mest merkbare sanksjonen der og då.

Garland-Thomson (2009:33, 39) forklarar at blick eller det å stirra er ein spontan augneblink av mellommenneskeleg interaksjon og kommunikasjon. Det er ein del av mennesket sitt enorme felles vokabular, og difor vil blick formidla noko, nesten alltid.

Blikket trenaren ga Jim, fortalte at det som nettopp hadde vorte sagt, var lågmål. Han mysa, og rynka på nasa. Ikkje ein einaste smilemuskel var aktivert. Blikket i kombinasjon med den fråverande responsen frå dei andre, såg ut til å gjera Jim såpass forlegen at han på inga måte følgde opp spøken sin. Han vart irettesett på staden utan at eit einaste ord var sagt. Reaksjonen, eller den fråverande reaksjonen, då episoden fann stad, var ei form for sosial kontroll. Den

behavioristiske betraktningsmåten av sosial kontroll, seier noko om korleis åtferda vert vurdert som god eller dårleg av andre, og reaksjonane vil vera i form av sanksjonar av positiv eller negativ art, alt etter som. Det handlar om kva andre aksepterer, og vert sanksjonert i form av til dømes ros/ris, kritikk, humor (Ilstad, 2004:81), eller som i vårt tilfelle, der trenaren sitt blikk og spelarane sin tausheit sa meir enn noko anna.

Den sosiale kontrollen vil ikkje berre regulerast av andre, men også i stor grad gjennom individet sjølv. Dei fleste av oss har ein indre autoritet som også sanksjonerer oss, kanskje spesielt der me har gjort noko galt. Denne indre kontrollen kan gjera seg merkbar i form av skuldkjensle og dårleg samvit. Fråvær av dette, vil i motsetning vera ein slags positiv sanksjon eller belønning. Denne ytre og indre sosiale kontrollen supplerer kvarandre, ofte i form av at den ytre kan utvikla den indre og gjera at det indre kontrollsystemet overtek meir kontroll over korleis me handlar (Ilstad, 2004:81).

Då me entra garderoben like etter, vart det snakka om det som hadde vorte sagt under frukosten. Jim sjølv var ikkje til stades då det vart teke opp. Fleire meinte Jim hadde gått alt for langt. Han hadde utløyst ein reaksjon for misnøye med situasjonen, og ein av spelarane sa:

«Det der var ikkje greitt, det var pinleg og idiotisk. Visst kan me kødda me kvarandre, men det er ei grense. For kva me veit, kan det godt vera Kjell har gått på ein sprekk, og då er det faen ingenting å le av».

Det var ei unison einigheit om at enkelte ting var uaktuelt å spøka med, og laget sin kaptein sa han kunne ta dette opp med Jim. Ein kritisk dialog vart resultatet av episoden. Jim hadde brote ein uskriven regel, noko som fekk fram ein diskusjon i gruppa for kva som var greitt eller ikkje. Spelarar hadde vorte provosert, men snakka seg fram til løysingar som også ville koma Jim til gode. Reaksjonar og diskusjonar etter episodar som dette, fortalde meg noko om reglane her og korleis reglar vart til.

Det var også andre uskrivne reglar som regulerte rus som tema. Det å snakka om rus til utanforståande, og særskilt til media, var ikkje allment akseptert, spesielt om dette kunne koplust til enkeltspelarar. Dette vart teke opp etter episoden der gatelaget hadde spela treningskamp mot det lokale politiet, og ei regionsavis hadde gitt kampreferatet overskrifta: «Svette rusavhengige i en evig runddans mot politiet». Det vart då mistenkt av nokre spelarar at ein eller fleire andre spelarar hadde påpeika og fokusert på at dette var eit lag for menneske med rusutfordringar, til media. Trass i at dette ikkje var noko hemmelegheit, skulle dette aldri takast opp som eit felles fokus på gruppa. Tid, stad og kontekst ville altså bety noko for kva

tema som kunne snakkast om. I den same artikkelen hadde Fred greidd ut om si eiga historie rundt rus og personlege forhold, til journalisten. Her snakka han utelukkande om eigne erfaringar, og trakk ikkje inn nokon som helst andre. Akkurat dette var ikkje problematisk for dei andre, og Fred hausta faktisk anerkjenning for dette, også frå dei som kritisk hadde teke dette opp. Det å vera open om si eiga historie, var på inga måte problematisk så sant ein ikkje drog alle under ein kam.

Spelarane kunne snakka om det dei måtte ha på hjarta, så sant det ikkje var tema spelarane på gatelaget ikkje ynskja skulle vera synleg eller høyrbart utad. Slik vart enkelte språklege tema regulert, og dette vart gått gjennom i plenum. Det hadde også vore gjort klare avtalar på kven som skulle snakka med media, og det var alltid valfritt om ein ynskja å verta avbilda eller ikkje. Etter overskrifta i avisa, og dei påfølgande reaksjonane, vart det også sagt av leiar at det bestandig skulle vera avgjort på forhand kven som skulle ta seg av eventuelle media. Sjølv om Fred i utgangspunktet ikkje hadde gjort noko galt, vart denne avisartikkelen utgangspunktet for ein gjennomgang av reglar i henhold til handtering av media.

Tidlegare i oppgåva skreiv eg om Goffman sitt fasade-omgrep, og korleis handlingsmønsteret vårt vert prega av korleis me ynskjer å framstå for andre, eller for området me handlar på (Goffman, 1992:27). Som ein polaritet til fasaden, har me også det Goffman (1992:96) kallar «bakside-område». I bakside-området kan me handla eller snakka om det me ikkje ynskjer skal prega inntrykket me gir til andre. I bakside-området er me ikkje synlege, og sidene me undertrykker i fasadeområdet, kan me uttrykka og utarbeida her (ibid). På treningar, frukost eller lunsj med gatelaget, var det i stor grad problemfritt å greia ut om rusutfordringar og problematikk. Men overfor andre, overfor media, var ikkje dette noko som skulle aktualiserast overfor gatelaget.

Det å kunna prata ope, og fortelja om alt innanfor gatelaget sine fire veggar, var noko som stod sterkt i gruppa. I november 2016, skulle detta visa seg å bli utfordra. Dagen starta med at ein noko fortvila person på gatelaget, tok ordet under frukosten. Erik byrja å snakka noko usamanhengande om ein komande rettssak, og han snakka til dei andre spelarane. Han både spurte og kommanderte, og det gjaldt hans ynskje om at dei skulle vitna for han. Det var ikkje enkelt å forstå kva dette dreia seg om, men eg skjønna at nokre av dei andre forstod kva det gjaldt. Men eg la merke til noko som fekk meg til å tvila på situasjonen. Eg såg at Erik sette telefonen på opptak før han byrja. Han tiltala folk ved namn, og det var openbart at temaet gjaldt noko alvorleg. Leiaren for samfunnsavdelinga i klubben var til stades, og også ho fekk med seg kva som var i ferd med å skje. Både ho og den eine trenaren prøvde å bryta av, men laget sin

kaptein bad dei om å la Erik snakka ferdig. Det var lov å snakka om det i plenum om det var noko som plaga ein. Først då leiaren klarte å avbryta Erik skikkeleg, sa ho: «*Ok, folkens. De avgjer om dette er tema som Erik kan snakka vidare om no og her, men eg vil åtvare om at dette vert teke opp på mobilen*», og peika på mobilen til Erik. Dei andre hadde ikkje fått med seg at telefonen stod i opptaksmodus, og det vart brått ei uroleg stemning i gruppa då dette vart opplyst om. Leiaren ga klar melding til Erik om at dette ikkje var greitt, og sa han kunne snakka med ho og trenaren om dette, og ikkje med gruppa. Trenaren tok ordet i all uroa, og sa folk skulle trekka ned i garderoben for å gjera seg klare til trening. Dette kunne han og leiaren snakka med Erik om under seks auge. Spelarane responderte positivt på «kommandoen», og sette marsj mot garderoben.

Då me kom i garderoben, var det fleire som snakka om det som nettopp hadde skjedd. Fred sa følgande:

«Dette er liksom ein stad der eg meiner me skal kunna snakka fritt om det me vil, og då er det jævleg respektlaust å ta opptak utan å seia ifrå. Det stridar mot menneskerettigheitene. Viss dette skjer igjen så forsvinn eg, det her gidd eg faen ikkje!».

Fred og dei andre var svært provoserte av opptak-episoden. Det var som om nokon verkeleg hadde brote ein kodeks som alle var kjent med. Alle skulle få snakka om personlege forhold her, men ikkje dersom ein skulle trekka andre inn på ein måte som eventuelt kunne slå attende på ein, og det skulle i alle fall ikkje sikrast på noko bandopptakar. Ein av spelarane sa at dersom me ikkje kunne snakka fritt om eventuelle personlege problem, utan å vera redde for at det kunne bli teke opp, var mykje av poenget med laget her øydelagd.

I ettertid har eg merka meg at garderoben ofte var ein stad der spelarane tok opp negative episodar. Som då Jim hadde slengd med leppa, eller Erik gjorde opptak med telefonen. Begge desse episodane vart diskutert og drøfta i større grad i garderoben, enn i lunsjrommet der trenarar og/eller eventuelt leiar var til stades. Atmosfæren i garderoben var annleis enn atmosfæren i lunsjrommet, utan at eg vil trekka den eine fram som betre enn den andre. Men garderoben si atmosfære inneheldt noko av det Ilstad (2004:133) hevdar er karakteristisk i ein målorientert atmosfære. Ein slik atmosfære skapast av at medlemmane kjenner seg trygge, og at dei ikkje opplever konsensuspress, majoritetspress eller autoritetspress. Ein målorientert atmosfære vil på fleire måtar vera noko å streba etter. Det bygger opp under den flate strukturen på gatelaget. Kjensla av at alle hadde ei medverkande rolle og at ordet var fritt var absolutt til stades. Eg hadde lite eller få inntrykk av at spelarane opplevde desse ulike formane for press,

som under autoritetar eller majoritetar, i særskilt grad under trenarane eller leiaren sitt oppsyn, men truleg kan spelarane ha kjent på enno meir fridom for ytringar når berre dei sjølve var til stades, som til dømes i garderoben. Episoden eg visa til innleiingsvis, der nokre spelarar konfronterte ein spelar med desse usportslege forholda, kan bygga opp under ein slik teori. Denne episoden skjedde då verken trenarar eller leiar var til stades, og eg opplevde aldri slike episodar elles heller. Opptakeepisoden vart avslutta med at Erik entra treningsfeltet ei stund etter oss andre, og beklaga seg til samlege. Unnskyldninga vart akseptert, og Fred som hadde reagert mest synleg tok Erik i handa, og la saken daud. Det kunne ofte vera slik på gatelaget, at einskilde episodar genererte skikkeleg temperatur, men at det løyste seg fort.

Då episodar som dei nemnte over sette samhaldet på gatelaget på prøve, kan det vera interessant å sjå på kvifor ein snarast mogleg ville finna ut av, og løysa slike utfordringar. Goffman (1992:74) skriv om lag og lagopptredenar. Menneske som tilhøyrar dei same gruppene eller det same laget, vil stå i eit spesielt forhold til kvarandre. Dette av to ulike grunnar; eit kvart medlem av laget kan «avsløra» eller øydelegga samhandlinga eller presentasjonen som skjer i laget, med upassande åtferd, kva tid som helst undervegs. Altså må ein stola på at dei andre handlar slik ein sjølv meiner er for laget sitt beste, og at dei andre stolar på ein sjølv. Det er då eit gjensidig avhengigheitsforhold som vil binda gruppa saman. Goffman (1992:74) peikar også på at eventuelle forskjellar kva gjeld sosial status og rang, ofte vil overskyggast av det gjensidige avhengigheitsforholdet, og derav skapa samhaldet i gruppa. Dette kan også vera med å forklara noko om den relativt flate strukturen som regjerer blant spelarane på gatelaget.

For det andre krev det eit samarbeid mellom gruppa sine medlemmar for å oppretthalda det inntrykket av situasjonen andre har overfor laget eller situasjonen. Personane i eit lag vil ikkje alltid naudsynt klara å oppretthalda denne definisjonen overfor kvarandre (Goffman, 1992:74), som til dømes desse hendingane eg har greidd ut om, kan visa. Som «medskuldige» i eit forsøk på å gi eit klårt og lyst bilete av røyndommen, må dei betrakta kvarandre som «innanfor», slik at det er ein slags einigheit om korleis ein skal opptre, og at alle kjenner til reglane. Dette er også med og styrkar det gjensidige avhengigheitsforholdet. Vidare forklarar Goffman (1992:7475) noko eg tykkjer er spanande i gatelaget sin samanheng: Dersom einskildpersonar ikkje vert regulert av dei uformelle sanksjonane gruppa står for, og er trugande til å venda situasjonen i ei «gal» retning, vil vedkomande desto ikkje mindre vera ein del av laget. Det er akkurat det at vedkomande faktisk er ein del av laget, som gjer at han kan skapa slike utfordringar. Einskildpersonar som kan øydelegga dei inntrykk dei andre på laget ynskjer å gi, vil kunna sjåast som ein trussel som ein naudsynt treng å slå ring om for at han ikkje skal dra

alle med seg ned. Altså kan det tenkjast at samhaldet og inkluderinga på gatelaget på sikt vart styrka av desse episodane som skapa uro i gruppa, at eit slags forsvar eller motmakt vart etablert.

Oppsummering

Det er ulike faktorar som påverkar korleis me handlar, og me vil bestandig verta forma av miljøet rundt oss. Slik eg forstår Skog (2006:103) kan ein ikkje forklara korleis mennesket handlar berre ved å ta utgangspunkt i vedkomande sine personlege eigenskapar, men ein må sjå på handlingskonteksten. Avstanden mellom dei personlege eigenskapane og handlingskonteksten, går i nokon grad an å samanlikna med avstanden mellom ynskje og oppfatningar. Ynskje eit menneske har, kjem mellom anna som resultat av dei personlege eigenskapane, medan oppfatningar vil vera mentale førestillingar av konteksten. I drøftinga her vil eg ikkje ta for meg personlege eller medfødde eigenskapar hos spelarane på gatelaget, då eg veit for lite om desse.

Normbrot og regelbrot på gatelaget vil vera konsekvensar av samansette faktorar. Når ein spelar handla på ein måte som fekk andre til å reagere negativt, som døma eg har vist til, ville det kunna ligga fleire grunnar bak som leia til at det vart handla slik det vart. Skog (2006:102-106) nemner fleire forskjellige faktorar som leiar til korleis me handlar og korleis me formast av miljøet. Den første sosialiseringa vil som regel skje i familien, medan ein etter kvart vil formast av interaksjonen med jamgamle, som til dømes på ungdomsskulen. Vidare vil me formast av andre sosiale relasjonar me tileignar oss gjennom livet. Dette er naturlege sosialiseringsprosessar som fører til erverva eigenskapar, kontra dei medfødde og personlege eigenskapane Skog også nemnar.

Ein kvar ny sosial samhandlingsarena vil altså by på ulike utfordringar kva gjeld å forstå normer i den spesifikke situasjonen. Det kan dermed tenkast at avvikande handlingar skjer av einskilde hindre i sosialiseringsprosessen. Den kulturelle og sosiale sfæren, altså påverknaden frå den sosiale samhandlinga, er saman med andre mekanismar med på å forma mennesket sine eigenskapar som til dømes empati, identitet, sjølvbilete, verdiar og haldningar. Resultata av desse eigenskapane vil igjen føra til dei ulike handlingane ein tek føre seg (Skog, 2006:107). Altså er ikkje berre avvikande handlingar, men også handlingar som er normative, eit resultat av eit veldig komplekst system.

Reglar på gatelaget vart i forholdsvis stor grad overhalddt, men også somme gonger sete på prøve og somme gonger, regelrett brote. Det var eit eige system for korleis ein handterte dette, og det

er noko av det eg har ynskt å belysa i kapittelet du no har lese. Som ein av trenarane sa til meg etter økta då Erik hadde feilvurdert, og sete mobilen på opptak utan å gjera dei andre klar over dette;

«.. at laget vert sete på prøve ved episodar som du sjølv var vitne til, er vanskeleg å unngå heilt. Men det er dette me tek tak i, og slikt er ein del av ei naturleg utvikling. Det er nesten bra at slikt skjer, så me får sett korleis det vert handtert av gruppa. Det er slikt som fører til at både spelarane og oss i apparatet rundt, lærer».

Avrunding

I dei føregåande kapitla har eg prøvd å gi svar på problemstillinga mi ved å skildra ulike hendingar, opplevingar og observasjonar. Ved å setja desse eksempla opp mot, eller saman med, fagteori har eg forsøkt å gi eit bilete av korleis deltakinga og samhandlinga på gatelaget fungerte. Poeng i lys av faglitteraturen har eg fletta inn i kapitla i direkte samanheng med det eg har sett, høyrd og skrive om. Kapitla er av ei skildrande sort, og tanken har vore at ein skal sjå dei konkrete observasjonane slik dei var og stod fram. Eg har forsøkt å skildra vegen slik eg såg og opplevde han, og visa til dette gjennom fire tematiserte kapittel. Nokre er forholdsviss generelle, medan nokre har eit meir spesifikt fokus. I dette kapittelet vil eg seia noko generelt om deltaking og samhandling som eg har lært meg gjennom å studera noko spesielt.

Arbeidet med oppgåva har leia meg til nye spørsmål undervegs, og slik har arbeidet gått framover. For meg vil eit funn tyda noko heilt konkret, og det tykkjer eg er vanskeleg å stadfesta at eg har. Kanskje var ikkje alt eigentleg slik eg analyserte det til å vera. Ein del av det eg oppdaga var ikkje slik eg hadde sett det for meg, og eg fekk bekrefte samt avkrefta nokre hypotesar eg hadde i forkant. Dette er verdifull læring for meg som forskar. Noko var også annleis enn slik eg såg føre meg etter førstegradstolkinga (ref. Fangen, 2010:208), noko eg oppdaga under analysearbeidet. Det gjaldt både generelle og spesielle vilkår for deltaking, og det gjaldt strukturelle og materielle vilkår for korleis laget som kollektiv arbeidde mot felles og individuelle mål.

Eg lærte å kjenna spelarane som ei samarbeidande gruppe på godt og vondt. For meg var det spanande å tre inn i dette fellesskapet med eit forskarblikk, og med forskjellige faglege kunnskapar i ryggsekken. Det var utfordringar og styrkar i dette fellesskapet eg ikkje hadde tenkt over på førehand. Ved å vera der, stå i det, og gjera deltakande observasjon, har eg tileigna

meg kunnskapar eg ikkje hadde frå før. Laget og fellesskapet gjekk ikkje framover av seg sjølv, det var ulike drivkrefter rundt og på laget som skapa framdrift. Deltakarane her skulle delta ut ifrå same premiss, rammer og vilkår, men utgangspunkta for deltakinga kunne vera vidt forskjellige. At det var slik, gjorde at spelarane anerkjenna og dyrka eit mangfald på denne sosiale arenaen. Alle kunne bidra med noko, og som på fotballag flest var det behov for ulike kvalitetar, både personlege, sportslege og sosiale.

Kva lærde eg om deltaking og samhandling?

Deltaking skjer på ulike premissar. I det legg eg at deltaking kan skje i former der utgangspunktet for den enkelte deltakar kan vera svært ulikt dei andre sine, trass i at det kan stillast dei same krava under deltakinga.

På gatelaget vart det forventet at deltakarane heldt seg til dei reglar apparatet rundt hadde utforma. Det vart også venta at ein haldt seg til dei uskrivne reglane deltakarane sjølv hadde oppretta praksis for å halda. Kameratskap, samhold, støtte og openheit var verdiar spelarar slutta seg til. Likevel ville det vera rom for omsyn til at den enkelte i somme situasjonar kunne trå feil, med føresetnad om at den same ville nytta seg av dei ressursane som låg i fellesskapet for å trå riktig att. Slik eg tolka det ut ifrå det eg har observert, var dette truleg den viktigaste motivasjonsfaktoren hos den enkelte for å halda det gåande.

Det vart også jamleg lagt fram kritiske og reflekterte spørsmål frå trenarar og ansvarleg for samfunnsavdelinga, kva spelarane ynskte sjølv og kva mål dei hadde som lag. Dette la premissar for korleis det nemnde apparatet jobba med spelargruppa. Både kva gjaldt fotballferdigheiter og lagkultur. Denne kommunikasjonen mellom trenarar, apparat og deltakarar var også med på å leggja dei reglar og rammer som deltakarane vart pålagd å følgja. Når desse vart brote, skjedde det noko i dette fellesskapet. Som til dømes episoden då ein spelar vart konfrontert av medspelarar om ein situasjon frå vedkomandes personlege liv, vart det også eit stopp i gatelaget si framdrift. Trenarane måtte blåsa i fløyta, ta ein «timeout», og fortelja kor «skåpet skulle stå». Berre slik kunne dei oppretta sikkerheita, tryggleiken og den konstruktive samhandlinga her.

Dei strukturelle og materielle rammene rundt deltaking vil vera av sentral betydning for korleis menneska skapar eit engasjement og tru kring deltakinga. Ved å kunna nytta seg av ressursane som ligg i desse rammene og i fellesskapet vil deltakarane lettare utnytta, samt å utvikla ressursar dei sjølv sit på. Det tek meg attende til Giddens (1993:133) teori om strukturens dualitet. Handling og struktur må forståast som to gjensidige føresetnadar. Giddens ser

strukturen som eit sett av reglar og ressursar. Desse reglane og ressursane vil vera rammer og moglegheiter for korleis den sosiale aktøren vil utvikla eller endra sosiale system. Eit sosialt system kan i denne samanheng sjåast som ein sosial institusjon. Samstundes legg dei eksisterande rammene føresetnadar for korleis dei sosiale aktørane utviklar og reproduserer det sosiale systemet. Systemets utgangspunkt, og aktørane handling ut ifrå utgangspunktet, formar altså premissane for den sosiale utviklinga (ibid).

Med andre ord vil ikkje samhandling, deltaking og sosial praksis vera noko statisk. Det er noko som lever, forandrar seg, altså er ein dynamisk prosess. Under tida mi på gatelaget lærte eg at dei deltakande sjølv måtte skapa det som gjorde at dei valde å forsetja. Det vil seia, fotballklubben la opp til dette lågterskeltiltaket som det jo er, med materielle ressursar og kyndig vegleiing. Ut ifrå desse føresetnadane, rammene og ressursane som dei vart tilbode, utvikla spelarane eit sosialt fellesskap som dei fleste ynskte å vera ein del av. Difor møtte denne kjerna på ti-tolv mann jamt og trutt på gatelaget sine aktivitetar. Det sosiale aspektet, kameratskapet og humoren som gjorde seg synleg, var det spelarane som stod for. Dei snakka også i ulike settingar om familie, tryggleik og openheit i forbindelse med sjølve spelargruppa. Spelarane delte erfaringar og hausta anerkjennelse og støtte frå kvarandre. Det er dette eg har kalla det «vesle fellesskapet», og det er det eg meiner vov tyngst for at folk deltok her.

Eg tolka det også slik at det å vera del av ein stor anerkjend fotballklubb, med alt det medfører av lokal historikk, kjærleik og symbolikk, stod sterkt i spelargruppa. Identifiseringa med noko stort og anerkjent genererte for fleire ein stoltheit i det å delta her. Samstundes ligg det nokre utfordringar og disiplinering i det å verta invitert til sosial deltaking under bestemte vilkår. Deltakinga er friviljug og mogleg så lenge ein handlar etter gitte føresetnadar. I den forstand kan ein forstå deltakinga her i nokon grad som ei form for det Arnstein (1969:216-217) kallar «tokenism», vidare her kalla tokenisme. Dette omgrepet kan tolkast som ei symbolsk eller tilsynelatande deltaking. Tokenismen omfattar dei midtre trinna på Arnsteins deltakingsstige (1969). Denne grad av deltaking strekk seg frå at ein deltek på såpass sterke premiss at ein kan verta høyrte og ha ei stemme, til at ein sikrar seg nok innflyting til at ein som deltakar kan rådgje og ytra synspunkt for endringar. Likevel vil det ligga avgrensingar i denne grad av deltaking då makta for avgjersler og direkte påverknad framleis ligg i øvre del av deltakingsstigen, der ein snakkar om moglegheiter til forhandlingar, delegert makt og borgarkontroll (Arnstein, 1969:217).

Deltaking i eit fellesskap som sluttar seg om klubben og alt det inneberer av symbolikk, tradisjonar, historie og reglar, kan altså leggja visse avgrensingar for ei reell deltaking, dersom

ein tek utgangspunkt i Arnsteins deltakingsstige. Deltakinga på gatelaget var levande og dynamisk. Den kvardagslege samhandlinga gjekk som vanleg fram til det vart utfordringar som måtte løysast, eller at noko ekstraordinært ga laget ekstra vind i segla. Då noko slikt skjedde, var det interessant å sjå korleis laget agerte som eit kollektiv.

Noko av det som var «lett» å leggja seg merke til, var sterke reaksjonar etter episodar som truga desse verdiane det vesle fellesskapet stod for. Opptaksepisoden, der Eirik hadde på skjult opptak på mobiltelefonen, er kanskje det mest klare eksempelet. Den episoden var også eit resultat av ei handling som kom frå ein av deltakarane, inne frå sjølve kjernen av spelargruppa. Det er noko som rører ekstra ved oss, når ein av «våre eigne» handlar på ein måte me finn utfordrande eller trugande. Det kan verka som det går djupare inn på oss enn når ytre makter gjer det. Under episodar som opptaksepisoden, og til dømes då Jim hadde spøka om Kjell sitt fråvær, vart folk meir rysta enn når det var utanforståande faktorar som skapte misnøye. Det var eit angrep på ytringsfridom og kameratskap innanfor det vesle fellesskapet, og folk verka å ta det personleg. Som Fred presiserte etter opptaksepisoden, om noko slikt skjedde att, ville det vera uaktuelt for han å stilla her framover. Slike hendingar var ikkje med på å spela kvarandre gode, slik det ofte vart presisert at ein skulle. Det var resultat av individuelle handlingar som truga laget. Det utfordra lagmoralen, og støtta dei elles verka å vera for kvarandre. På ei anna side; episodar som dette genererte ein kollektiv diskusjon som igjen kunne leia til kritisk refleksjon rundt laget sitt fellesskap, samarbeid og handlemåtar overfor kvarandre.

Eit eksempel der laget kjende seg truga av ytre krefter, var oppslaget der spelarane vart kalla «Slitne rusavhengige» i regionsavisa. Folk vart sinte og skuffa her også, spesielt då dei trudde dette var eit resultat av at ein av dei sjølve hadde slengt med leppa. Då det vart forklart at det ikkje var tilfelle, og spelarane tolka det etter kvart som for å vera ei lita gjennomtenkt overskrift frå éin enkelt journalist, opplevde eg at det faktisk vart styrkande for gruppa. Spelarane som eit lag, ei eining og heilskap, virka å trekka seg tettare omkring gruppa, og det var ei felles einigheit om at denne skildringa ikkje var representativt for gruppa slik den ynskte å stå fram. Det vart diskutert konstruktivt kva dei kunne gjera for å unngå at dette vart ei skildring av gruppa i framtida, og det vart avgjort i fellesskap klart kven som skulle uttala seg, og kva vedkomande kunne seia. Handtering av media skulle gå via leiinga eller kaptein, om ikkje anna var bestemt.

Nokon utanfrå hadde skildra spelarane på ein måte dei fann fornedrande og snevert. Dermed hadde laget noko felles å jobba imot. Det vart oppfatta som krenkande, og var ikkje tolererbart. Under denne episoden såg eg ikkje noko til sjølvstigmatiseringa eg tidlegare hadde opplevd i gruppa, ei heller kritisk refleksjon om korleis dei vart oppfatta av andre. Det vart slått fast at det

var urettmessig og feil, og at det ikkje skulle skje att. Slik eg har forstått det i denne samanheng, ville situasjonar som på sett og vis kunna undertrykka laget som eit kollektiv generera ei motkraft. Nettopp dette vil eg hevda er ein sentral faktor for at gatelaget held fram. Det eg kallar truslar mot den sosiale samhandlinga på gatelaget, desse episodane eg har vist til, nettopp desse skapar også eit samhald og kritisk medvit i gruppa. Desse hendingane skapte noko som spelarane stod imot i fellesskap. Spelarar mobiliserte, brukte stemma si til å seia klårt ifrå om dei opplevde noko som urettmessig. Og slik fekk dei fram kva dei ynskte av endringar. Dette kan eg sjå i tråd med det Freire (1999:30-31) legg i ei frigjering, ei attvinning av menneskeverda si. Berre gjennom å ha kjent på undertrykkinga, vil ein kunna mobilisera styrke nok til å skapa ei frigjerande handling. Denne mobiliseringa vil ikkje berre frigjera den eller dei undertrykte, men også den eller dei som undertrykkjer. Ei frigjerande handling ville her vera å ta avstand frå det som hadde vorte gjort eller sagt, med den hensikt at alle partar skulle tena godt på det. Det kunne også verka som ein enklare «frigjorde» seg i fellesskap med andre i same situasjon.

Vidare kan ein også sjå dette opp mot det Freire (1999:71-73) kallar den sanne dialogen. Det han ser som ein sann dialog består nemleg av refleksjon og handling, to dimensjonar som avheng av kvarandre. Dialog er ikkje rein verbalisme, men eit praktisk arbeid eller handling mennesket har eller gjer for å oppnå endring. Dersom den eine dimensjonen ofrast, vil også den andre lida. Dialog handlar om kjærleik, audmjukskap, tru og sanning, noko som vil leia til at ein handlar for å bevare desse verdiane. På gatelaget verna ein om verdiar som stod sentralt for samhandlinga, noko eg ser som eit vilkår for sosial deltaking.

Deltaking handlar også om å verta kritisk reflekterande menneske. Askeland (2006:123-125) presiserer at dette handlar om meir enn å kritisera og reflektera. Det å reflektera handlar om å endra eller skapa mening av noko som skjer, og som me finn problematisk eller utfordrande. Ledwith & Springett (2010:153) forklarar at eit kritisk medvit handlar om å endra perspektiv i måten me oppfattar og forstår verda på. Ved å formulera om på desse perspektiva, vil me opna opp for ei meir inkluderande og breiare forståing av verda rundt oss. Refleksjon er sentralt for læring og utvikling i endringsprosessar. Det kritiske medvitet kunne tenkast å verta styrka av desse hendingane som førte til at gruppa stod opp mot noko ilag. Ein opplevde noko som urettmessig, og måtte i fellesskap med andre finna ut korleis ein kunne endra det.

Dette seier meg noko allment om deltaking. Det å reflektera over korleis me har det, korleis me ynskjer å ha det, og korleis me kan skapa dette, er eit godt utgangspunkt for ei varig og konstruktiv deltaking. Slik eg har vist til gjennom nokre sitat og episodar, hadde deltakinga på gatelaget vorte ein arena for andre og betre moglegheiter for nokre av spelarane her. Nokre

hadde opplevd ein situasjon rundt eige liv som håplaus og lite konstruktiv, men som hadde vorte endra då dei hadde opplevd godane av eit slikt fellesskap dei sjølve var med og representerte. Dette var dei opne for å reflektera over, og i det låg det visdom og læring.

Det kritiske aspektet i kritisk refleksjon handlar blant anna om å utfordra og avsløra motsetningar i samfunnet sine rasjonelle grunnar for sosiale handlingar som kan verka urettmessig for grupper i befolkninga. I dette ligg det at kunnskapar om sosiale fenomen vil vera konstruert ut ifrå verdiar som grunna i historiske, filosofiske, og politiske samanhengar (Askeland, 2006:126). Ved å utfordra og stilla spørsmål til forhold som makt, forskjellar, motsetningar, kan ein få fram at sosiale endringar startar i menneskes kvardagsliv. Dette trass i at strukturelle forhold vil vera avgjerande for korleis me lever kvardagsliva våre (Askeland, 2006:127).

Ved å kombinera det reflekterande og kritiske aspektet, er me på veg til å verta kritisk reflekterande. Då kan me byrja å stilla spørsmål om realitetar og objektive sanningar. Me utviklar tankar og meiningar om korleis ting bør vera i spesielle situasjonar, som til dømes i politiske retningsliner. Dette vil også gjera oss meir medvitne på korleis ting fungerer og heng i hop. Alt dette vil også kunna gjera oss skikka til å tileigna oss kunnskap og evner til frigjerande praksis, og til å endra haldningar (Askeland, 2006:129). I denne konteksten kan det bety at spelarane etter kvart kunne utvikla ei stemme utanfor gatelaget sin arena. Ved å stilla seg undrande til kvifor ting er som dei er der, vil ein også kunna stilla spørsmålet til kvifor det er som det er i samfunnet elles. Ved å utfordra handlingar og episodar eg har beskrive, med ein kritisk peikefinger, vil ein truleg også kunna omsetja dette til større samanhengar. Det handlar også om å stå opp for seg sjølv, og å stå opp for fellesskapet ein er del av.

Om ein ser på deltaking i Arnsteins deltakingsstige (1969), vil ein på dei øvste trinna kunne sjå deltakingaspektet som ein frigjerande og inkluderande praksis der ein opplev sjølvråderett. Kritisk refleksjon hjå menneska som deltek vil kunna generera autonomi og sjølvstende, og slik kan ein også sjå kritisk refleksjon og medvit som eit steg på vegen til å verta reelle deltakarar.

Kva veit eg om gatelaget no?

Kaasa (1989:61) påpeikar følgande: det finst ei ganske brei semje om at alle typar menneske har grunnleggande behov for tillit, støtte og sympati frå andre menneske. Og så har me alle eit grunnleggande behov for å kunna gi dette attende. Me vil alle vera inkludert i ein større samanheng, kva gjeld sosiale, familiære og kulturelle godar. Fellesskapet og den sosiale

kontakten har altså ein eigenverdi. Det er via dette fellesskapet og samhandlinga ein tileignar seg kunnskapar om omgivingane, og vegleining til å forstå korleis verda og samfunnet fungerer. Samstundes gir ein noko attende, og er sjølv med og utvidar denne forståinga for andre.

Dette ser eg i tråd med det at me i deltakande prosessar står i eit forhold til kvarandre og til dei rundt oss. Sosial samhandling handlar i grunn om å tilby noko og å få noko att. Berre slik vil ulike interessefellesskap, sosiale rørsler og enkeltmenneske utvikla seg. Berre slik vil gatelaget fortsetta å utvikla seg, utvikla fellesskapet, både det vesle og det store, samt å vinna fotballkampar. Sosial samhandling kan ein også sjå i forbindelse med *sosial handel* eller det ein i sosiologien kallar byteteori. Bauman & May (2004:101) forklarar han som underlagt to ulike prinsipp, derunder likeverdig byte og gåvegiving. I eit byte vil eigeninteresse koma først. Trass i at ein vil anerkjenne mot- eller medparten som ein autonom person med eigne rettigheter, vil dette koma bak glede av eins eigen potensielle interesse eller gevinst. Gåvegiving vil derimot vera motivert av mot- eller medparten sine behov og rettigheter. Det handlar om å tilføra interessefellesskapet ein verdi som gagnar flest mogleg. Ei gåve i denne forstand vil vera handlingar som anerkjenner deltakarar i handelen som likeverdige. Trass i at det kan resultera i gjengjeld, vil ikkje detta spela inn på handlingar. I samfunnsvitskapeleg teori snakkar ein om sosial kapital, og eg tykkjer sosial handel eller byteteori kan vera skildrande for korleis den sosiale kapitalen blant anna tek form. Ein vil ut ifrå desse byta og gåvegivinga tileigna seg sosiale band, ressursar, tillit og anna som inngår i den sosiale kapitalen (Burnett, 2007:283)

Under tida på gatelaget såg eg at kyndig vegleining og materielle ressursar var naudsynt for å leggja til rette for deltaking under desse omstende. Ved å kunna tilby treningsfasilitetar, utstyr og dyktige trenarar, la ein til rette for at deltakarane kunne utvikla seg fagleg og sosialt under lystbetont fotballaktivitet. Det gjorde også at folk kunne delta, uavhengig av økonomi og tilgang på utstyr. Dette i direkte kombinasjon med påverknadskraft frå dei deltakande, gjorde at gatelaget bevega seg framover i eit tempo dei fleste hang med på. Eg må skriva dei fleste, for ikkje alle har vore med heile den vegen så lenge eg har hatt kontakt med laget og apparatet rundt.

I løpet av den avsluttande fasen, fekk eg invitasjon frå leiar ved samfunnsavdelinga i klubben til å koma og sjå gatelaget sin treningskamp mot politikarar frå kommunestyret. Eg takka naturlegvis ja, og stilte opp på sidelina. Dei fleste av spelarane eg hadde trena jamt og trutt med i over to månadar på seinvinteren, var å sjå i klubbdrakta. Det hadde då gått om lag to månadar frå sist eg trena med dei, til eg var for å sjå dei spela kamp. Nokre få var derimot ikkje til stades. Leiaren kunne fortelja meg at dei som hadde slutta, hadde gjort det no på vårparten. Slike fråfall

på våren hadde ho også opplevd tidlegare, utan at ho kunne gi klare svar på kvifor det var slik. Det hadde vorte henne fortalt av spelarar at våren gjerne kunne vera veldig tøff for fleire, og at dette kunne gå ut over aktivitetar og tilbod som gatelaget. Ho presiserte at dørene på gatelaget alltid ville stå opne for desse som fall utanfor, og håpa sjølvstundt dei ville returnera når dei eventuelt måtte kjenna seg klare for det. Slik eg forstod det på leiaren, var det altså ikkje konkrete hendingar i samanheng med gatelaget som hadde gjort at nokre hadde slutta å møta opp, men dette kan ein ikkje slå fast. I eit større perspektiv tolka eg dette til å seia noko om fridom til å delta og fridom til å late vera.

Som det jo er, vil nokon koma og nokon gå. Nokre få av spelarane i kampen var nye for meg. Eg vart ståande å preika litt med kapteinen på laget under kampen, då han måtte ha seg eit «pust i bakken» på sidelina. Han fortalde at dei hadde fått på plass nokre nye spelarar og at dette var første kamp for minst to av dei. Med stor iver konstaterte kapteinen at dei nye spelarane hadde gode kvalitetar å tilføra laget, men at laget totalt enno hadde mykje å gå på, kva gjaldt både teknisk og taktisk samspel. Han antok at med nok trening ville dette naturlegvis verta betre utover våren og sesongen. Kampen enda uansett med at gatelaget regelrett knuste politkarane. Det var full innsats og god stemning mellom laga, men ikkje uventa også dryge taklingar, slik det kan vera i fotball.

Oppsummering

Innleiingsvis viste eg til følgjande problemstilling:

Korleis tek deltaking og samhandling på eit gatelag form og held fram?

Frå arbeidet mitt med og om gatelaget, lærde eg at det somme gonger var naudsynt med konstruktive korrigeringar til enkeltspelarar både frå apparatet rundt og frå spelarane sjølve. Dette gjaldt episodar eg har beskrive der spelarar følte eit overtramp. I dette låg det også klare forventningar om at ein som deltakar nytta seg av ressursane gjennom fellesskapet for å ta til seg konstruktiv kritikk. Ein skulle spela kvarandre gode, og følgja reglar som var fastsett. Samstundes som trenarar eller apparatet no og då måtte «skjæra gjennom», låg den tyngste evalueringskrafta hos spelarane. Hovudansvaret for at samhaldet og fotballaget skulle lukkast, låg i gruppa. Likevel utgjorde trenar- og leiarteamet ei svært viktig rolle i aktivitetanes konstruktive omfang, samstundes som det også var naudsynt med konstruktive korrigeringar kva gjaldt reglar, undervegs. Dette ser eg som essensielt i sosialt arbeid generelt, og me snakkar i samfunnsarbeid om å jobba *med* og ikkje *over* deltakarar.

Tillit, samhald, tryggleik og kameratskap er nokre av verdiane eg har opplevd som sterke på gatelaget, samstundes som eg opplevde at det somme gonger var situasjonar der desse verdiane vart truga og sette på prøve. Bruk av symbol og identitet har eit stort potensiale i sosialt arbeid og i samfunnsarbeid. Det å bygga på lokal forankring, tilhøyrslø, stoltheit, tradisjonar og kommersielle interesser, har slik eg har sett det, vore viktig for den varige deltakinga og innsatsen frå deltakarane her. På ei anna side låg det eit visst press og disiplinering hjå spelarane i det å vera ein del av dette fotballaget og det store fellesskapet klubben representerte.

Ein sentral faktor for deltakinga på gatelaget er korleis aktivitetar har vorte eit konstruktivt samspel mellom lystbetont moro og blodig alvor. Ein vil ikkje gjera skam på drakta, men samstundes vart det presisert av trenarane at den viktigaste regelen var at ein skulle ha det moro saman, noko eg også høyrde enkelte spelarar hevda. Samspelet mellom aktivitetar, derunder fotball, og fellesskap, kameratskap og kyndig vegleiing, utgjorde noko konstruktivt og lærerikt, som eg openbart kjem til å ta med meg som samfunnsarbeidar.

Vegen vidare

Eg har tidlegare vist til observasjonar av fenomen som eg har greia ut om i eigne kapittel. Mykje av det eg har lært og observert, har kunna gått inn i ulike kategoriar, alt etter kva perspektiv eg har teke utgangspunkt i. Difor vil ein kunna kjenna igjen nokre døme som er gitt, i fleire kapittel, men sett med andre briller. Det er fleire moglegheiter kva gjeld vidare forskning innanfor dette feltet.

Undersøkinga mi fortel noko om den mellommenneskelege samhandlinga som går føre seg på eit gatelag. Eg har også forsøkt å gi eit bilete på korleis rammene og ressursane rundt spelar inn på denne samhandlinga. Ut ifrå det tenker eg oppgåva kan bidra også til kunnskapar om korleis materielle rammer og vilkår kan vera utslagsgivande også for menneske som deltek ved andre tiltak eller deltakingspraksisar. Det kan også vera nyttig å sjå på korleis idrett og kommersielle idrettsinteresser kan vera inkluderande i eit samfunnsarbeidsperspektiv. Eg ser heilt klart eit potensiale til å bruka idrett som eit verktøy i samfunnsarbeid, og korleis deltakarane sjølve kan vera med å påverka rammer ut ifrå dei ressursar som føreligg i idretten. Gatelag skal vera tilbod for begge kjønn. På laget der eg var, møtte berre éi kvinne jamleg. Eg fekk aldri noko svar på kvifor det var slik.

Det skulle også vore interessant om undersøkingar hadde teke føre seg potensielle endringar i folks liv under/etter deltaking på eit gatelag. Det kunne ha vore subjektive, kvalitative

undersøkingar, eller det kunne ha vore objektivt retta som til dømes kor mange som hadde slutta å rusa seg, eller starta i jobb/studie/anna arbeids- eller studierelatert praksis. Ein kunne gjort slike undersøkingar på alle gatelaga, og kartlagd eit totalt bilete av gatelag som samfunnsinstitusjon. Slik kunne ein slått fast om deltaking på gatelag hadde noko meir å seia for deltakarar, utover at dei danna relasjonar, deltaking i sosialt fellesskap, og var noko konstruktivt å gå til.

Referanseliste

- Andresen, E. (2008) *Fri fra avhengighet*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Arnstein, S.R. (1969) A Ladder of Citizen Participation. I *Journal of the American Planning Association*. Vol. 35, no. 4: 216-224.
- Askeland, G.A. (2006) Kritisk reflekterende – mer enn å reflektere og kritisere. I *Nordisk sosialt arbeid*. 2006; 2; s.123-135
- Askheim, O.P. & Starrin, B. (2007) *Empowerment: I teori og praksis*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Aubert, A-M. & Bakke, I.M. (2008) *Utvikling av relasjonskompetanse. Nøkler til forståelse. og rom for læring* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Bauman, Z. & May, T. (2004) *Å tenke sosiologisk*. Omsett av Holm Hansen, L. Oslo: Abstrakt Forlag AS.
- Bourdieu, P. (1991) *Language and Symbolic Power*. Cambridge: Policy Press.
- Bracht, N. F., Kingsbury, L., & Rissel, C. (1999) A five-stage community organization model for health promotion. Empowerment and partnership strategies. I N. F. Bracht (red.) (1999) *Health promotion at the community level: new advances*. 83-117. Thousand Oaks, Calif: Sage Publications
- Breivik, J-K. & Sudmann, T.T. (2015) Samfunnsarbeid som svar på velferdspolitiske utfordringer? I *Tidsskrift for velferdsforskning: Samfunnsarbeid*. Vol. 18; 1; 2015: 2-6. Bergen: Fagbokforlaget.
- Browne, B. & Adelman, C.A. (2014) How do we make room for all? The power of context in shaping action. I Larsen, A.K, Sewpaul, V., & Hole, G.O. (red.) (2014) *Participation in community work, International perspectives*. London & New York: Routledge.
- Bugge, M. (2016, 21.desember). For fem år siden sluttet Magne med heroin. Det skal en av Norges rikeste menn ha en del av æren for. *Aftenposten*. Henta frå <<http://www.aftenposten.no/100Sport/fotball/For-fem-ar-siden-sluttet-Magne-medheroin-Det-skal-en-av-Norges-rikeste-menn-ha-en-del-av-aren-for-227735b.html>>
- Burnett, C. (2006) Building Social Capital Through an ‘Active Community Club’. I *International Review for the Sociology of Sport*. 2006; 41/3-4: 283-294
- Cornwall, A. (2008) Unpacking ‘Participation’: models, meanings and practices. I *Community Development Journal*. Vol 43, no 3, July 2008: 269–283

- Cresswell, T. (2004) *Place: a short introduction*. Blackwell Publishing Ltd.
- Dahl, Ø. (2001) *Møter mellom mennesker: Interkulturell kommunikasjon*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- De nasjonale forskningsetiske komiteene (2016) *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, jus og teologi*. Henta frå <https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-oghumaniora/>
- Dominelli, L. (2002) *Anti-Oppressive Social Work Theory and Practice*. Basingstoke, Hampshire England: Palgrave Macmillan.
- Fangen, K. (2010) *Deltagende observasjon*. (2.utgåve). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Farner, A. (2008) *Verkstad som verktøy: å planlegge og lede workshops*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Fekjær, H.O. (2009) *Rus: Bruk, Motiver, Skader, Behandling, Forebygging, Historikk*. (3.utgåve). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Folkestad, H. & Sudmann, T.T. (2015) Deltakelse som engasjement og utfordring – samfunnsarbeid med utviklingshemmede. I *Tidsskrift for velferdsforskning: Samfunnsarbeid*. Vol. 18; 1; 2015: 7-17. Bergen: Fagbokforlaget.
- Freire, P. (1999) *De undertrykte pedagogikk*. (2.utgåve), omsett av Myra Bergmann Ramos. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Fotballstiftelsen (2016) Om fotballstiftelsen. Henta frå: <http://www.fotballstiftelsen.no/omoss/>
- Garland-Thomson, R. (2009) *Starring: How we look*. New York: Oxford University Press, Inc.
- Giddens, A. (1993) *New rules of sociological method: A positive critique of interpretative sociologies*. (2.utgåve). California: Standford University Press.
- Gilje, N. & Grimen, H. (1993) *Samfunnsvitenskapens forutsetninger: innføring I samfunnsvitenskapens vitenskapsfilosofi*. Oslo: Universitetsforlaget AS.

- Gjelstad, L. (2015) Skoleverkstedet som frigjørende handlingsrom - yrkesfagelevers vilkår for faglig og sosial deltakelse i det post-industrielle Norge. I *Tidsskrift for velferdsforskning*. Vol.18, nr.1, 2015:18-33. Bergen: Fagbokforlaget
- Goffman, E. (1963) *Behavior in Public Places: Notes on the Social Organization of Gatherings*. New York: Free Press.
- Goffman, E. (1992) *Vårt rollespill til daglig*. (Ny utgåve). Omsett av Kari & Kjell Risvik. Oslo: Pax Forlag 2014.
- Goffman, E. (2004) *Social samhandling og mikrosociologi*. Omsett av Jacobsen, M.H. & Kristiansen, S. København: Hans Reitzels Forlag.
- Goffman, E. (2005) *Interaction ritual: Essays in face-to-face behavior*. New Jersey: Transaction Publishers.
- Goffman, E. (2014) *Stigma: Om afvigerens sociale identitet*. (2.utgåve) Omsett av Brian Gooseman. Gylling: Narayana Press.
- Grenness, T. (2001) *Innføring i vitenskapsteori og metode*. (2.utgåve). Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Grønmo, S. (2016) *Samfunnsvitenskapelige metoder*. (2.utgåve). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Gullestad, M. (1984) *Kitchen-table Society: a case study of the family life and friendship of young working-class mothers in urban Norway*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Gullestad, M. (1989) *Kultur og hverdagsliv*. Oslo: Universitetsforlaget
- Helsedirektoratet. (2008) *Psykologer i kommunene – barrierer og tiltak for økt rekruttering*. (Publikasjonsnummer IS-1565). Oslo: Helsedirektoratet.
- Henriksbø, K. & Sudmann, T.T. (2011) *Kollektiv handling skaper endring*. Fontene: 2011; 12: 50-56.
- Hjelseth, A. (2005) De som streber nedover – om klasse og identitet blant fotballsupportere. I *Sosiologi i dag*, 35 (nr.4), 69-87.
- Holm, E. D. (2004) *Fra Gud til Gucci*. Gjøvik: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Hornby, N. (1998) *Tribunefeber*. Omsett av Isak & Ulf Rogde. Oslo: Aschehoug.

- Høgskolen i Østfold. (2012) *En for alle – alle for en! Et tiltak for å redusere sosial ulikhet i helse for rusavhengige i Fredrikstad*. (Oppdragsrapport 2012:3) Halden. Ilstad, S. (2004) *Sosialpsykologi*. (5.utgåve). Trondheim: Tapir Akademisk Forlag
- Kaasa, A. (1989) *Samfunnsarbeid: om lokal oppgaveløsning*. Otta: TANO A.S.
- Kjøde, A. (1999) *Teambygging og teamarbeid*. Fagbulletin. Vol. 1., nr.2. Bergen: AFF
- Klemsdal, L. (2009) *Arbeidsfelleskap*. I Blakar, R.M & Nafstad, H.E. (red.) (2009) *Felleskap og individualisme*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Lakoff, G. & Johnson, M. (2003) *Hverdagslivets metaforer – fornuft, følelser og menneskehjernen*. Oslo: Pax Forlag
- Ledwith, M. & Springett, J. (2010) *Participatory practice. Community-based action for transformative change*. Bristol: The Policy Press.
- Lockyer, S. & Pickering, M. (2005) *Beyond a Joke: The Limits of Humour*. Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- Luoma, J.B., Kohlenberg, B.S., Hayes, S.C., Bunting, K. & Rye, A.K (2008) Reducing selfstigma in substance abuse through acceptance and commitment therapy: Model, manual development, and pilot outcomes. I *Addiction Research and Theory*, 16:2, 149-165, DOI: 10.1080/16066350701850295
- Magnussen, A-M. & Nilssen, E. (2015) Sosial medborgerskap, autonomi og deltagelse. I *Tidsskrift for velferdsforskning: Samfunnsarbeid*. Vol. 18; 1; 2015: 61-75. Bergen: Fagbokforlaget.
- Norsk Form (2010) *Barnetråkk: veileder 2010: registrering av barn og unges arealforbruk*. Oslo: Norsk form.
- Pedersen, W. (2015) *Bittersøtt: Nye perspektiv på rus og rusmidler*. (3.utgåve). Oslo: Universitetsforlaget
- Rolijordet, A.H. (red.) (2006) *Kollektiv og individ – en debattbok om mangfold og fellesskap i individenes tidsalder*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Schatzman, L. & Strauss, A. (1973) *Field research – Strategies for a Natural Sociology*. New Jersey: Prentice-Hall.
- Skog, O-J. (2006) *Skam og skade*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

- Solvang, P. (2000) *The emergence of an us and them discourse in disability theory*. *Scandinavian Journal of Disability Research*, 2 (1) 3-20.
- Starrin, B. (2007) *Empowerment som livsinnstilling – kan vi lære noe av Pippi Langstrømpe?*
I Askheim, O-P. & Starrin, B. (red.) (2007) *Empowerment: i teori og praksis*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Sudmann, T.T. (2008) *(En)gendering body politics. Physiotherapy as a window on health and illness*. (Doktoravhandling). Universitetet i Bergen.
- Svartdal, F. (1998) *Psykologiens forskningsmetoder – en introduksjon*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Sveum, B. (1991) *Kommunikasjon*. Gjøvik: Sosialpedagogisk Utvikling.
- Vetlesen, A.J. (2009) *Fellesskap i individualismens tidsalder*. I Blakar, R.M & Nafstad, H.E. (red.) (2009) *Fellesskap og individualisme*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Westerlund, H. (2007) *Det er bruk for alle – empowerment utenfor arbeidsmarkedet?* I Askheim, O-P. & Starrin, B. (red.) (2007) *Empowerment: i teori og praksis*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Whyte, W.F. (1993) *Street Corner Society* (4.utgåve). USA: The University of Chicago Press.
- Willis, K. (2005) *Merry Hell: Humour Competence and Social Incompetence*. I Lockyer, S. & Pickering, M. (red.) (2005) *Beyond a Joke: The Limits Of Humour*. Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- Ådnanes, M., Kaspersen, S.L. & Ose, S.O. (2008). *Lavterskel helsetiltak for rusmiddelavhengige – Skadereuserende bindeledd mellom bruker og øvrig hjelpeapparat* (Rapport nr. A4638). Trondheim: Sintef Helse.

Vedlegg 1: Informasjonsskriv

Informasjonsskriv

Eg vil med dette informasjonsskrivet informera om masterprosjektet. Eg er veldig interessert i gatelaget som eit lavterskeltilbod, og eg vil undersøka korleis deltakinga på gatelaget tek form og held fram. For å innhenta slik kunnskap, ynskjer eg å vera med på aktivitetane til gatelaget. Slik forskning kallast feltarbeid og ein lærer ved å vera til stades å delta på aktivitetane.

Dette inneberer at eg frå midten av november og ut januar deltek på treningar og eventuelt andre aktivitetar. Deltakinga mi vil gjelda aktivitetar som skjer i gatelagssamanheng. For spelargruppa betyr det at det i praksis at de har ein ekstra lagspelar, og for trenarteamet betyr det ein ekstra mann i gruppa.

Eg presiserer at det er sjølve aktiviteten og deltakinga eg vil undersøka til masteroppgåva mi, og ikkje enkeltpersonar. Det vert ikkje samla inn personopplysningar eller brukt faktiske namn på laget eller personar i det eg vil skriva i oppgåva mi. Då eg ikkje kjem til å innhenta personopplysningar, krev det ikkje melding til Personvernombudet for forskning/NSD.

Eg vil be om at dette informasjonsskrivet vert delt ut til spelarane.

Deltaking er frivillig, og ein kan trekkje seg undervegs i prosjektet utan å måtta grunngje kvifor. Då vert informasjon som personen eventuelt har gjeve, ikkje verta brukt i forskinga.

Eg treng eit samtykke frå klubben og spelarane. Ein e-post om at eg får koma er tilstrekkeleg. Dukkar det opp andre deltakarar undervegs, vil eg informera om mi rolle og formålet eg har, og har kopi av dette skrevet.

19.10.16

Bergen,

Underskrift:



Informasjon om meg og min veileiar i masteroppgåveskrivinga, står under:

Namn: Jacob Hystad

Tittel: Student ved masterstudiet i samfunnsarbeid, ved Høgskolen i Bergen.

Mailadresse: Jacobhystad@gmail.com

Telefon: 48025610

Namn på veileiar: Helge Folkestad

Tittel: Førsteamanuensis, dr.polit. ved Institutt for sosialfag og vernepleie, ved Høgskolen i Bergen.

Mailadresse: hfo@hib.no Telefon: 55587852

Vedlegg 2: Svar frå samfunnsansvaravdelinga i klubben



Jacob Hystad <jacobhystad@gmail.com>

Informasjonsskriv

Til: Jacob Hystad <jacobhystad@gmail.com>

Hei Jacob,

Beklager sent svar, men du er hjertelig velkommen til å følge Gatelaget i forbindelse med masteroppgåva di.

Om det er i orden for deg, og personvernet tillater det, ønsker me i samsamsvar gjerne å få tilgang til oppgåva når den er ferdig.

Vn

[Slett tekst skjult]
[Slett tekst skjult]
<Informasjonsskriv.pdf>

Vedlegg 3: NSD-skjema

Resultat av meldeplikttest: Ikke meldepliktig

Du har oppgitt at hverken direkte eller indirekte identifiserende personopplysninger skal registreres i forbindelse med prosjektet.

Når det ikke registreres personopplysninger, omfattes ikke prosjektet av meldeplikt, og du trenger ikke sende inn meldeskjema til oss.

Vi gjør oppmerksom på at dette er en veiledning basert på hvilke svar du selv har gitt i meldeplikttesten og ikke en formell vurdering.

Til info: For at prosjektet ikke skal være meldepliktig, forutsetter vi at alle opplysninger som registreres elektronisk i forbindelse med prosjektet er anonyme.

Med anonyme opplysninger forstås opplysninger som ikke på noe vis kan identifisere enkeltpersoner i et datamateriale, hverken:

- direkte via personentydige kjennetegn (som navn, personnummer, epostadresse el.)*
- indirekte via kombinasjon av bakgrunnsvariabler (som bosted/institusjon, kjønn, alder osv.)*
- via kode og koblingsnøkkel som viser til personopplysninger (f.eks. en navneliste)*
- eller via gjenkjennelige ansikter e.l. på bilde eller videoopptak.*

Vi forutsetter videre at navn/samtykkeerklæringer ikke knyttes til sensitive opplysninger.

Med vennlig hilsen,

NSD Personvern

NSD – Norsk senter for forskningsdata AS Harald Hårfagres gate 29 Tel: +47-55 58 21 17 nsd@nsd.no Org.nr. 985 321 884

NSD – Norwegian Centre for Research Data NO-5007 Bergen, NORWAY Faks: +47-55 58 96 50 www.nsd.no